



# Statsforvalteren i Møre og Romsdal



## Årsrapport 2023

# Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	8
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	8
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	8
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	8
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	9
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	9
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	9
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene	14
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	16
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	17
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	18
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	20
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	21
3.1.1.8 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	23
3.1.1.9 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	23
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	24
3.1.1.11 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	26
3.1.1.12 Bærekraftig landbruk	29
3.1.1.13 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	31
3.1.1.14 Andre oppdrag	33
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	33
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	33
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	35
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	36
3.1.2.4 Beredskap i en endret sikkerhetspolitisk situasjon	37
3.1.2.5 Andre oppdrag	38
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	38
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	38
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	40
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	44
3.1.3.4 Andre oppdrag	47
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	47
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	48
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	49
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	57

---

3.1.4 Gjennomførte evalueringer	57
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	57
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	57
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	58
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	58
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	58
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	58
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	58
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	58
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	58
3.2.9 Landbruksdepartementet	58
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	58
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	87
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	88
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	89
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	89
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	89
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	89
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	90
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	90
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	90
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	90
4.3 Andre forhold	91
5 Vurdering av framtidsutsikter	92
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	92
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	92
6 Årsregnskap	93
7 Vedlegg	94

## 1 Statsforvalterens beretning

I 2023 har også samfunnstryggleik og beredskap måtte vore høgt på agendaen. Russland sin invasjon av Ukraina i 2022, og Israels sin invasjon av Gaza i 2023, gir store ringverknadar i verdssamfunnet.

Kommunane i Møre og Romsdal har teke i mot i 2.731 flyktningar, kor av 892 born. For 2024 har IMDI anmoda våre kommunar om å busette 2800 flyktningar.

### Regionalt totalforsvarsmøte

Saman med SFTR har vi gjennom mange år arrangert regionale totalforsvarsmøter. Annakvart år i Trøndelag og i Møre og Romsdal.

Med krig i Ukraina, store flyktingestrømningar, og dei utfordringane som kommunane står i som følge av dette, så var det mykje å diskutere. Også erfaringane med uværet HANS og bruk av nødvarsel til innbyggjarane var viktige læringspunkt.

### Forsvarets sjefskurs og ringverknadar

Hausten 2023 fekk eg delta på Forsvarets sjefskurs. Det var særns nyttig og relevant. Vi må forstå vår tid, og meir enn nokon gong treng vi å vere budd på å handtere uønska hendingar. Statsforvalteren i Møre og Romsdal vil derfor arrangere eit lokalt totalberedskapskurs i tett samarbeid med Politiet og Forsvaret. Målgruppa er toppleiarar i offentleg og privat sektor, og kurset går over ei veke i mai. Meir om opplegget og effekten av kurset kjem vi tilbake til i neste årsrapport.

### Kommunebilde og kommunebesøk

Det er bestemt at kommunebilde skal brukast som verkty i kommunedialogen. Etter ein litt treg internt start i 2022, fekk vi opp farten og den systematiske jobbinga med kommunebilda i 2023.

Vi besøkte 6 kommunar i fjor etter dette opplegget, der vi møtte både formannskap og administrativ leiding. Tilbakemeldingane er gode frå deltakarane.

### Kommuneøkonomi

Økonomien i kommunane i Møre og Romsdal er fortsatt prega av at mange har høg gjeld og har lite reservar på disposisjonsfond. Renteauka dei det siste året har gitt ekstra store utfordringar for dei som hadde lån med flytande rente i marknaden.

Pr. 31.12.2023 hadde vi to ROBEK-kommunar. I skrivande stund er ein av dei allereie meldt ut. Det er mogleg at den siste kommunene på ROBEK også kan bli meldt ut, når rekneskapan for 2023 er godkjent i kommunestyret til våren. Det blir i så fall ein milepæl i Møre og Romsdal. Sidan ROBEK registrert vart oppretta i 2001, har vi alltid hatt kommunar på ROBEK. Men vi må ile til å skrive at dette nok er kortvarig. Om ikkje kommunane greier å gjere store omstillingar, så havnar nok fleire igjen på ROBEK.

### Kommunedeling - grensejustering

Som einaste kommune i landet, måtte storkommunen Ålesund gå i gang med ei kommunedeling på bakgrunn av Stortingsvedtaket frå 14. juni 2022.

Statsforvalteren har hatt jevn og tett dialog med kommunen undervegs i arbeidet, og var også tett på opp mot regjeringa når det gjaldt å få dekt ekstrautgifter knytt til alt arbeid med deling.

I tillegg kom det eit initiativ til grensejustering frå innbyggjarane på øya Ona i Ålesund. Dei meiner dei er romsdalingar, og vil høyre til Aukra kommune. Saka er oversendt til KDD for avgjer om ei utgreiing skal starte.

### Nyttårskonferanse og KlimaSNU pris

I Møre og Romsdal er Statsforvalteren medarrangør av nyttårskonferansen kvart år. Saman med Fylkeskommune, KS og NAV. Ein viktig møteplass for toppleiarar i offentleg sektor. Ordførarar, kommunedirektørar og toppleiarar frå statlege verksamheiter i Møre og Romsdal. Her blir også statsforvalteren sin KLIMASNU pris delt ut, for å vise fram dei som gjer tiltak som verkeleg monnar for å redusere klimautslepp og auke samfunnet si berekraft. Bedrifta Norinsect i Stordal vann Klimasnuiprisen for 2023. Norinsect brukar avfall frå matproduksjon på Stranda til å produsere mjølbillelarver som går til før til laks og kylling.

### Kulturlandskapsprisen

Eit av Statsforvalteren sine oppdrag er årlig å fremme kandidatar til nasjonal kulturlandskapspris. Sidan 2001 har vi delt ut ein kulturlandskapspris i fylket, som vert nominert til den nasjonale prisen. Vinnaren får eit kunstverk og gåvesum på kr 10 000. Prisen vert delt ut heime hos prisvinnaren, for god synleggjering av arbeidet som er gjort for kulturlandskapet. Årets vinnar var Egil Kvalsund i Herøy. Han er ei drivande kraft for villsau- og beitenæringa på øyane på Ytre Sunnmøre, og er også ein viktig bidragsytar innan skjøtsel og forskning på kystlynghei.

### Spesielt krevjande saker:

#### Miljøservice Eide AS

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har sett i gang tiltak for å hindre spreining av forureining frå anlegget til Miljøservice Eide AS som gjekk konkurs i 2020. Etter det vi kjenner til er det ingen konkursar i norske avfallsmottak som har medført at så store mengder avfall blir etterlatt utan ein eigar som kan rydde opp. På området til bedrifta låg det 20 000 tonn avfall. Tilhøva var uoversiktlige, og med stor fare for uakseptabel forureining frå området.

Opprydningen på tomta begynte i 2022, med midlar frå Miljødirektoratet. I 2023 er det fjerna rundt tusen tonn plast ved hjelp av 3,6 millionar kroner frå plastposefondet. Samarbeidet med Handelens Miljøfond har gjort det mogleg å komme raskare i gang med oppryddingsarbeidet. Arbeidet vil halde

fram og vi vil også i 2024 søke Handelens Miljøfond om midlar. Frostating lagmannsrett har godkjent at Staten tek hefte i formue som tilhørde Miljøservice Eide AS og den tidlegare daglege leiaren for over 11 millionar kroner.

Saka vart meldt til politiet i 2020. I 2021 blei bedrifta og dagleg leiar sikta for forureiningslovbrot, både etter straffelova og forureiningslova. Dei er skulda for ulovleg å ha lagra avfall i strid med løyve frå Statsforvaltaren. Etterforskinga er i utgangspunktet ferdig, og politiet bekreftar at saka no er sendt vidare til statsadvokaten.

### Raudbergvika

Fjord kommune ønsker å legge til rette for landbasert oppdretts-anlegg i fjellhallar og tilhøyrande bygningar og støttefunksjonar i dei nedlagde olivingruvene i Raudbergvika innerst i Storfjorden. Planområdet ligg delvis innafør Geiranger-Herdalen landskaps-vernområde og verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap. Tiltaket omfattar utsprenging av fjellhallar innafør verdsarv og landskapsvernområde, der det skal etablerast produksjon av matfisk. Det er planlagt produksjon av om lag 100.000 tonn laks årleg, og etter det Statsforvaltaren kjenner til er dette verdas nest største planlagde landbaserte akvakulturanlegg.

Fjord kommune er opptatt av å skape arbeidsplassar og nærings-utvikling slik som alle andre kommunar. Kommunen meiner dei negative sidene ved prosjektet er overvurderte, og at dei samfunnmessige vurderingane ikkje er nok vektlagt. Statsforvaltaren vurderer at revidert reguleringsplan for Raudbergvika ikkje løyser opp i problem rundt plassering, verdsarv, forureining og økosystemet i Storfjorden. Antakeleg vil denne saka, etter meking, bli sendt over til KDD for endeleg avgjer.

### Leiarutviklingsprogrammet VIDSYN

Våren 2023 vart tredje og siste bolk i VIDSYN programmet gjennomført. Med temaet FRAMSYN var det framtidsscenarioer vi fekk jobba mykje med. Hos SFMR var det ein viktig årsak til at vi sette i gong ein større omstillingsprosess. Vi såg at vi, som eit av dei minste embeta, måtte gjere endringar for å vere meir budd på utfordringane vi kjem til å møte framover.

### OU2023

Etter ei brei evaluering av dagens organisasjonsstruktur, kor alle medarbeidarane vart invitert med inn i prosessen, fekk vi ein rapport frå AFF om status og nokre anbefalingar for vegen vidare.

Vi satte formelt i gong ein OU-prosess 26.april, med stor involvering av tillitsvalde og øvrige medarbeidarar. Målet med prosessen var å kome fram til ei organisering som skulle gjere oss meir robust, fleksibel og betre på samordning og tverrfagleg samarbeid.

Ass. statsforvaltar har leia OU-prosessen, og frå 01.01.2024 har vi ny struktur på plass. Vår visjon "Trygg framtid for folk og natur" var med å legge grunnlaget for den nye strukturen. No har vi eit verksemds-område for folk (sosial berekraft) og eit verksemds-område for natur (Berekraftig naturbruk). Kwart område har 5 seksjonar. Leia av ein underdirektør. Sjå nytt organisasjonskart under kap. 2.2

Det vil ta noko tid å kome heilt på plass i ny struktur, men allereie no gir fleire leiarar og tillitsvalde gode tilbakemeldingar på tettare oppfølging frå leiar, meir heilskap og bredde i avgjerer, og ikkje minst meir samhandling på tvers av fagområda.

### Interne forhold

Saman med Statsforvaltarane i Vestfold-Telemark og Agder vart det etter initiativ frå tillitsvalte søkt om støtte frå dei tariffavsatte kompetansemidlana for å bidra til lokale miljøretta tiltak som vil kunne auke berekrafta for statlege verksemdar. Heilt konkret gjekk dette på at vi gjennomførte intern opplæring av alle tilsette for å auke kunnskapen om berekraft hos våre medarbeidarar. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå dei tilsette på kompetansehevinga.

På same måte som fleire andre embeter, vart vi overraska med ei stor rekning frå Statens pensjonskasse på slutten av året. Dermed gjekk vi for første gong på mange år i minus ved årsslutt. Resultatet er eit meirforbruk på kr 1.678.000 tilsvarande 1,6%.

Sjukefråveret vart i 2023 redusert til 4,9 % frå 5,4% i 2022. Det er ei utvikling vi er godt nøgd med.

Når vi ser på reiseaktiviteten er det ei auke i ordinære driftsutgifter frå kr 1.978.165 i 2022 til kr 2.049.987 i 2023. Talet på reisedøgn har auka frå 1521 i 2022 til 1744 i 2023. Tilsvarande har utgiftane til reisetid auka. Våre oppdrag krev reiseverksemd, sjølv om mange møter skjer digitalt.

## 2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

### 2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er Kongen og Regjeringa sin representant i fylket, og vi er tillagt ei rekkje oppgåver frå departement, direktorat og tilsyn.

"Trygg framtid for folk og natur" er visjonen for Statsforvalteren i Møre og Romsdal, og vi synes denne gir ei god oppsummering av samfunnsoppdraget i stort. Den har også vore til inspirasjon når vi har bygd ny organisasjonsstruktur. No har vi kun to verksemdsområder; eit område for folk og eit område for natur.

For å lykkest med det aller største samfunnsoppdraget, FNs berekraftsmål innan 2030, så må vi som statsforvaltar nytte handlingsrommet i alle våre roller. Det gjeld

- Iverksetting av nasjonal politikk,
- Samordningsrolla vår og den mynde vi har i den
- Rettstryggleik- og sist, men ikkje minst,
- Informasjon, kunnskapsinhenting, initiativ og forslag.


Statsforvalteren i Møre og Romsdal har sidan 2019 hatt tett samarbeid om fylkeskommunen om utvikling av berekraftsfylket Møre og Romsdal. Vi har nytta prosjektskjønnsmidlar for å få med alle kommunane inn i kartlegging av berekraftsmåla, og vi har teke initiativ til å utvikle vidare berekraftsprosjekt i lag med kommunane. Fylkesløft, kor alle kommunane er med, er viktig for utviklinga av Møre og Romsdal. Og vi erfarer at effekten av prosjektskjønnsmidlane er større.

Vi har mange møteplassar gjennom året med regional stat, kommunar og våre oppdragsgivarar. Vi samarbeid med andre statsforvaltarar innan dei ulike sektorområda, både på direktørnivå og på sakshandsamarnivå.

Leiarutviklingsprogrammet gjennom VIDSYN har i så måte vore positivt, men fortsatt trur vi det er eit potensiale i å samarbeide meir for å finne " beste praksis"

### 2.2 Organisasjon og ledelse

 Statsforvalteren  
i Møre og Romsdal  
Nytt organisasjonskart frå 01.01.2024



Statsforvalteren i Møre og Romsdal er lokalisert i Molde. I 2023 hadde vi 146 tilsette. I 2022 var det rapport om 138 tilsette, med kommentar om at fleire stillingar var i prosess for tilsetting. Talet på årsverk i same periode har auka frå 126 til 127,5. Dette heng saman med tidspunkt på året når medarbeidarane begynte i stillingane.

I 2023 kørte vi gjennom ein omfattande OU-prosess, godt inspirert av VIDSYN programmet. Målet med prosessen var å kome fram til ein ny organisasjonsstruktur som kunne gjere oss meir robust og fleksibel for å møte framtida.

Proessen har hatt brei medverknad, og forhandlingar med tillitsvalde har vore gjennomført i 2 trinn. Først ei forhandling for å få på plass hovudstruktur. Deretter organisering på nivå 2.

Vår nye organisasjonsmodell har to verksemdsområder. Eit for sosial berekraft og eit for berekraftig naturbruk. Desse blir leia av kvar sin områdedirektør. I kvart verksemdsområde er det 5 seksjonar. Leia av kvar sin underdirektør.

Statsforvalteren si strategiske leiargruppe har møte kvar måndag og består av 4 personar fast: Statsforvaltar, ass. statforvaltar og to områdedirektørar. Utvida leiargruppe består av strategisk leiargruppe, adm.sjef og underdirektørane. og har møte annakvar månad.

### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Nøkkeltala viser ei auke i talet på tilsette i forhold til 2022. Det stemmer ikkje med dei faktiske forhold. Årsaka ligg i at vi hadde vakansar i fleire ledige stillingar ved årsskiftet 2022/2023.

Sjkefráveret er redusert frå 5,4 % til 4,9%. Det er vi fornøgd med !

Turnoveren er på 5,5 %. Såpass må det vere!

Eit meirforbruk på vel 1,6 mill kroner skyldast ei noko høgare rekning frå SPK enn det vi hadde budsjettert.

#### Nøkkeltall

Nøkkeltall	2023	2022
Antall ansatte	146.0	138.0
Utførte årsverk	127.5	126.0
Turnover (%)	5.5	6.2
Sykefravær (%)	4.9	5.4
Samlet tildeling alle poster	286 546.0	261 128.0
Driftsutgifter	105 099.0	99 906.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	-1.6	1.0
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	83.2	83.3
Lønnsutgifter per årsverk	1 010.6	909.0
Husleie	8 739.0	9 186.0
Journalposter (totalt)	74 643.0	0.0

## 3 Årets aktiviteter og resultater

### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

#### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

Statsforvalteren i Møre og Romsdal jobber på ulike måter for å formidle og iverksette nasjonal politikk.

Kvart år utarbeider vi eit "Forventningsbrev" til kommunane, som skal gi både politikarar og leiarar ei oversikt over nasjonale prioriteringar. Dette får vi gode tilbakemeldingar på.

Gjennom året utarbeider vi kommunebileter og dra på kommunebesøk til 6-7 kommunar. Her er det leiinga hos statsforvaltaren som møter formannskap og leiinga i kommunane.

I 2020/2021 fekk vi gjort ei kartlegging av korleis den einskilde kommune i Møre og Romsdal låg an for å nå FNs berekraftsmål. Denne kartlegging og oppfølgingspunkta er alltid tema som vi etterspør når vi drar på kommunebesøk.

I tillegg skjer dialogmøter innan det einskilde fagområde. Det kan vere jordvern som eige tema i politiske utval. Eller det kan vere dialogmøte med politisk og administrativ leiing om barnevernet.

Vi har fleire etablerte nettverk for fagpersonar som vi følgjer opp. Til dømes nettverk for kommunalsjefar innan helse- og omsorg og i helsefelleskapet på fleire nivå. Klimanettverk er eit anna døme.

Når det gjeld barn og unge har vi eit viktig samarbeid med helseføretaket si satsing for barn og unges helsetenester og BT1

Vi samarbeidar og godt med fylkeskommunen om Folkehelse-programmet, om Landbruksområdet, og ikkje minst satsinga innan berekraftsarbeidet i heile fylket.

Hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vi dei siste 10 åra hatt tradisjon for å invitere nye kommunedirektørar til ein eige fagdag hos Statsforvaltaren. Da blir det ei kort innføring i statsforvaltarrollen, våre oppdrag og kommunedialogen. Vi bruker døme frå deira kommunar for å vise fram status, skilnadar og statsforvaltaren sine forventningar, ref. nasjonal politikk.

Etter kommuneval har Statsforvaltaren alltid hatt ei rolle med opplæring av nye politikarar knytt til våre fagområder. For perioden 2023-2027 har vi valt å gjere dette på ei ny måte. I samarbeid med Fylkeskommunen og Distriktsenteret har vi spilt inn 30 videoar til opplæring i plan, sosial og miljømessig berekraft.

Desse kan nyttast i plenum, inn i saksframlegg og i andre samahengar. I tillegg har vi plukka ut 5 kommunar i sentraliserings-klasse 5-6 som vi vil gje ekstra oppfølging gjennom heile val-perioden.

Kurs, konferansar og webinar er og viktige arenaer for å formidle og gjere kjent nasjonal politikk. I 2023 hadde vi tilsaman 81 slike arrangement, med ca 4000 deltakarar. Dei digitale kursa utgjer ein stadig større del av kursportefølgjen. I 2023 utgjorde dei 12 %.

#### Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

Samarbeid og samordning med statlege verksemder på regionalt nivå skjer på dei fleste fagområdene som Statsforvalteren jobber med. Det er faste møter med til dømes Mattilsynet, BUFetat, Husbanken, NAV, Fylkeskommunen, NVE, Politi og HV.

Vi samordning statlege motsegner, noko som er ei bra ordning for både kommunane og staten.

Med ny digital tilsynskalender, som kom på plass for nokre år sidan, er det enklare å samordne tilsyna for kommunane.

I samarbeidsprogrammet **Møre og Romsdal R2025**, som vi har i lag med Fylkeskommunen, er det oppretta fleire samordningsnettverk og møteplassar. Målet med programmet, som vart starta i 2018, var å få til ein offentleg sektor som er meir samordna og styrka i utøving av samfunnsutviklarrolla i Møre og Romsdal.

Kvart år arrangerer vi **Nyttårskonferansen** for toppleiarar i offentleg sektor i Møre og Romsdal. I 2023 deltok alle kommunane, samt 26 ulike statlege etatar. Det er ein særns nyttig møteplass for å samordne innsats og fokus i kommunane framover.

**Fylkesberedskapsrådet** har hatt 4 møter i 2023. I tillegg til fleire møter knytt til uværet HANS, kor også alle kommunane var invitert til å delta.

**Levekårsnettverket** er sett saman av leiinga i NAV, Husbanken, Statped., kommunane, Fylkeskommunen og Statsforvaltaren.

Formålet er å kjenne betre til kvarandre sine oppdrag og samordne der vi kan for å sikre betre måloppnåing. Med spesiell fokus på barn og unge. Her er fortsatt mykje jobb som gjenstår før ein kan seie at vi er godt samordna i tilbod og oppfølging av barn og unge.

**Statsetatsmøte** skulle vere møteplass for regional stat i Møre og Romsdal. Sidan staten i stor grad har gått over til divisjonalisering, har det vore



vanskeleg å finne dei rette personane til å delta. Vi sendte ut ein epost for å sjekke interessen med dei mest aktuelle statlege etatane, men reponsen var laber. Det er årsaka til at det ikkje vart arrangert noko statsetatsmøte i 2023. Vi tenkjer at Nyttårskonferansen dekkjer ein del av dette samordningsbehovet for statlege aktørar i regionen.

### Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

På plan- og bygningsrettens område har vi ikkje nådd målet om saksbehandlingstid for klagesakene. Dette skuldast i hovudsak låg bemanning som følgje av rekrutteringsutfordringar og permisjonar.

Situasjonen vil halde fram i 2024, men etter dialog med KDD så har vi fått fritak for settestatforvaltersaker i 2024. Det vil hjelpe på for å ivareta saksbehandlingstida i dei restansane vi har.

På området verjemål har det vore respekten for person med verje si vilje som har stått sentralt i vårt arbeid. Endringane i verjemålsloven har fått særleg merksemd både i internundervisning og ved opplæring av våre faste verjjer.

Vi er framleis av den oppfatning at verjemålsområdet er under-finansiert og at ein ikkje tek omsyn til alle dei ulike oppgåvene som ligg til området ved budsjettildelinga. Dette utgjer ein stor risiko for at rettstryggleiken ikkje vert godt nok ivareteken.

Vi har låg måloppnåing på saker om opprett verjemål i 2023. Dei svake resultatane skuldast låg bemanning som følgje av eit høgt sjukefråvær og eit etterslep av saker etter Fufinn-prosjektet. Det er iverksatt tiltak som har hatt god effekt og det er venta eit betre resultat i 2024

På helse- og sosialområdet nedprioriterte vi tilsyn i 2022 for å få ned sakshandsamingstida på klage- og tilsynssaker. Det lukkast vi i stor grad med. I 2023 har vi gjennomført tilsyn men har berre gjort den delen av dei landsomfattande tilsyna som var for 2023. Vi har med det eit avvik totalt sett på landsomfattande tilsyn då dei var to-årige.

Vi har og i 2023 hatt eit stort fokus på å nå målkrava for saks-handsamingstida på rettsklagar. Dette for å vareta rettstryggleiken på ein god måte. Vi har grunna god innsats og strategiske valg av tilsynsmetodar, greidd det.

Psykososialt barnehage- og skolemiljø er eit prioritert område. Når det gjeld handhevsingsordninga har vi arbeid for å vidareutvikle kvaliteten på arbeidet vårt. Vi har redusert saksbehandlingstida og vi har prioritert å tidleg høyre eleven. Dette vurderer vi har bidratt til å styrke rettstryggleiken til dei elevane som opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø.

På eksamensfeltet var det nødvendig å følge opp kommunar og skoleeigarar i arbeidet med å sikre eksamen. Gjennom kartlegging og spørjingar fekk vi oversikt over utfordringane, og kunne slik bidra til at elevane sine rettar vart betre ivaretatt.

Gjennom året har vi hatt eit særleg fokus på Bufetat si bistandsplikt. Vi har hatt tett oppfølging med Bufetat sitt regionkontor og aktuelle kommunar for å bidra til å sikre rettane til dei barn og unge som har behov for tiltak frå det statlege barnevernet.

#### 3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

##### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Strategisk planlegging i kommunane er avgjerande for å oppnå dette delmålet. Vi har som embete i lengre tid prioritert tett oppfølging av kommunane sitt strategiske kommuneplanarbeid. Dette har gitt utslag i at kommunane i Møre og Romsdal i større grad enn tidlegare har oppdaterte samfunns- og arealplanar.

22 av 26 kommunar har revidert samfunnsdelen i kommunestyre-perioden 2019-2023. 9 av 26 kommunar har revidert arealdelen i kommunestyreperioden 2019-2023.

7 av 26 kommunar har sendt planstrategi for kommunestyreperioden 2023-2027 på høyring og varsla oppstart/sendt planprogram til kommuneplanens samfunnsdel på høyring.

Mange av våre kommunar har knappe ressursar til strategisk samfunns- og arealplanlegging. Det er viktig at Statsforvaltaren i samarbeid med andre statlege og regionale aktørar støttar kommunane i planarbeidet.

Vi har i 2023 forsterka vår innsats for å vere ein pådrivar inn mot kommunane sitt strategiske planarbeid. Vi har særleg eit fokus på småkommunane i sentralitetsklasse 5 og 6. I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og Distriktssenteret skal vi vere tett på det strategiske planarbeidet i fem utvalde kommunar over heile neste kommunestyreperiode. Opplegget inneber også at vi tilbyr kompetansebygging innanfor planlegging, der målgruppa er kommuneleiinga og kommunestyret.

Vi har i 2023 prioritert å lage til ei politikaropplæring som er retta inn mot plan og berekraftig strategisk samfunns- og arealplanlegging. Vi har i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og Distriktssenteret laga ei digital opplæringspakke med om lag 30 korte filmsnuttar. Opplæringsmateriellet er lett tilgjengeleg og kan nyttast av kommunane slik dei ønskjer. Føremålet med opplæringspakka er å auke politikarane si forståing og kompetanse rundt strategisk planlegging.

#### Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Kommunene har god kunnskap om nye Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023 og nye statlige planretningslinjer for samordnet bolig, areal- og transportplanlegging.

Vi rettleiar og driv med aktiv formidling av dei nasjonale forventningane til regional- og kommunal planlegging. Til dømes arrangerte vi nasjonal plankonferanse med tittelen «Kampen om sjøareala» i oktober 2023. Hovudtemaet for konferansen var dei spesielle utfordringane det er med planlegging i sjø samstundes som regjeringa si målsetting om auka næringsverksemd på kysten.

Om lag fire gonger per år sender vi ut eit nyheitsbrev der målgruppa er kommunale planleggjarar. Vi har og formidla nasjonale og regionale forventningar i vårt årlege forventingsbrev som blei sendt ut til kommunane tidleg i 2023.

Vi følgjer også opp dei nasjonale og regionale interessene gjennom vår rolle som høyringsinstans for plan- og dispensasjonssaker, og vi viser konkret til aktuelle føringar gitt i nasjonale forventningar, rundskriv T-2/16 med vidare.

Kompetanse og kapasitet på planområdet varierer frå kommune til kommune, og det er dei minste kommunane som er mest sårbare. Vi ser at interkommunalt plannettverk og samarbeid gir fordeler. Plansamarbeidet på Nordmøre er eit godt døme på dette.

Statsforvaltaren har i 2023 støtta nokre av dei mindre kommunane som ønskjer bistand med å bygge opp plankompetanse. Denne oppfølginga vil gå over fleire år.

Det er potensiale for å få til meir interkommunalt plansamarbeid også andre stader i fylket. Rapporten om interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal, utarbeidd av NIVI analyse i 2023, har mellom anna regionale plankontor som eit av sine forslag til løysingar.

**Ivaretaking og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Det varierer mellom kommunane i kva grad kommunale planer sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. Når det kjem inn planer som i liten grad tek omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser, krev det mykje arbeid av Statsforvaltaren i form av innhenting av opplysingar, rettleiing, arbeid med høyringssvar, motsegn, nye høyringsrundar med vidare.

Tiltakshavarar i dei ulike prosjekta blir ofte førande i fleire planprosessar, utan at kommunen tek ei aktiv rolle som planmyndigheit.

Statsforvaltaren kan vere meir aktiv for å koble på kommunen som planmyndigheit i saker der tiltakshavar ikkje lukkast med det.

Statsforvaltar saman med Fylkeskommunen kan klargjere kva som er viktige premisser ved planlegging for tyngre og meir komplekse etableringar. Det gjeld til dømes batterifabrikkar, datalagringsentre, landbaserte fiskeoppdrettsanlegg og energiproduksjonsanlegg.

Fylkeskommunen arbeider godt med sine planer for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Statsforvaltaren er involvert i fylkeskommunen sine planprosessar. Vi har i 2023 gitt innspel til planprogram for fylkesstrategi og fylkesplan.

**Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Statlige innsigelser er blitt færre og er samordnet.

Det er Statsforvaltaren som sett fram dei fleste motsegna til plansaker i vårt fylke. Dei fleste motsegna blir løyst gjennom tidleg og tett dialog med kommunane. Dei fleste motsegna blir også løyst utan at vi kjem til eit formelt meklingsmøte. I 2023 gjennomførte vi meking i kun to av 40 saker. Resten av sakene vart løyst utan meking.

Når det kjem motsegn frå andre statlege etatar oppfordrar vi til tidleg dialog mellom partane. Vi kallar inn og deltek som møteleiar i dialogmøter mellom partane. Vi har eit mål om handsame motsegn på ein samordna måte slik at det blir enklast mogleg for kommunen å få framdrift i den aktuelle plansaka.

**Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsstaben får tilsendt alle planar og mange dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Vi følgjer opp at samfunnstryggleik er ivaretatt i desse. Det er utarbeidd ROS-analysar til alle plansaker, sjølv om desse har noko varierende kvalitet. Vi har i år spesielt

formidla "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027" til kommunane.

#### Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)

##### Rapportere på

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivarettatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Statsforvaltaren sikrar at storulykkeverksemdar vert vareteke med omsynssoner og tilhøyrande vilkår der dette er relevant når kommunale planar reviderast/rullerast.

#### Risiko ved etablering av anlegg (fra kapittel 3.1.1.1.3.3 i TB)

##### Rapportere på

Hensynet til samfunnssikkerhet fanger opp risiko ved etablering av anlegg for nye energibærere og endret håndtering av farlege stoffer, inkludert fortetting av industriområder og endring av transportmønstre.

Risiko ved etablering av anlegg for nye energibærere og endra handtering av farlege stoff vert mellom anna inkludert i ROS-analysar knytt til arealplanar. Der vi ser at dette er aktuelt, og temaet ikkje er inkludert/avklart, gjev vi tilbakemelding til kommunen om dette. Eventuelt vil vi òg nytte vår motsegnrett for å sikre tilfredsstillande avklaring.

#### Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med revidert T-2/16 er i større grad ivarettatt

Innafor dei tema der vi har tydelege definert kva som er nasjonale og viktige regionale føringar for klima- og miljøområdet og vi har motsegn som verktøy gjennom T-2/16 eller anna styringsdokument, planlegg kommunane i tråd med føringane når vi har tidleg og tydeleg dialog om føringane. Det inneber at vi må nytte motsegn som verktøy der det er rett nivå, sidan det er varierende i kva grad kommunene legg vekt på faglege råd frå Statsforvaltaren.

Vi gir uttale i alle plansaker og dispensasjonssaker, og vi har dialog med kommunane i ulike faser av planprosessane og i ulike former. I slike samanhengar refererer vi alltid til rundskriv T-2/16 som ein avgjerande basis for vårt samfunnsoppdrag på plan så samt tema i T-2/16 er relevant i den konkrete saka. Vi informerer og om innhaldet i rundskriv T-2/16 i ulike arrangement for kommunar og planleggarar.

Det mest opplagte forbetningspotensialet ligg i å gjere meir av det vi allereie gjer. I tillegg kan vi auke kontakten med kommunane og planleggarane slik at vi kjem inn i forkant av planprosessane.

Det mest opplagte forbetningspotensialet ligg i det å komplettere og tydeleggjere innhaldet i rundskriv T-2/16 slik at rundskrivet blir enda betre eigna som formidlingsplattform for nasjonal politikk.

#### Kommunene har god kunnskap om ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om sitt ansvar, blant annet gjennom ny lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

Kommunane er gjort kjent med sitt ansvar på det bustadsosiale feltet.

Før loven trådte i kraft vart det sendt ut informasjonsbrev til alle kommunar. I tillegg la vi ut informasjon på våre heimesider. Vi nytta lenke til Husbanken sitt nett seminar om ny lov, som var informativt og klargjerande. Vi har gitt rettleiing til kommunar som har bedt om svar på ulike problemstillingar, og nytta høve til å vise til og informere om nytt lovverk i samlingar vi har hatt med kommunane, mellom anna helseleiarnettverk og NAV leiar-møte. Saman med fleire embete arrangerte vi bustadsosialt webinar i desember. Informasjonsarbeidet vil bli vidareført i 2024.

Statsforvaltaren har og laga ein eigen kortfilm med info om ny boligsosial lov. [Bustadsosialt arbeid - opplæring i plan for politikarar \(youtube.com\)](https://www.youtube.com/watch?v=...)

#### Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.5.2 i TB)

##### Rapportere på

Boligsosiale hensyn er ivarettatt i kommunale planer.

Vi jobbar på fleire måtar for å sikre at kommunane tar bustadsosiale omsyn inn i planlegginga si. Bustadsosiale omsyn og planlegging av trygge og inkluderande lokalsamfunn er eit sentralt tema i vår politikaropplæring. I vår digitale opplæringspakke til politikaropplæringa har vi laga ein eigen film om kommunane sitt bustadsosiale arbeid for å bevisstgjere politikarane på dette temaet.

Vi tar opp bustadsosiale forhold i våre høyringsvar til kommunale planstrategiar og kommunale planer, og det er tema vi spelar inn under regionalt planforum med kommunane. I tillegg har vi og vist til NAV sitt ansvar for å skaffe midlertidig bustad, og som må takast med i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

I vår kommunedialog med politisk og administrativ leiing er dei bustadpolitiske måla eitt av fleire tema som blir drøfta knytt til sosial berekraft og planlegginga av trygge og inkluderande lokalsamfunn.

I samarbeid med Husbanken har vi invitert kommunane i fylket til eit utviklingsarbeid knytt til arbeid med kommunal bustader. Ålesund Molde, Kristiansund og Aukra kommune har tatt del i arbeidet med å etablere betre rutiner og tverrfagleg samarbeide for å skaffe og tildele bustader til barnefamiliar. Fleire kommunar meldte interesse for dette i haust. Fylkeskommunen og NAV har og tatt del i prosjektet kalla "Trygge hjem". Kommunane har gjennom satsinga fått drahjelp til å ta tak i utfordringsområde i eigen kommune samt fått tilbod om hjelp og støtte frå dei involverte instansane. Det tverrfagleg samarbeidet mellom statlege og regionale aktørar og også internt i kommunen vil både på kort og lang sikt bidra til varige resultat i form av strukturendring og kunnskap om kvarandre sitt ansvar.

#### **Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel sett søkelys på utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse innan helse- og sosialområdet.

Vi ser likevel at kommunane ofte ikkje har tilstrekkelege ressursar eller kompetanse til å ta fatt på strategisk rekrutterings- og kompetanseplanlegging i sitt samfunnsplanarbeid. Kommunane treng i stor grad rettleiing og støtte til slikt arbeid.

#### **Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Kommunane følgjer i middels grad planretningslinjene for samordna bolig- areal- og transportplanlegging ved utbygging i by- og tettstadsområde. Dette skuldast for ein del at mange planinitiativ kjem frå private interessentar. Dei har oftast målsettingar med sine prosjekt som i liten grad vektlegg bolig- areal- og transportplanlegging.

Vi gir uttale til alle plansaker som kjem frå kommunane, og nært opp til byar og tettstadar legg vi vekt på å informere om Statlege planretningslinjer for nettopp bolig-, areal- og transportplanlegging. Vi nyttar og motsegn når vi vurderar det som rett i forhold til formuleringane i rundskriv T-2/16. I nokre saker fører våre innspel og motsegn til at planane blir endra til det betre.

Andre instansar med motsegnrett på bakgrunn av rundskriv T-2/16 eller H-2/14 nyttar i liten grad motsegn som verktøy, og det svekkar vår handlekraft innfor dette temaet. Det hadde til dømes vore enklare å nå fram om Statens vegvesen hadde vore meir aktive på temaet.

Elles saknar vi betre avklaringar av korleis vi skal forstå Statlege planretningslinjer for ATP for planlegging i grisgrendte strom.

#### **Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

I vårt fylke har vi mange tunnelprosjekt som gir svært store overskot av sprengstein.

Vi har ikkje lukkast med å få fram gode prosjekt som sikrar at slike overskot av sprengstein har blitt nytta som ein reell ressurs.

Tema blir ofte dumping eller dumping kamouflert som massebehov til prosjekt som oppstår på grunn av tilgang på gratis sprengstein. I seinare tid har nokre av desse massekrevjande prosjekta blitt "legaliserte" gjennom ein reguleringsplan utan at det har auka samfunnsnyten av prosjekta.

Vi saknar regionale planar som gir høve til å gjenbruke nevneverdige delar av den sprengsteinen som oppstår i dei store prosjekta i fylket.

#### **Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**

**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringer.

Kommunane ivaretek nasjonale og regionale føringar i strand- og vassdragsforvaltninga i middels grad. Mange kommunar vektlegg grunneigars og tiltakshavars ønske om tiltak vesentleg sterkare enn dei vektlegg ålmenta sine interesser. Det skuldast for ein del at mykje av arealdisponeringa skjer gjennom dispensasjonar, og ikkje etter heilskapelege planprosessar.

Kommunane oppdaterar sjøområdeplanar i middels grad. Det er ikkje alle kommunane som fullt ut ser nytten av å planlegge sjø på same viset som dei gjer det på land. I tillegg er det vesentleg meir kompleks ved at det er andre sektorstyresmakter som har vesentleg myndigheit i dei areala som ikkje er eigd av ein grunneigar.

Saman med Fylkeskommunen har vi dei seinare åra arrangert nasjonal konferanse med tittelen "kampen om sjøareala" annakvart år. Sist blei denne arrangert i oktober 2023. Vi har og vore sentrale saman med fleira andre aktørar for å utvikle og få fart på marine grunnkart og naturtypekartlegging (NIN) i sjø. Vi ventar at begge desse satsingane har påverka kartlegging i sjø på ein positiv måte. I utgangspunktet er kunnskapsnivået i sjø så mykje lågare enn på landjorda at kunnskapsmangel nok har vore og framleis er ein hemsko for planlegging i sjøområda.

Vi kan bli betre i å rettleie kommunane og oppmode overordna styresmakter om å framskaffe eit betre kunnskapsgrunnlag for planlegging i sjø.

Vi oppmodar difor om at overordna styresmakter satsar på full dekning når det gjeld marine grunnkart og naturtypekart langs kysten. I tillegg er det trong til ei fagleg nøytral vurdering av potensielle konflikter mellom aktuelle tiltak og dei verdiane kommunane skal forvalte i sjøareala.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi held fram med rettleiinga om dette til kommunane og stiller strengare krav og vilkår i plansaker. Vi utøver også vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova § 11 i større grad enn før .

**Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)****Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl. res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader

Det har vore lite planleggingsaktivitet opp mot fjellområda våre i 2023. Det gjer det vanskeleg å svare ut dette punktet på ein god måte.

Vi har nokre eldre planar som ligg inn mot villreinområde, men som ikkje har ført til utbygging ennå. Dersom vi får tydelege verkemiddel knytt til planvask og arealnøytralitet, kan det hende at vi kan oppfylle intensjonane i dette resultatmålet i tida framover.

**Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)****Rapportere på**

God ivaretagelse av jordbrukets arealressurser, i tråd med nasjonalt jordvernmål og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Vi har inntrykk av at kommunane i middels grad ivaretar nasjonale føringar for jordvern. Vi ser at saker som gjeld nedbygging av dyrka jord er blitt færre. Dette gjeld både dispensasjonssaker og planar. Dette kan tyde på at kommunane i større grad enn før er bevisste på føringane om eit styrka jordvern.

Vi har hatt 3 motsegner grunngjeve med jordvernomsyn i 2023. Den eine er trekt og dei to andre er ikkje avgjort.

Vi har inntrykk av at auka fokus på jordvern som sektormynde i plansaker, både gjennom bruk av motsegn, klage og andre høyringsuttaler, gir positiv effekt for jordvernet. I tillegg meiner vi at politikaropplæring har hatt noko effekt.

Store tal for omdisponering av jordbruksareal til samferdselstiltak er kanskje den største utfordringa for måloppnåinga. I tillegg vil det kommunale sjølvstyret, som oftast legg vekt på andre ting enn jordvern, vere ei utfordring.

**Reduksjon i omdisponering av dyrka jord**

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
334	463	403	254	602	183	167	113	141	195

*Dette er det høgaste omdisponeringa av dyrka jord i Møre og Romsdal sidan 2017. Fylkestinget vedtok i 2022 eit nytt regionalt jordvernmål på 100 dekar, ei halvering av det førregående som var på 200 dekar. Mange eldre kommuneplanar med mykje matjord som ligg klar for omdisponering, kan gjere målsettinga utfordrande i åra som kjem. Det største enkelttiltaket for 2022 var omdisponering av ca. 33 daa dyrka jord og 33 dyrkbar jord i samband med detaljeregulering masseuttak Huna 2 (råstoffutvinning) i Sykkylven kommune. Elles var det 6 kommunar som omdisponerte meir enn 10 dekar dyrka jord. Her var årsaken fleire mindre tiltak totalt sett, men i all hovudsak bustadbygging vedteke i eldre kommuneplanar.*

**Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)****Rapportere på**

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R.

Vi har inntrykk av at kommunane i liten grad har tilbakeført areal til LNF-føremål i 2023. Det har vore få kommuneplanar på høyring. Vi har likevel eit døme på tilbakeføring av bustadområder til LNF. Dette gjeld Kristiansund kommune som tilbakeførte om lag 100 dekar frå bustadføremål til LNF.

**Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)****Rapportere på**

Kommunene setter av mindre naturareal til utbyggingsformål enn tidligere i sin overordnede planlegging.

I våre byområde blir dei nasjonale føringane fulgt opp i middels grad. Det vil seie at det er fleire prosjekt som går på fortetting i byområde, men det er samstundes vesentlege bustadbygging i randområda til tettstadane våre der både utmark landbruksareal blir tatt i bruk til bustadbygging. Dei fleste fortettingsprosjekta i tettstadane våre er initiert av private aktørar utan at kommunen har styrt det gjennom overordna plan.

Planinnspela våre verkar i liten til middels grad til med å redusere naturareal til utbyggingsareal. I fleire høve får vi gehør for å redusere tomtestørrelse og auke utnyttingsgrad.

Når det gjeld konkret reduksjon av areal som blir planlagt om-disponert, skjer det i hovudsak når areala er i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser lista opp i T-2/16 eller tilsvarande. Målsettinga om mindre omdisponering av naturareal i seg sjølve er ikkje eit sterkt nok verktøy.

**3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene**

Vi bruker alle våre verkemiddel i oppfølginga av heilskapleg og samordna samfunnstryggleik og beredskap i kommunane. Vi meiner at utviklinga overordna sett går i rett retning, og at vi har ein viktig rolle i dette arbeidet.

Dei siste åra har vi opplevd mange uønska og krevjande hendingar som har medført eit auka fokus på samfunnstryggleik og beredskap hos regionale og kommunale aktørar. Vi handterer i større grad meir "ukjende" typar hendingar, og meir komplekse og langvarige kriser. Dette krev mykje av kommunane. Mellom anna må dei involvere breitt i krisehandteringa og handtere kriser over lengre tid. Dette medfører òg at vår rolle som samordnar, rettleiar, og kontaktpunkt mellom nasjonal og lokalt nivå, vert stadig viktigare. Vi har god kontakt med regionale og lokale beredskapsaktørar før, under og etter uønskte hendingar.

I det siste, og i åra som kjem, vil totalberedskapen få auka merksemd. Vi har oppmoda alle kommunane til å inkludere krig/væpna konflikt i deira heilskaplege ROS-analyse. Vidare rettleiar vi kommunane om deira rolle i totalforsvaret, og oppdaterer dei på den tryggingsspolitiske situasjonen.

Vi fortset arbeidet med FylkesROS, der vi kvart år legg til nye scenario relevant for vårt fylket. I dette arbeidet involverer vi breidt, både i sjølve analysearbeidet og i oppfølgingsplanen. Scenariora vert presentert for kommunane, og dannar utgangspunkt for fleire av våre kommuneretta øvingar.

Gjennom våre tilsyn ser vi framleis at det er ei utfordring for kommunane å jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik i samsvar med forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Vi har derfor hatt ekstra fokus på dette i vår kontakt og tilsyn med kommunane dei siste åra. Samtidig ser vi at det er eit langsiktig arbeid å få dette på plass, og generelt ser vi ein positiv utvikling i kommunane.

Vi gjennomførte i 2023 ein ordførardag for nye og attvalde ordførarar og varaordførarar der samfunnstryggleik og beredskap var tema for dagen.

Vi følgjer opp tema samfunnstryggleik og beredskap i alle plan- og dispensasjonssakene som kommunane handsamar som planmynde. Dette fører til god dialog med kommunane som òg fører til læring.

Vi ser vi har ein viktig rolle i fylket som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Denne rolla vert stadig viktigare etter kvart som vi går inn i ei stadig meir uviss tid. Vi ser at kommunane set stor pris på arbeidet vi gjer innanfor samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Når vi kallar inn til samordningsmøte/informasjonsmøte mm. er det god deltaking, og møta vert prioritert av kommunane. Vi får òg gode tilbakemeldingar på nytten av desse møta.

**Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Orienterer kommunene om deres samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap, ref. veileder til forskrift om kommunal beredskapsplikt. Statsforvalteren skal veilede i bruk av samfunnssikkerhetsvirkemidlene slik at kommunene er forberedt på den endrede sikkerhetspolitiske situasjonen.

Vi har i 2023 nytta ulike arena til å rettleie kommunane om deira oppfølging av kommunal beredskapsplikt:

- Vi gjennomførte årleg fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar våren 2023 der dette var tema.
- Vi har og hatt ein ordførardag etter valet hausten 2024- der ordførar og varaordførar vart invitert til ein fagdag om samfunnstryggleik og beredskap.
- I tilsynsmøta, og dialogen vi har med å følge opp tilsyna, legg vi og vekt på å rettleie om korleis kommunen kan utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet.
- Vi har gjennom året hatt fleire samvirkemøte på Teams med kommunane og Fylkesberedskapsrådet, der vi har rettleia om oppgåver og ansvar, særleg knytt til konsekvensane av krigen i Ukraina og mottak av flyktinger. Her har ein oppdatering på trusselbiletet vert sentralt, og vi har hatt med lokalt PST, Politi og HV til å orientere i møta.
- For 2024 planlegg vi, saman med politi og HV, eit eige totalberedskapskurs for toppleiarar i offentlig og privat sektor.

**Forebyggende perspektiv i klimatilpassingsarbeidet (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Legge til rette for et forebyggende perspektiv i klimatilpassingsarbeidet.

Vi informerer om statlege forventingar til klimatilpassingsarbeidet i planar etter plan- og bygningslova. Frå planstrategiarbeidet til detaljreguleringar. Effekter av klimaendringar skal inkluderast i ROS-analysar etter pbl. ROS-analysen skal sikre kommunen eit godt kunnskapsgrunnlag for å gjere gode vurderingar knytt til arealbruken. Vi informerer aktivt i plansaker om Klimaprofil Møre og Romsdal som eit kunnskapsgrunnlag til arbeidet med ROS-analysar. Tilsvarande informerer vi om Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og rettleiareren Miljødirektoratet har laga for denne.

I dialog med kommunane har vi lagt vekt på at det å ta vare på natur også er eit forebyggande element i klimatilpassingsarbeidet.

**Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Statsforvaltaren har i 2023 ikkje gjennomført øving for kommunane sine kriseorganisasjonar. Vi gjennomførte øving for alle kommunane i fylket i 2022 og for alle kommunane i fylket i januar 2024.

**Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene**

Ar	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	36	19	
2020			
2021	26	23	
2022	26	25	
2023			

**Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.1.4 i TB)**

**Rapportere på**

Gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt i kommunene, med vekt på kriseledelse og overordnet beredskapsplan.

Det er gjennomført tre tilsyn i 2023. Heile forskrift om kommunal beredskapsplikt var tema. Det er avdekket avvik ved alle tilsyna. To avvik og ein merknad er knytt til mangelfull plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Eit avvik er knytt til manglande evaluering, og eit til mangel ved overordna beredskapsplan.

Vi gjennomfører intervju med ein planleggar i tillegg til ordførar, kommunedirektør og beredskapskontakt, og vurderer det som nyttig.

Vi har ikkje lukkast å gjennomføre felles tilsyn som inkluderer helseberedskap.

**Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Følgje opp kommunenes oppgaver i beredskapsarbeid hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Det har ikkje vore store skogskadehendingar i 2023. Berre mindre vindfellingar i kanten til eldre hogstflater.

Det er løpande kontakt med Skogbrand forsikring og meteorologisk institutt når den generelle skogbrann-indeksen kjem opp på "stor skogbrannfare". Då oppdaterast indeksen i dialog med Statsforvaltaren ut frå eksisterande situasjon og meldt ver, veke for veke.

Vi har såvidt starta arbeidet med ny vernskogforskrift, med fokus på skog som vern mot fjell og kyst. Naturfare-areala skal vi ikkje byrje på då dei krev meir forarbeid frå sentralt hald.

I samarbeid med NIBIO blei bestanden av granbarkbille i fylket overvaka for første gong i 2023. Det viste at billa er til stades i Møre og Romsdal, men har enno ikkje gjort skade. Vi har mål om at overvåkinga held fram, og i ein større del av fylket.

NIBIO informerte om skogskadeportalen under vår forvaltningssamling for kommunane. Det er få registreringar frå vårt fylke.

**3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene**

Vi brukar mykje ressursar for å følgje opp kommunane og i vår pådrivarrolle for eit velfungerande plansystem. Rettleiing, oppfølging og dialog på dette temaet krev tett oppfølging over lengre tid.

Det gir ein effekt at kommunane har relativt nye kommuneplaner. Det er mindre ressurskrevjande å sette i gong revisjon av ein samfunnsdel av nyare dato i kommunane, og det gjer det lettare å følgje fireårshjulet.

Vi ser at det plan og økonomi ikkje er tilstrekkeleg kopla saman i mange kommunar. Vi har i 2023 jobba med å gjere kommunane meir bevisste på koplinga mellom plan og økonomi, og viktigheita av at tiltaka i samfunnsdelen blir fulgt opp innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Vi ser også at kommunane bør jobbe med å få til ei tettare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, til dømes gjennom arbeidet med arealstrategiar.

For å gjere informasjon og opplæring om plan meir tilgjengeleg har SFMR i samarbeid med Fylkeskommunen og Distriktssenteret laga opplæringsvideoar for politikarane. Dette er meir omtala under punkt 3.1.1.1 og 3.1.1.3

**Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer

22 av våre 26 kommunar har revidert sin samfunnsdel i løpet av kommunestyreperioden 2019-2023, og 9 av 26 kommunar har revidert arealdelen i same periode.

Det er større bevisstheit og merksemd rundt at revidering av samfunnsdelen skal skje knytt til kommunestyreperiodane. Dei kommunane som har ein relativt ny samfunnsdel opplever gjerne ikkje eit behov for full revisjon. Vi oppmodar likevel om at nye kommunestyre sett seg inn i gjeldande samfunnsdel og evt. gjer mindre justeringar og oppdateringar.

Mindre justeringar og oppdateringar i samfunnsdelen er mindre ressurskrevjande for kommunane og det gjer det lettare å følgje plantakta.

Statsforvaltaren og fylkeskommunen samarbeider godt om å vere ein pådrivar for at kommunane har tilstrekkeleg oppdaterte planar. Vår rettleiing, oppfølging og dialog med kommunane om dette har pågått over lengre tid, og det har gitt resultat. Dette gjeld særleg samfunns-delen.

Kommunane sine arealdeler er meir krevjande å revidere og krev meir ressursar, både frå kommunen sjølv og for oss i vår pådrivarrolle.

I tilknytning til ny kommunestyreperioden 2023-2026, så har statsforvaltaren i Møre og Romsdal gått saman med Fylkes-kommunen, Distriktssenteret og KDD om å lage fleire korte videosnutter med opplæring i plan for politikere. I tillegg har vi valgt ut 5 kommuner som vi skal følge opp ekstra gjennom heile kommune-styreperioden. Alle desse 5 kommunane er i sentralitetsklasse 5 og 6 kommunar.

Tilsaman er 30 videoar med opplæring for politikarar lagt ut på våre heimesider, og formidla ut til kommunane. Nokon har allereie tatt i bruk videoane som link i aktuelle saksframlegg i politiske saker.

Statsforvaltaren si rolle i opplæring av nye politikarar skjer derfor på ein anna måte denne gongen. Effektivt, meir gjenbruk, mindre reising, og meir oppfølging av dei minste kommunane er endringa vi legg opp til. Så langt har tilbagemeldinga frå kommunedirektørar og ordførarar har vore positive.

**Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**



**Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

I 2023 har vi behandla 37 klager på plansaker. Til samanlikning var snittet 21,5 saker i perioden 2019 - 2022. Om lag 38 % av sakene var behandla innan 12-vekersfristen.

Vi har hatt låg bemanning som følgje av permisjonar hos 3 av 5 tilsette. I tillegg har vi rekruttert nye sakshandsamarar som treng tid til å bli god i faget. Behandling av reguleringsplanar har vore eit prioritert område i 2023, uavhengig av fristoppnåing. Saksbehandlarar hjå Statsforvaltaren i Trøndelag og Vestland skreiv saker for oss etter avtale, og ein betydeleg del av desse var plansaker.

Tal innkomne saker var noko lågare enn i 2022, men klart fleire enn i 2019-2021. Situasjonen med for få medarbeidarar vil fortsette i 2024 grunna permisjonar. For å avhjelpe situasjonen har vi fått ein avtale med KDD ( DFD) om at vi ikkje vil bli belasta med settestats-forvaltarsaker i 2024. Bemanningssituasjonen vil betre seg mot hausten 2024 noko som vil gi oss et potensiale for betre måloppnåing i 2024.

Klagesakene var i hovudsak tilfredsstillande behandla og førebudd i kommunane. Vi gav medhald i 4 av 37 klagar på planvedtak.

**Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)****Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart

Vi gjer ein overordna kontroll av den juridiske gyldigheita av føresegna til alle arealdeler og utvalde reguleringsplanar ved behov. Vi har ikkje ressursar til å gå gjennom føresegna til alle reguleringsplanar. Vi ser at det er behov for meir rettleiing om korleis ein utformar juridiske føresegn til arealdel og reguleringsplan.

Kommunane sine kommunale planar har i middels grad god juridisk kvalitet på føresegna og plankartet. Store og openbare feil blir luka ut, men vi ser at føresegna ofte kan vere uklare, for generell, til å misforstå, skjønnessmessig utforma eller med mykje sitering av anna regelverk og saksbehandlingsreglar.

Vi kan bli betre til å rettleie på dette temaet.

**Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)****Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

KU-forskrifta sine utgreiingskrav blir fulgt opp i betydelig grad i store og komplekse regulerings saker der aktuelle tiltak er tydeleg definerte og der det gjerne er erfarne aktørar som driv reguleringsprosessen.

I kommuneplanar der arealdisponeringa gjerne ikkje er særleg konkretisert, fører det til større uvisse om korleis konsekvensane skal vurderast. Vi ser difor trong til betre rettleiing til KU for overordna plan.

Vi får god effekt av dialog med kommunane, men i nokre tilfelle må vi nytte motsegn som verktøy for å sikre at kommunen følgjer KU-regelverket slik at saksbehandling blir gyldig.

**Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert

Kommunane fører i betydeleg grad digitalt planregister for nye planar i tråd med gjeldande retningslinjer.

Eldre planar er i stor grad tilgjengeleg på nett, men ikkje som sektoriserte planar. Særleg bykommunane våre har mange eldre planar der hadde vore ønskeleg å få digitalisert. Kommunane oppgir manglande økonomi/kapasitet/prioritering som årsak til at eldre planar ikkje blir digitalisert.

Saman med fylkeskommunen og Kartverket oppmodar vi kommunane til å prioritere dette arbeidet.

**3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven**

Vi har laga digitalt opplæringsmateriell på sosialtjenestelova som ligg på våre heimesider. Det er 12 filmar med gjennomgang av heile lova, til saman 11

timar opplæring. Ei slik ordning gir NAV kontora fleksibilitet med tanke på kor tid og korleis dei vil lære opp nyttilsette. Filmane vert og nytta til internopplæring. Vi deler og gjerne med andre embete.

Vi er tilgjengeleg for rettleiing på telefon, epost og gjennom teams kvar dag. At vi er lette å komme i kontakt med gir låg terskel for NAV-kontora å ta kontakt og er med på å auke kunnskapen i kontora.

**Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle NAV- kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven og forskrifter.

Vi opplever at nokre NAV-kontor har utfordringar når det gjeld kunnskap om sosialtjenestelova og korleis denne skal nyttast. I 2021 laga vi eit digitalt opplæringsmaterieill som alle kontora har moglegheit til å nytte i opplæringa av nye tilsette. Det kan og nyttast som oppslagsverk i dagleg arbeid.

For å bidra til ytterlegare auke i kunnskapen om sosialtjenestelova, starta vi i år "Sosialtjenestedialogen". Dette er ein digital møteplass mellom Statsforvaltar og tilsette i NAV som arbeider med sosiale tenester. Teamskanalen er open for spørsmål og svar mellom møta. I tillegg har vi delteke på dei fire NAV-leiarsamlingane. På desse møtepunkta presenterer vi mellom anna nasjonale satsingar for leiarane.

Ny i NAV er og ein arena vi tek del i. Dette i samarbeid med NAV Møre og Romsdal.

Den største utfordringa vi ser i NAV-kontora er både første gongs kartlegging og kartlegginga undervegs, av søkarar sin situasjon. Dette har og vore eit gjennomgåande funn i dei landsomfattande tilsyna med barn i familiar som mottok økonomisk stønad. Ei anna utfordring vi ser, er at NAV kontora ikkje alltid gjer ei konkret og individuell vurdering i handsaming av enkeltsaker. Dette ser vi i våre klagesaker.

Vi har eit etablert samarbeid mellom statsforvaltaren NAV fylke og Høgskulen i Volda. Vi jobbar i samarbeidet med kompetanseplan for NAV og starta i 2023 planlegging av eit kurs for alle NAV tilsette i sakshandsaming og forvaltningslova. Dette ser vi er ei generell utfordring for kontora.

Dei kompetansehevande tiltaka, saman med erfaringar frå tilsyna gjort i år, meiner vi vil gi auka kunnskap i kontora. Vi ser og at meir tilgjengelege kommunikasjonskanalar, som til dømes "sosialtjenestedialogen", senker terskelen for å ta kontakt for rettleiing .

**Opplæringstiltak for NAV**

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	18	18

**3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene**

Alle kommunar i fylket har fått tilbod om ulike opplæringstiltak og rettleiing innan psykisk helse, rus og problem med avhengighet, samt vald og sjølvmoordsførebygging.

Vi har etablert to fagnettverk og skal arrangere to samlingar i året for kvart nettverk.

**Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med planlegging og utvikling av tjenester til de fire prioriterte gruppene i helsefelleskapene:

- barn og unge
- personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblemer
- skrøpelige eldre
- personer med flere kroniske lidelser

Vi vurderer at kommunane i ulik grad planlegg tenestene for å møte utfordringane i framtida.

Alle kommunane i fylket gjorde politiske vedtak i arbeidet med Leve heile livet reforma, der nokre av kommunane laga egne planar/strategiar.

I vår gjennomgang og høyringsuttale til kommunane sine planar, vurderer vi at alle kommunane legg til grunn både berekraftmåla og demografiutfordringane. Vi har eit tett samarbeid med plansamordnar og alle avdelingane i embetet i ei felles plangruppe. Effekten av eit langsiktig, heilheitleg og framtidretta arbeid mellom kommunar og ulike nivå, viser auka samhandling, læring og erfaringsdeling på ulike område. Vi vurderer at den felles innsatsen i embetet er med på å fremje denne effekten.

I 2023 gjennomførte vi ei kartlegging i kommunane om kompetanse, det å behalde, rekruttere og utvikle personell. Formålet med kartlegginga var å få

ein status på kva utfordringar den enkelte kommune har på området, og kva dei treng råd og rettleiing om. Vi bad også om gode døme på området, for deling mellom kommunane og andre aktuelle aktørar.

I kartlegginga kom det fram at kommunane har behov for bistand på fleire område, som t.d. prosessleiing, strategisk kompetanseplan, digital kompetanse, teknologi og nye arbeidsprosessar, Tørn, heiltidskultur mm.

Det var flest kommunar som melde behov for støtte og rettleiing i arbeidet med strategisk kompetanseplan. Vi har innhenta kompetanseplanane til dei kommunane som har ein slik plan. Fleire av desse er av gamal dato, ulik kvalitet og ikkje politisk behandla. Det kan føre til at planlagte kompetansehevande tiltak ikkje blir tatt med i budsjett/økonomiplan, og difor ikkje blir iverksett. Manglande oppdaterte kompetanseplanar kan føre til manglande måloppnåing i arbeidet med å sikre nødvendig kompetanse og tilstrekkelege personellressursar.

Kommunane har gitt tilbakemelding om behov for vidare støtte, råd og rettleiing i nettverkssamlingar og i ulike dialogmøte. Vi vurderer difor at kommunane har stort behov for råd og rettleiing i sitt arbeid med å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene.

Ut i frå tilbakemeldingane og vår vurdering, har vi saman med nettverket for kommunalsjefane og USHT utarbeidd ein handlingsplan for 2024, med tiltak som skal støtte kommunane i det vidare arbeidet. Regional koordinator vil koordinere dette arbeidet, saman med andre aktuelle aktørar som KS og utdanningsinstitusjonane.

Vi samarbeider med KS, Digi Møre og Romsdal - eit løft for heile fylket. Dette er eit samarbeid med USHT, Helseinnvasjonssenteret, ALV Møre og Romsdal og Helse MR HF som eit ledd i arbeidet med å styrke kvalitet og pasienttryggleik.

Kommunane gir tilbakemelding på at dei ikkje alltid opplever kommune og spesialisthelsetenesta som likeverdige partar. Det begrunnar dei med at spesialisthelsetenesta legg planar om mellom anna nedbygging av alderspsykiatrisk tilbod og tilbod om psykisk helse og rus. Kommunen kjem berre inn på slutten av prosessane som ein høyringsinstans.

Også når det gjeld tenestene til personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem rapporterer kommunane manglande oppleving av likeverd mellom 1. og 2. linje tenesta. Som eit tilsva på dette har Statsforvaltaren saman med kompetansesentera bidrege til dialogmøte og informert om FACT som ein mogleg samarbeidsmodell for denne pasientgruppa.

#### **Veiledning psykisk helse, rus og vold (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunene har fått veiledning i hvordan de kan utvikle innsatsen innen psykisk helse, rus- og avhengighetsproblematikk samt og vold- og selvmordsforebygging

Alle kommunar har fått tilbod om ulike opplæringstiltak og rettleiing. Vi har no etablert tre fagnettverk som er inndelt geografisk nord og sør i fylket og vi har samla bykommunane i eit nettverk. Vi planlegg å arrangere to samlingar i året for kvart nettverk. Bakgrunnen for etableringa er dialogmøte vi hadde i 2021 og 2022 der kommunane ytra ønske om å kunne møtast for erfaringsdeling, diskutere utfordringar og få informasjon. Korus, NAPHA og KBT er med i dette samarbeidet.

Fem kommunar er og med i nettverk for målretta utvikling av tverrfagleg arbeid i kommunen, med utgangspunkt i samhandlingsreforma. Prosjektet er kalla MUST; *Muligheter og utfordringer i Samarbeid på Tvers*. Her samarbeidar vi og med Korus og NAPHA i tillegg til Husbanken.

Saman med Statsforvaltaren i Trøndelag og Korus inviterte vi kommunane i begge fylka til webinar om rådgjevande eining i russaker.

Vi arrangerte felles nettverksamling for kommunar som har ACT/FACT-team og FACT ung-team, saman med aktuelle kompetansesenter. Dette planlegg vi å gjere årleg.

RVTS er ein viktig samarbeidspart på valdsfeltet. Vi har saman arrangert konferanse om psykisk helse hos flyktningar og fagdag om vald i nære relasjonar. Alle kommunane i Møre og Romsdal har utarbeidd plan for førebygging av vald i nære relasjonar.

I 2022 starta vi eit arbeid for førebygging av sjølv mord og i 2023 har alle kommunane fått tilbod om tverrfagleg samling. Det siste året har valdsførebyggande plan vore eit viktig satsingsområde og i år har den siste av kommunane i fylket starta arbeidet med si plan. I dette arbeidet har vi tydeleg formidla at kommunane må ha ei tverrfagleg tilnærming. Vi opplever at kommunane har handla i tråd med våre anbefalingar. Fleire faggrupper har møtt på samlingane, spesielt frå barnehage og skule.

Som det kjem fram av oversikta over, arbeider vi tett med kompetansesentra. Vi meiner det er nyttig og hensiktsmessig for kommunane at vi står fram samla med fagkompetanse og presentasjon av nasjonale føringar og pålegg. Vi meiner dette gjer kommunane betre i stand til å sjå samanheng mellom fag og forsvarlege tenester.

Vi arrangerte ei fagsamling for tverrprofesjonelt psykisk helsearbeidhar saman med NAPHA og Statsforvaltaren i Trøndelag.

Saman med Korus har vi planlagt oppstart kompetanseprogrammet rus og vald, i 2024.

Vi ser at tiltaka har hatt effekt, mellom anna ved at kommunane har tatt vår rettleiing inn i sine planar for førebygging av vald i nære relasjonar.

Det har kome, og vil kome fleire, nasjonale strategiar og planar for utvikling av fagfelte rus, psykisk helse og vald. Vi meiner det framleis er eit stort

behov for rettleiing til kommunane som har framføre seg store utfordringar med alle endringane som er nødvendig i heile helse og omsorgssektoren.

### 3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Vurdert ut i frå eit utval tema under Naturindeks for Norge delområde Midt-Norge er det stor variasjon i tilstanden til økosystema i Møre og Romsdal. Som i landet elles er det skog og ope lågland som har dårlegast tilstand. Skog ser ut til å vere i svakt positiv utvikling, i hovudsak knytt til mindre intensiv utnytting av utmarka over fleire tiår. For høge hjortestammar påverkar mange artar i skog negativt, t.d. mange edellauvtré, og nøkkelarten blåbær kan bli beita ned i dei hardast belasta områda. Ope lågland har over tid hatt ei sterk negativ utvikling. Fjell, våtmark, ferskvatn og kystvatn er i betre tilstand, men utviklinga er for dei fleste svakt negativ.

I fjellet er villreinen av dei artane som står under sterkast press både frå oppdeling av natur, ferdsløse og forstyrringar, og frå eit varmare klima. Heile stammar av villrein står i fare for å døye ut om det ikkje blir gjennomført omfattande reetablering av dei opphavslege sesongtrekkrutene. For Snøhetta-reinen sin del er vi også uroa for forstyrringane som følgjer av moskusrelatert ferdsløse.

Kulturbetinga naturtypar og tilhøyrande artsinventar lir av endra arealbruk og utbygging. Trass i tilskotsordningar er mesteparten av dei kulturpåverka økosystemelementa på veg til å forsvinne.

Mange vassdrag har god nok vasskvalitet, men økologisk tilstand er redusert i ein del som følgjer av til dømes inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Dette fører til dårlegare habitatvilkår og lite robuste vassdrag mot til dømes klimaendringar. SFMR sin innsats gjennom samarbeid, tilskot og sakshandsaming bidreg til gode eksempel, men snur ikkje trenden. Vi har òg målkonflikter.

SFMR sin innsats i plan- og utbyggingssaker har verknad, men ikkje nok til å stanse eller snu utviklinga i positiv lei. I mange viktige saker får ikkje omsyn til økosystem og naturverdiar tilstrekkeleg gjennomslag, anten det gjeld plansaker, energiutbygging, vasskraftrevisjonar eller andre inngrepssaker. Vi er også uroa over det vi opplever som frislepp for landbruks- og skogsvegar utan vesentleg næringsnytte.

Oppsummert finn vi ikkje teikn til at utviklinga for økosystema går i rett retning, og SFMR sin innsats verkar i beste fall til å forseinke utarminga.

#### Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet.

SFMR sin innsats har bidratt til å redusere effekten av framande skadelege organismer på naturmangfoldet, samanlikna med ein situasjon utan slike tiltak. Den overordna utviklinga er likevel at framande artar er eit aukande problem, både i tilfang av artar og spreiding av etablerte framandartar. Nedgangen i rammene for 2023 er ei tilbakeslag for å hindre spreiding frå etablerte lokalitetar, eller hindre nyintroduksjonar.

For karplantar utanfor verneområda har SFMR prioritert uttak av kjempbjørnekjeks, som er nesten utrydda i fylket, og elles kjempespringfrø, rynkerose og vestamerikansk hemlock. Av førebyggjande aktivitetar har vi har informert om framande artar i media, podkast og på møte i hagelag m.v.

Nokre lokale velforeiningar m.v. har tatt opp problemet med framande planter. Det er ofte artar som parkslirekne som vert framheva som eit problem, og det verkar å demotivere foreiningane når vi manglar midlar til tiltak mot slike artar.

Vi har planlagt bekjemping av mort (regionalt framand art) i samarbeid med Veterinærinstituttet og Kristiansund kommune, og har søkt om midlar til behandling. Effekt: Klar til å gjennomføre behandling om vi får tildelt midlar, slik at mort vil bli utrydda frå fylket.

#### Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Tilstanden i vannforekomstene er forbedret.

Presset på mange vassforekomstar er stort, særleg frå vasskraft, akvakultur, avrenning frå jordbruk/avløp og urban utvikling. I 2023 fekk vi lagt inn data frå VRL-rapportar om tilstanden for sjøaure. Dette har ført til at mange av våre vassforekomstar ikkje oppnår god tilstand. Det er ikkje lagt inn tilsvarande tiltak. Her ventar vi på føringar frå sentralt hald.

Vi har på tredje året heldt fram med overvåkingsprosjekt i ei rekke nye vassforekomstar når det gjeld avrenning frå landbruk og avløp. Prosjektet er heimla i Regional vassforvaltningsplan. Dette har gitt mykje ny kunnskap som vil ligge til grunn for vidare tiltaksarbeid. Overvakinga vil helde fram i 2024.

Vi arbeider kontinuerleg med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget ved å importere overvåkingsdata frå Vannmiljø til Vann-Nett.

Vi behandlar ei rekke saker innanfor vårt myndigheitsområde når det gjeld vassforvaltning. Gjennom vårt lovverk følgjer vi opp/stiller krav ved ulike tiltak i vassforekomstar. Vi har også auka fokus på dette i plansaker. Dette bidrar til å hindre forringing/betrar tilstanden i vassforekomstane.

Vi har eit godt samarbeid med vassregionmyndigheita gjennom faste møte, samt dialog/samarbeid i enkeltsaker.

Effekt: Auka kunnskap og betre grunnlag for vidare tiltaksarbeid. Betre tilstand i vassforekomstar gjennom tydelegare fokus på desse, både gjennom

sektoroverkerket og i plansaker.

Avvik: Vi har hatt ein delvis gjennomgang av tiltak som SFMR har ansvar for. Vi har sett i gang/utført ein del av tiltaka der vi er utøvande mynde. Når det gjeld tiltak der vi er verkemiddeleigar, men andre er utøvande står det att eit ein del arbeid framover. Vi har elles for liten kapasitet til å ha tilsyn med og følge opp ulovlege tiltak i vassdrag, kantsone og nedbørfelt. Her bidreg og kommunane i for liten grad.

#### Bekjemping a G. Salaris i Driva (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Vellykket behandling av infiserte vassdrag i Driva-regionen

Andre behandlingsår var utfordrande med nok eit år med svært høg vassføring (Hans), særleg i Driva. Dette førte til mykje ekstra arbeid for mannskapet både med omsyn til behandling av dammar/flomløp langt inne på land, og ned- og opprigging av utstyr. I tillegg måtte overvåking før behandling utsettast i Driva. Det vart i tillegg nypåvist G. salaris i ei av overvåkingselvene (Gylelva) like før behandling. I tillegg vart det også påvist G. salaris både ovanfor (på 1 stk. 6+-årig laksunge) og nedanfor sperra i Driva før behandling.

I elvane (Batnfjordselva og Usma) som vart behandla med CFT-Legumin i 2022 og 2023, er det ikkje funne G. salaris eller lakseunger som kunne ha overlevd behandlinga i 2022. Desse elvane blir difor ansett som ferdig behandla.

Gylelva og nabobekkar vart behandla med CFT-Legumin få dager etter gyropåvisning, og behandling vart gjentatt seinare på hausten. Dette er eit lite vassdrag og elva blir ansett som ferdig behandla. Elvene på nordsida av Tingvollfjorden blir også ansett som ferdig behandla.

I Litjdalselva vart det planlagt og gjennomført nokre endringar i behandlinga samanlikna med 2022, mellom anna med noko meir bruk av CFT-Legumin, sjølv om klor framleis var hovudkjemikalie. Dette var også vellukka, og det er ikkje gjort funn av G. salaris her etter behandlinga.

I Driva er det heller ikkje påvist G. salaris etter behandlinga. Aktørane var førebudd på at bruk av klor kunne bli nødvendig ovanfor sperra i Driva ved eventuelt funn av G. salaris etter smoltutvandringa. Etter at behandlinga nedanfor sperra var ferdig forflytta NIVA, NINA og aksjonsleiinga seg til Oppdal, og gjennomførte behandling med klor som hadde tilstrekkeleg konsentrasjon mot G. salaris frå Magalauet og ned mot Lønset. Sideelva Vinstra vart også behandla. Det var altså ikkje ei fullskala behandling ovanfor sperra.

Det vart sett inn meir mannskap i 2023, slik evalueringa ba om. Det vart likevel stor arbeidsbelastning på ein del også i 2023, særleg for dei som jobba med klordosering som pågjekk i fleire veker. Det var også utbrot av Covid blant delar av mannskapet.

Vi må konkludere med at nødvendige endringar etter evalueringa i 2022 vart gjennomført, og at dette gjekk som planlagt med unntak av høg vassføring i Driva. Aktørane var også førebudd på nypåvisning av G. salaris i Gylelva, og løyste dette på ein svært god måte.

Avvik: Høg vassføring i Driva førte til at dosering måtte utsettast/stansast to ganger, og lengre opphald for mannskapet. Dette førte til høgare kostnader, men behandlinga var vellukka med tanke på oppnådde klorkonsentrasjonar.

Funn av G. salaris i Driva både ovanfor og nedanfor sperra før andre års behandling tilseier at det er ein viss risiko for at det kan være parasitter i systemet framleis, sjølv om det ikkje er påvist etter behandling. Det er ikkje gjennomført fullskala behandling ovanfor sperra. Koordineringsgruppa har difor tilrådd supplerande tiltak i Driva, "Driva periferi" og eventuelt nærliggande Litjdalselva i 2024

Nypåvisning av G. salaris i overvåkingselva Gylelva er også eit avvik. Det vart ikkje påvist G. salaris her på overvåkinga i 2022.

#### 3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Ut i frå ei overordna vurdering kan Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ikkje sjå teikn til at utviklinga for trua artar og naturtypar er under betring i fylket. Dei store og tunge drivarane bak tilbakegangen verkar som før. SFMR sin innsats med tilskotsordningane for trua natur har effekt så lenge det finst motiverte grunneigarar, men desse blir færre. Innsatsen i areal- og inngreppssaker bergar naturverdiar i avgrensa omfang. Samla sett er vi lenger frå delmålet enn i fjor.

Hubro er i sterk tilbakegang og snart utrydda i fylket. Utan ei sterkare satsing på tiltak på kraftlinjenettet ser vi ikkje håp for at hubro kan overleve i fylket.

Situasjonen for laks som hadde eit oppsving i 2022 fekk eit kraftig tilbakeslag i 2023 med lågt innsig. Høg luserelatert dødelighet også i 2023 tilseier at ein langsiktig negativ trend held fram. SF sin innsats bidreg på fleire område, men vi har ikkje nok verktøy til å få kontroll på den viktigaste negative påverknaden (lakselus), slik vi har for bekjemping av G. salaris. Vi registrerer og negativ utvikling for elvemusling i fleire elver. SF sin innsats bidreg til å synleggjere utviklinga gjennom forbetring av kunnskapsgrunnlaget for artar som elvemusling og ål.

#### Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Forbedret tilstand for truet natur med særskilt vekt på den mest truede naturen

Statsforvaltaren vil først ta opp at vi opplever oppfølgingsplanen for trua natur som lite operasjonell for statsforvaltarane. Det bør gjerast eit arbeid for å gjere materialet meir tilgjengeleg mtp kva for artar, naturtypar som er særleg viktige i dei ulike fylka, og kva for tiltak statsforvaltarane innanfor sine rammer kan og bør ta tak i.

Møre og Romsdal er det viktigaste fylket i landet kva gjeld olivinskog. I 2023 fekk SFMR NiN-kartlagt dei fire viktigaste områda i Volda og Vanylven kommunar. Vi håpar å få midlar til å vidareføre kartlegging av nye område i 2024. Vi har også tatt opp behovet for å få utarbeidd handlingsplanen for olivinskog snarast råd, og ønskjer å bidra i arbeidet. Kommunar og grunneigarar ønskjer avklart handlingsrommet for særleg hogst i olivinskog. Tilsvarande er naturvernorganisasjonar på banen om det same.

Ei viktig enkeltsak frå 2023 fortener å bli løfta fram. Sibelco Nordic AS har søkt om utvida driftskonsesjon for olivinuttak i Almklovdalen i Vanylven kommunen. Omsøkt uttak vil øydelegge knappe 8 % av den nasjonale førekomsten av olivinskog, og vel 10 % av førekomsten i Møre og Romsdal. I høyringsuttalen la vi sterke føringar for tilbakeføring og restaurering av avslutta uttaksareal. Uttalen er utdjupa i møte med Direktoratet for mineralforvaltning, og vi har inntrykk av at dei vil følgje opp med klare vilkår i driftskonsesjonen for å sikre at avslutta areal kan utvikle seg til olivinskog. Saka har betydning både på kort sikt ved å forbetre allereie avslutta areal, og på lang sikt, i og med at det vil ta 158 år før all olivinskog i konsesjonsområdet er fjerna. Dei vilkåra vi maktar å få på plass i dag er difor av stor betydning for førekomst av olivinskog i området langt inn i framtida.

Møre og Romsdal har stor aktivitet på skjøtsel av kulturbetinga naturtypar. Ordningane held oppe og betrar kvalitetane på mange lokalitetar, men generasjonsskifte trugar effekten på lang sikt. Søkartala søkk.

SFMR har vidareført nasjonal kartlegging av beitemarkssopp i 2023.

Hekkekartlegging av hubro har høg prioritet. I 2023 har vi også gitt tilskot til restaurering/tilrettelegging av hekkeplassar i viktige leveområde.

#### **Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Bestandsmåla for jerv og gaupe er nådd både for region 6 samla og for Møre og Romsdal, målt som snitt over dei tre siste åra. Det er ikkje bestandsmål for ulv og bjørn i vårt fylke. Tapa av lam til jerv er som tidlegare svært høge i Rauma og Fjord. I Tingvoll har tapa til gaupe vore mykje høgare i 2023 enn tidlegare. Dette kjem fram både av erstatningssøknader og dokumenterte kadaver. Betra dokumentasjon på gaupe har gitt grunnlag for fleire skadefellings-løyve i Tingvoll.

Situasjonen er ikkje berekraftig for beitenæringa i dei tapsutsette jerveområda i Rauma og Fjord. Snittap i Ulvådalen beitelag er 43 %. Forvaltningsområdet i Møre og Romsdal er lite, og det vil vere krevjande å halde bestanden stabilt på målet på tre ynglingar. Dersom forvaltningsområdet skal bere heile bestandsmålet for fylket, vil sesongtapa her variere etter dagens mønster så lenge beiteaktiviteten held seg på dagens nivå.

Topografi og klima gjer at lisensfelling av jerv i Møre og Romsdal er utfordrande, og kvoten vert ofte ikkje fylt i ordinær lisensfellingsperiode. Skadefelling er tilsvarande vanskeleg, og lukkast svært sjeldan. I 2021 vart det t.d. felt ein jerv på skadefellingsløyve, for første gong på 11 år. Lisensfelling og skadefelling bidrar difor lite til å kontrollere jervebestanden og redusere skadeomfanget.

Kvotekjakt på gaupe er effektivt når forholda ligg til rette, og kvota vert normalt fylt innan kort tid. I 2023 vart regionen si totalkvote overopppfylt i Trøndelag første dag, til sterk misnøye i Møre og Romsdal (Tingvoll). For jaktseasonen 2024 har delar av regionen forseinka jaktstart for å hindre det same i år. Vi fekk også på plass ei SMS-teneste for meir effektiv kvoteoppdatering i 2023.

Kompetanseheving av skadefellingslag er viktig for effektiv innsats, men antatt låg uttelling og låg motivasjon i fellingslaga gjer at kommunane avstår frå å søke om fellingsløyve sjølv om skadesituasjonen tilseier at det ligg til rette for å få løyve. Statsforvaltaren ser tildeling av skadefellingsløyve til væpna tilsyn som meir ressurseffektivt, og lettare å mobilisere og oppretthalde over tid, enn kommunale fellingsoperasjonar.

Utanom redusert beiteomfang innanfor forvaltningsområdet for jerv, ev. stimulert med omstillingsmidlar, ser Statsforvaltaren ikkje vesentlege, ubrukte verkemiddel for å redusere tapa og konfliktgraden innanfor forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal.

Utover det å skilje jerv og beitedyr i tid og rom ved tidleg nedsanking, er det få gode tapsreducerande tiltak. Ekstraordinært tidleg nedsanking er vanskeleg når tapa til jerv oppstår tidleg i sesongen. I alle områda med tap til jerv i Møre og Romsdal er det stor frivillig oppslutning om ordinær tidleg nedsanking. Brukarane gjer ein stor innsats som bidreg til å avgrense tapa på slutten av beitesesongen mot kva dei elles kunne blitt. Konfliktnivået og tapstala knytt til jerv i Møre og Romsdal samanlikna med andre område må sjåast i lys av denne innsatsen.

Godt tilsyn og dokumentasjon av tap er viktig som grunnlag for å vurdere skadesituasjonar gjennom sesongen, og for handsaming av erstatningssøknader. Dokumentasjon er særleg krevjande for gaupe.

Statsforvaltaren bidrar til m.a. utvida tilsyn og elektronisk overvaking gjennom FKT-midlar. Samarbeid og kontakt med næringa og kommunane er godt. At SFMR har satsa på kommunale rovviltutval er eit vesentleg bidrag til dette. Vi nyt også godt av eit svært godt samarbeid mellom fagavdelingane våre.

#### **Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå minimum middels kvalitet ved neste klassifisering etter kvalitetsnormen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har prioritert høgt å bidra i arbeidet med tiltaksplan for Snøhetta. Vi har i vårt fylke særleg fokusert på tiltak for å reetablere trekkruiter over Torbuhalsen/Aursjøen, og hindre at auka ferdsel i Sandgrovbotn skal strupe sesongtrekka. Vidare har vi vore tydeleg på at moskus bør fjernast frå Dovrefjellområdet heller enn å forby allmenn ferdsel på Hjerkinplatået store delar av året.

SFMR har deltatt i eit par møte med fylkeskommunane om ny handlingsdel til Ottadalsplanen. Vi har ikkje hatt handlingsdelen til uttale. Vi gir villreinfragleg uttale til alle kommunale planar og byggesaker i villreinområda, og har ikkje hatt større saker på høyring i 2023.

**3.1.1.8 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner**

I underkant av 30 % av arealet i Møre og Romsdal er underlagt vern etter naturmangfaldlova, men dette er i hovudsak np/lvo i indre og høgareliggande delar av fylket. Rundt 2,5 % av skogen er verna som skogreservat eller som del av andre verneområde. Det er framleis også manglar i vern av dei fleste andre natur- og landskapstypene utanom fjellområda. For våtmark og strandnære areal kan gjennomføring av supplerande vern auke representativiteten noko.

Med unntak av frivillig skogvern er det lite framgang i verneprosessane i Møre og Romsdal. Frivillig skogvern har lidd under bremsen i skogvernarbeidet i 2023. Samla sett er vi difor ikkje komme vesentleg nærare målsettinga om vern av eit representativt utval av naturen i Møre og Romsdal. Noko av dette skuldast lokal motstand, andre element heng saman med for lav kapasitet hos SFMR.

Det er sterk motstand mot ytterlegare vern i dei fleste kommunar, med ønske om fortsatt lokal forvaltning gjennom pbl, landbrukslovgiving og anna. Spørsmål om kommunal vetorett i verneprosessar står også sentralt i dei nyare prosessane med føresetnad om lokal aksept før oppstart. Det har ikkje røyvd seg noko i Ørsta kommune mtp. lokal aksept for oppstart av vern av Sunnmørsalpane. Etter ønskje frå SFTL har det ikkje vore gjort noko med Trollheimen, ut over eit felles informasjonsbrev til kommunane om at prosessen ville ligge i ro til 2024.

Arbeidet med marint vern av områda Giske og Griphølen-Remman har gått mykje seinare enn ønskjeleg. Vi er tilnærma ferdig med eit utkast til verneplan for Giske mvo som vil bli sendt til fagleg godkjenning første kvartal 2024. Kapasiteten til å arbeide med marint vern blir vesentleg forbetra i 2024.

For supplerande vern er vi i 2023 ferdig med terrestrisk kartlegging av resterande kandidatar der dette er vurdert som nødvendig. I 2024 planlegg vi å supplere med fugleregistreringar i nokre område. Det er så langt ikkje meldt oppstart for nokon av dei 18 kandidatområda. I 2024 vil det bli gjort for eit utval område der vi vurderer potensiell motstand som lågast.

**Myrer og andre våtmarker er restaurert (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Myrer og andre våtmarker er restaurert til en tilstand som gir gevinster for karbonlagring, klimatilpasning og naturmangfold.

For SFMR har 2023 vore eit år der vi har lagt mest innsats i å sondere og planlegge. Ingen nye areal har blitt restaurert i 2023. Vi viser elles til detaljert rapportering i ESS, ref.nr. 23R6A285, saksnr. 2023/507. Når det gjeld restaureringsprosjekt frå tidlegare år viser rapportering frå SNO og eigne synfaringar at dei gjennomførte tiltaka har gitt svært god effekt på torvdanning og tilbakeføring til myr i Rørvikvatnet ffo (2018-19), Sætremyrane nr (2019) og Aspåsmyran nr (2016-22). På Aspåsmyran har insektfaunaen vore overvaka fleire sesongar etter restaurering, og dei mange vasspeglane har gitt grunnlag for ein rik agnestikkarfauna og også andre insektartar. Når desse lukkar seg meir vil førekomstane venteleg gå noko ned. Tilsvarande utvikling gjeld truleg også dei to andre myrrestaureringane, men her har vi ikkje same dokumentasjon. Opning av vasspeglar i Rørvikvatnet ffo og våtmarksrestaureringa i Suma (2017-18) har hatt god effekt på førekomst av våtmarksfugl i dei restaurerte areala.

**3.1.1.9 Forurensning skal ikke skade helse og miljø**

I hovudsak har vassmiljøet god tilstand når det gjeld forureining, og utviklinga går i rett retning. Vi har likevel problem i nokre område. Nokre sjøresipientane er registrert med redusert miljøtilstand, ofte grunna miljøgifter i sedimentene. Dette skuldast i stor grad utslepp frå tidlegare næringsaktivitet.

Opprydding i forureina sjøbotn er ei stor oppgåve for oss og vi held fram med arbeidet. I løpet av 2023 kom vi et godt stykke vidare med å få industrien til å gjere dei granskingar som er nødvendig for å få eit godt kunnskapsgrunnlag. Vi ventar svar på supplerande sedimentundersøkelser fra dei 13 verfta vi følger opp innan sommaren 2024, og vår forventning er at dei undersøkelserne vil bli gode nok til at man kan komme vidare med å tiltaksdrøffingar. Vi har også pålagt undersøkelser til enkelte verksemder som er lokalisert i områda rundt dei prioriterte verfta. Vi sitt også tett på prosjektet Renere fjord i Ålesund og, når dette sediment prosjekt blir gjennomført kan man vente ein betydelig forbetring av resipienten utenfor Ålesund.

Innafor avfallssektoren har vi stor aktivitet for å følge opp etterleving av krav. Deponitilsyna som blei gjennomført i 2023 visar at deponia i lita grad har tilfredsstillande reinsing, lukking av disse avvika blir ein viktig oppgåve å følge opp.

Oppfølging av det konkursramma avfallsselskapet Miljøservice Eide tok mykje ressursar i 2023. Vi jobbar med å få kontroll på grunnforurensnings situasjonen gjennom finansiering frå Miljødirektoratet og Handelens Miljøfond. Men samarbeider også tett med politiet i saka, som har behov for ein del faglege avklaringar. Vi ser nå at vi kan nærme oss ei avslutning på dette prosjektet i enten 2024 eller 2025, avhengig av finansiering. Undersøkingane så langt viser at viss man ikkje får kontroll på avfallet på eigedommen vil det være en kilde til spreiring av miljøgifter i lang tid.

Akvakultur er ei stor næring i fylket som bidreg med både eutrofi og miljøgifter. Innanfor akvakultur består vårt arbeid i hovudsak i å sakshandsame søknader om utleppsløype. Sjølv om det er ein lokal påverking i anleggsona har man til ei viss grad kontroll gjennom C-undersøkelsene vi mottar. Vi har dei siste åra opplevd ein auke i klager på vedtak innafør akvakultur, både frå næringa sjølv, naboar og andre interesseorganisasjonar. Vi opplever auka konflikter relatert til utlepp, lysbruk og støy. Kontroll og oppfølging av bransjen har vi ikkje lukkast med på grunn av ressursmangel. Tilsyn er svært viktig for å skape forbetningsprosessar og auka forståing for krav gitt i løyver.

Gummigranulat er som kjent ein stor kilde til spreiring av mikroplast. I Møre og Romsdal har vi hatt møtepunkt og dialog med Noregs fotballforbund som også gjennomfører tilsyn med banane i fylket, på den måten har vi god kunnskap om status på dei 150 banane i fylket, og kan veilede NFF om krava i forskrifta. Vi vurderer at dette samarbeide kan erstatte noe av vår oppfølging av kunstgressbanar. NFF meiner at Møre og Romsdal har ein svært god oversikt over status på regelverksetterlevelse og ligger i forkant dei andre fylka.

I all hovudsak går utviklinga i fylket i rett retning. Men vi ser det er viktig med tett oppfølging av industrien og kommunar. Sjølv om vi har eit stort ønske om økt tilsyn med industrien i fylket har bemanningssituasjonen ikkje gjort dette mogleg i 2023.

**Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Forurensningskilder som skaper eutrofiering, er godt regulert.

Eutrofi er ikkje et stort problem sjøresipientane der industrien har utlepp. Men vi må ha fokus på å redusere miljøbelastninga frå spesielt akvakultur, næringsmiddel og avløp. Vi har to kommunar som ikkje overheld krava vi har stilt til avløpsreinsing. Her har vi brukt vår mynde i plansaker som eit verkemiddel, og begge kommunane har gitt seg sjølv byggestopp. Det er forventa byggestart av nytt felles reinseanlegg sommaren 2024. Virkemidla vi har i plan har gitt god effekt i denne saka.

For landbrukssektoren er det i hovudsak slik at det er rikeleg med spreieareal i høve dyretalet. Det er derfor ikkje problem med at det i sum blir tilført for mykje fosfor og nitrogen, og at det slik blir skapt overgjødning. Lokalt kan det likevel forekomme, og det er aktuelt å vurdere om det for enkelte vassdrag kan vere hensiktsmessig med ekstra tiltak, t.d. tiltaket 'ugjødsla kantsone mot vassdrag' i Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP). Kartlegging vil vere eit første steg. Punktutlepp kan også forekomme. Slike må handterast av rette instans i kvart enkelt tilfelle.

**Vannforvaltningsplaner**

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	2 185	30	0	0

*Vi har hatt RMP-tiltaka 'utsatt jordarbeiding' og 'grasdekt kantsone' for komproduksjon i fem år, og desse tiltaka er det aukande bruk av. Pr. no ser det ikkje ut til at det er slik miljøtilstand i noko vassdrag at regionale forskrifter blir vurdert som riktig tiltak.*

**Oppdaterte tillatelser (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

En større andel av virksomhetene i fylket som er omfattet av EUs industriutslippsdirektiv, har oppdaterte tillatelser i tråd med Best Available Techniques (BAT)-konklusjoner

I fylket har vi 13 virksomheter som er omfatta av BAT Food Milk and Drink, og nokre verksemder som er omfatta av BAT-konklusjonane innanfor avfall og impregnering av trevirke. Spesielt innanfor FMD-BAT har det vore ein svært tidkrevjande prosess å få næringa til å skjønne omfanget av direktivet og svare ut dei opplysningane vi treng for å komme vidare i saksbehandlinga. Alle våre verksemder vil søke om unntak fra BAT-AEL verdiane. Vi gjennomførte tilsyn med nokre av verksemder som er omfatta i 2023 og brukt samstundes moglegheita til å rettleie i BAT, vi så at dette hadde ein god effekt og vi får nå inn gode nok unntakssøknader. Vi forventar å sende fleire saker til Miljødirektoratet i 2024 for unntaksvurdering.

**3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene**

Vi bruker kommunebildet til å kartlegge kommuneøkonomien for utsatte kommunar og det gjer det enklare for oss å prioritere kor vi set inn ekstra ressursar. Det er nøkkeltala netto driftsresultat (min. 1,75 prosent av brutto driftsinntekt), netto lånegjeld (maks snittet til landet utan Oslo) og disposisjonsfond (min 5 prosent av brutto driftsinntekt) som er hovudindikatorane for vår kartlegging. Fargeskåring etter trafikkllymodellen viser oss at vi hadde to røde kommunar, seks gule og 18 grønne i 2023.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fulgt tett opp om våre gul/røde og Robek-kommunar i 2023. Toppoleinga i Robek-kommunane må komme inn til



Statsforvaltaren og leggje fram kvartalsvise tall om tiltak og måloppnåing i forhold til tiltaksplanen for vegen ut av ROBEK. Dialogen er tett og god. Vi har også hatt innlegg i kommunestyre og formannskap til gule/røde kommunar.

Gjennomgangen vår av budsjett og økonomiplan viser at fleirtalet av kommunane i Møre og Romsdal planla perioden 2023–2026 med låge/svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og at dei brukte av disposisjonsfondet for å balansere drifta si.

Utfordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketals-utvikling, og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive. 10 av vår 27 kommunar har ein aldersbereevne på kun 3,0 eller lågare. Då hastar det med tiltak!

Vi skriv høyringssvar til budsjettinnstillinga til dei gul/røde kommunane, slik at dette følgjer saka fram til handsaming i kommunestyre. Det blir teke godt i mot og resultatet er at fleire har redusert investeringane sine og låneoptaka.

#### **God oppfølging av kommuner som er i eller står i en situasjon der de kan komme i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

God oppfølging av kommuner som er i eller står i en situasjon der de kan komme i ROBEK.

Ved inngangen til året hadde vi to kommuner på ROBEK, Vestnes og Rauma. Vestnes hadde ei kort periode på ROBEK og vart meldt ut da rekneskapen for 2022 viste at kommunen hadde klart å dekke inn alt akkumulert meirforbruk. Rauma kommune vart meldt inn i mai 2021 etter å ha opparbeida seg eit stort akkumulert meirforbruk som skulle dekkast over fleire enn 2 år. Kommunen har klart å dekke inn ein stor del av underskotet og ligg framom sin opphavlege tiltaksplan.

Stranda kommune vart meldt inn på ROBEK på grunn av uspesifisert innsparing og dermed ubalanse i budsjett- og økonomiplanen. Stranda kommune har vært i ein vanskeleg situasjon utan kommunedirektør og økonomisjef over ei tid, men kommunen følgast tett med rettleiing og dialog med administrasjonen og kommunestyret.

ROBEK-kommunar blir kalla inn til møte hos Statsforvaltaren 2 gonger årleg i samband med tertialtal. Der går vi gjennom tiltaksplanen og korleis kommunen ligg an i høve tiltak i budsjettet. Vi ser at dette har ein skjerpande effekt der dei vert "sett i korta" og får tilbakemelding på forventningar som Statsforvaltaren har til dei. Toppleiinga hos Statsforvaltaren er også med på desse møta.

Sjølv om Vestnes vart meldt ut, så kom Stranda inn, og vi har framleis to kommunar på ROBEK.

Vi gjer ei ros-analyse av økonomien til alle kommunane og dei som står i fare for å hamne på ROBEK får besøk i kommunestyret, der vi går igjennom ansvaret for ei langsiktig økonomiforvaltning som dei folkevalde er ansvarleg for, samt regelverk og korleis kommunen ligg an økonomisk.

Som eit tiltak til ein berekraftig økonomi skriv vi også høyringssvar til formannskapet sitt vedtak om budsjett og økonomiplan på gule og røde kommunar. I november 2023 var vi i kommunestyret i Rauma og snakka om kommunen sin økonomiske situasjon, om ROBEK-registeret og korleis dette påverkar kommunen sin sjølvråderett.

#### **Redusert merforbruk i kommuner som har slitt med store underskudd over tid. (fra kapittel 3.1.5.1.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Redusert merforbruk i kommuner som har slitt med store underskudd over tid.

ROBEK-kommunar blir kalla inn til møte hos Statsforvaltaren to gonger årleg i samband med tertialtal. Der går vi gjennom tiltaksplanen og tiltaka kommunen har sett i verk for å dekke meirforbruket og kome i økonomisk balanse igjen.

Vi ser at dette har ein skjerpande effekt der kommunen blir sett i korta og får tilbakemelding på forventningar som Statsforvaltaren har til dei.

Toppleiinga hos Statsforvaltaren er med på desse møta og vi kommer til å fortsette med denne tette oppfølginga av ROBEK-kommunar også komande år.

I tillegg inviterer vi oss ut til kommunar som har ekstra økonomiske utfordringar over tid, slik at vi kan nå ut med budskapet med krav om god økonomistyring til alle politikarane i kommunestyret.

#### **Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Statsforvaltaren går igjennom budsjett og rekneskap og vi ser at kommunane er flinke til å bruke KOSTRA-data i styring av kommunen. Dette viser seg også gjennom kunnskapsgrunnlaget som kommunane har innarbeid i sine kommunale planstrategiar, planprogram til kommuneplanen sin samsfunndel, kommuneplanar og ulike fagplaner til høyring.

Vårt inntrykk er at kommunane er flinke til å vise til KOSTRA-data gjennom å samanlikne statistikk frå år til år i eigen kommune og samanlikna med andre kommunar. Kommunane samanliknar seg med KOSTRA-gruppa dei tilhøyrrer, landsgjennomsnittet (utan Oslo) eller utvalde kommunar. Gjennomgåande er vårt inntrykk at kommunane nyttar KOSTRA-data i sitt utviklingsarbeid og styring av kommunen sin utvikling. Særleg ser vi dette i arbeidet med å dreie tenesteaktiviteten frå barn og unge til eldreomsorg på grunn av endringar i folkesamansetninga i kommunen.

Statsforvaltaren lagar årleg ei oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien. Denne blir publisert kvar sommar og blir omtalt i media. Der sett vi fokuset på korleis den økonomiske situasjonen er på kommunenivå, på bakgrunn av innrapporterte rekneskapstal. Denne vart sendt ut til alle ordførarar og kommunedirektørar.

I tillegg snakkar og skriv vi om bruk av KOSTRA-tal i alle samanheng der det er naturleg å ha dette oppe som tema, både i kontakt med einskildkommunar og i samlingar. Kommunane er godt kjent med KOSTRA-data og at Statsforvaltaren har fokus på dette. Det er grunn til å tru at dette påverkar fokuset kommunane har på bruk av statistikken i eigen verksemd. I 2023 var KOSTRA-tal også tema på økonomisjefssamlinga.

Arbeidet med tett oppfølging av kommunane vil halde fram i 2024.

### 3.1.1.11 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Møre og Romsdal har 10% av kumjølkeproduksjonen i landet, og mjølkeproduksjonen står for to tredjedelar av verdiskapinga frå jordbruket. Det er ei utfordring at berre 50 % av mjølkebruka har lausdrift (tal frå TINE pr desember 2023). Andelen storfekjøttprodusentar med bås fjøs er ikkje kjent. Partnerskapet har for 2024 (som i 2023) prioritert at heile 70 % av midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) skal prioriterast til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, i tillegg til mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, samt ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd. På sau har eksisterande produsentar prioritet. Prosjekt som inneber kapasitetsutviding og nyetablering kan vurderast dersom oppdaterte og langsiktige marknadsprognosar forsvarer auken. I svineproduksjonen kan investeringar for å betre dyrevelferd på etablerte bruk løyvast midlar. Fjorfe vert ikkje prioritert.

Bakgrunnen for den harde prioriteringa er dei nye forskriftskrava for storfe frå 2024, i tillegg til lausdriftskravet frå 2024. Når heile 50 % prosent av mjølkebruka (284 bruk) i fylket har bås fjøs, vil dei nye forskriftskrava få konsekvensar for svært mange produsentar. 26 % av mjølkeproduksjonen skjer i bås fjøs, så mange er mindre produsentar.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2023 tildelt 80,2 mill kr i IBU-midlar. Denne ramma skal dekke støtte til både tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringer. Trass i ein monaleg auke frå 2022 (løyvinga var då 61,1 mill), vart midlane oppbrukt i løpet av hausten. Ved årsskifte 2023/2024 låg 25 søknader på vent med omsøkt tilskot på omlag 60 mill kr. Vidare har det vore god pågang av søknader om investeringstilskot ved generasjonsskifte, samt den nye ordninga med forstudie/ressursavklaring for investeringar. Dette er ei svært nyttig ordning, mellom anna for undersøking og avklaring om eksisterande bygningsmasse kan nyttast vidare.

Påganga av søknader syner at det er satsingsvilje, men mange av bås fjøsa i fylket er i storleiken 15–30 mjølkekyr. Innovasjon Norge skal ha fokus på å støtte lønnsame prosjekt, men det er begrensa lønsemd for mindre bruk, så Statsforvaltaren er uroa over framtida for desse bruka.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor heilt nødvendig at kommunane prioriterer å ha ei robust landbruksforvaltning. Statsforvaltaren har kartlagt antal årsverk pr 31.12, og utviklinga syner ein reduksjon. Dette er ei utvikling i feil retning, noko vi vil ha fokus på i vår dialog med kommunane, der vi vil framheve moglegheitene med interkommunalt samarbeid.

Innan økologisk landbruk er Statsforvaltaren initiativtakar til Økograppa, som består av representantar frå Økologisk M&R, fagлага, NORSØK, NLR og fylkeskommunen. På oppdrag frå Statsforvaltaren har Rurals utført ei kartlegging av moglegheitene for økologisk landbruk i fylket. Basert på rapporten jobba Økograppa fram eit prosjekt med fleire delprosjekt, kalla Utvikling av økologisk landbruk i Møre og Romsdal. Prosjekteigar er NLR. Prosjektet skal vere med å styrke jordbruket i heile fylket, og bidra til kompetanseheving, nettverksbygging og erfaringsdeling innan og mellom ulike produksjonar. I prosjektet er det lagt inn tiltak som har overføringsverdi til konvensjonell produksjon, t.d. tiltak som skal støtte opp om auka produksjon av frukt og grønt generelt i fylket, og tiltak som går på jordhelse, kompostering og dyrevelferd. Statsforvaltaren bidreg inn i fleire av delprosjekta

Prosjektet Tredivaren i Møre og Romsdal har gjennomført andre år av den 3-årig prosjektperioden. Tredivaren er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, Fylkeskommunen, arkitektforeininga og skognæringa.

I 2023 tok Tredivaren initiativ til eit samarbeidsprosjekt med Norsk Bydesagforening, verksemdsklynga InnoTre og Norske trevarer. Desse hadde ikkje samarbeidd før. Effekten er eit utviklings- og samarbeidsprosjekt som heiter «Digital marknads plass». Målet er å lage ein koplingsarena for små- og mellomstore aktørar som vil realisere og styrke trebaserte verdikjeder basert på lokale råvarer. Prosjektet er finansiert av «Kystskogmidlar» og Innovasjon Norge. Tredivaren har kopla inn relevante FoU-miljø.

Saman med Norsk Bydesagforening har Tredivaren kartlagt skog- og trebedrifter i Møre og Romsdal. Behovet for kartlegginga er godt forankra og etterspurt frå aktørar i verdikjeda. Oversikta vil brukast vidare i arbeidet med den digitale portalen.

Effekten frå prosjektet «Digital marknads plass» vil vere auka verdiskaping frå lokalt tømmer som i dag ikkje blir så godt utnytta i dei etablerte verdikjedane.

Tredivaren har god kontakt med fleire av dei trebaserte verksemdene i fylket, og har mellom anna sørga for kopling til FoU-miljø. Sirkulærøkonomi og ombruk av tre har hatt størst merksemd, saman med helseeffektar frå tre i bygg. Effekten av koplinga er på sikt eit betre kunnskapsgrunnlag om

eigenskapane ved tre som enda ikkje er godt utnytta i verdiskaping. Ein annan effekt er støtte til verksemdene sitt arbeid for å møte nye krav til berekraft.

Tredrivaren held fram som koordinator for det nordiske nettverket som skal undersøke helseeffektar ved å bruke tre i interiør. Regionale verksemdar blir trekt med i aktivitetar i nettverket, og kan dra nytte av kontaktar og kompetanse.

I 2023 deltok Fjord Norge på landbruks- og reiselivsmesa Grüne Woche. Saman med Vestland og Rogaland var representantar frå reiselivet, lokalmatsektoren og Statsforvaltaren to veker i Berlin. Frå Møre og Romsdal deltok også to kokkelærlingar. Spesielt lokalmat- og drikke produsentane har god effekt av å delta, fordi det vert knytt band og nettverk. I tillegg er det ein god arena for erfaringsutveksling.

Statsforvaltaren sitt samarbeid med Kompetansenettverk Lokalmat Midt sikrar god gjennomføring av MRmat, ei årleg samling for lokalmatprodusentar i fylket. I 2023 fann samlinga stad på Stranda og deltakinga var høg med over 60 påmeldte aktørar som lærte meir om ulike handverk innan matforedling. I 2023 vart det også annonsert "Kurs i ville vekster" og "Grunnmodul salg og marked" i regi av kompetansenettverket, med bidrag frå Statsforvaltaren. Førstnemnde er utsett til 2024 på grunn av få deltakarar, sistnemnde vart igangsett i 2023 og varer inn i 2024. Statsforvaltaren deltek også i styringsgruppa for kompetansenettverket.

I 2023 vart Statsforvaltaren løyvd midlar til å vidareføre Matgledekorpsset. Korpsset har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Helse- og sosialavdelinga og Landbruksavdelinga. Næringsaktørar og ressurspersonar i kommunane har også bidratt inn i prosjektgruppa. Institusjonane i fylket vart invitert til å sende søknad om besøk av Matgledekorpsset. Det vart gjennomført 3 Matglede-arbeidsseminar i Stranda, Sande og Hustadvika. Totalt var det 96 deltakarar frå 9 kommunar og enda fleire institusjonar. I tillegg vart det arrangert eit Matgledewebinar, for å nå ut til fleire. Der var 25 institusjonar påmeldt. Fokus har vore samanhengen mellom helse, ernæring og matglede. Vi håpar effekten hos deltakande kommunar har vore ei bevisstgjerung hos kjøken, pleiarar og leiling om kor viktig det er med rett ernæring, godt måltidsmiljø og anretning av maten. Med andre ord: betre samarbeid og kommunikasjon mellom fagmiljøa for større Matglede!

Heile løyvinga på kr 200 000 til arbeidet med Matgledekorpsset vart nytta. I tillegg vart det nytta rundt 70 000 kr av Statsforvaltaren sitt eige budsjett. Statsforvaltaren stod for prosjektleinga i år.

Basert på arbeidet i Inn på tunet-løftet 2020-2022, har Inn på tunet Norge SA med bidrag frå Statsforvaltaren jobba fram prosjektet "Innovasjon for auka bruk av Inn på Tunet i Møre og Romsdal og Trøndelag." Inn på tunet Norge SA er prosjekteigar og Statsforvaltaren deltek i prosjektgruppa. Prosjektet starta opp i slutten av 2023 og avsluttast i 2025. Formålet med prosjektet er å gjere velferdstenester frå landbruket, som Inn på tunet, til ei føretrekt teneste med høg kvalitet og rett kompetanse.

Statsforvaltaren samarbeider ellers med Matfestivalen i Ålesund, Innovasjonsfestivalen, Hanen Møre og Romsdal og Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK). Vi er involvert i to prosjekt med NORSØK som er innvilga 3-årige tilskot frå Fylkeskommunen: Eit skulehageprosjekt og eit lokalmatprosjekt som har som mål å skape betre nettverk for lokalmatprodusentar i fylket. Lokalmatprosjektet har oppstart i 2024. Næringa er tydeleg på at eit betre nettverk er sterkt ønska.

Statsforvaltaren bidreg i partnerskapet hoppid.no, saman med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge. hoppid.no skal legge til rette for nyetableringar ved å vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. Vi har i 2023 deltatt i planlegging av inntil 10 mobiliseringsmøter i fylket i 2024, under namnet "Garden som ressurs". Statsforvaltaren skal også bidra i gjennomføringa.

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege landbruksmøtet der vi samlar tilsette og tillitsvalde i organisasjonane i landbruket. Vi deltek aktivt i Agriforsk (tidlegare Grøn Forskning Midt-Norge), m.a. i styringsgruppa og i næringsgrupper. I næringsgruppene vert bonden sine problemstillingar løfta opp til forskingsprosjekt, og arbeidet har bidratt til mange FoU-prosjekt i Midt-Norge. Eit viktig resultat av arbeidet er etableringa av jordbrukskynga Agritech Cluster.

For å sikre tilstrekkelig måloppnåing er Statsforvaltaren avhengig av at bonden og skogbrukaren har gode og trygge rammer rundt drifta si, og at kommunane har tilstrekkelig med ressursar og kompetanse på aktuelle fagområde.

#### Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

God ivaretagelse av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Statsforvaltaren deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket. Fylkestinget har vedtatt Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026. Partnerskapet var tett på utarbeidinga og no fylkesstrategien sin handlingsplan. Fleire av tiltaka i handlingsplanen inngår i Statsforvaltaren sitt arbeid med næringsutvikling.

Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge, faglag og Allskog, er god. Statsforvaltaren tek initiativ, mobiliserer og bidreg med vår kompetanse, samt samordnar og målrettar innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla. Vi er ofte involvert i tidleg fase av prosjekt som ynskjer støtte frå dei regionale tilretteleggingsmidla, både som sparringspartner og ved å koble saman aktuelle personar/aktørar. Statsforvaltaren har tatt initiativ til jamne møter med Innovasjon Norge og fylkeskommunen på saksbehandlingsnivå, for erfaringsdeling og effektiv samhandling.

Statsforvaltaren deltek i næringsutviklingsarbeidet gjennom Tredrivarprosjektet, men også som part i Kystskogbruket, saman med Fylkeskommunen og skognæringa.

Nokre utfordringar vi har jobba med er auka bruk av tre og trebasert verdiskaping, klimabidrag frå skogbruket og skogproduksjon. Vi har jobba med å gjere kjend Skogbrukets kursinstitutt sin «Veileder for hogstaldar», ettersom 80 prosent av grana her i fylket blir hogd i hogstklasse 4. Dette er 15-20 år før grana har utnytta vekstpotensialet sitt og nådd optimal alder for hogst, og også før grana har kome i den mest produktive alderen, med høgast kapasitet for karbonbinding. Ei forklaring på den tidlege hogsten er lite kunnskap om grana sitt potensial i vårt fylke.

Statsforvaltaren strebar etter å jobbe i tråd med dei nasjonale og regionale strategiane for landbruk. Det er i 2023 sett i gong fleire tiltak som alle er utarbeidd med bakgrunn i gjeldande strategiar, mellom anna Fylkesstrategi for landbruk.

Gjennom ulike prosjekt og samarbeid som nemt i punkt 3.1.1.11 "Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet" er Statsforvaltaren med på å legge til rette for auka verdiskaping både i primærlandbruket og i tilleggsnæringane.

Utfordringane er dei same som i punkt 3.1.1.11.

#### Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

Årlig forynga areal har auka dei siste åra, men det er framleis areal som ikkje vert planta til. Foryningsplikt har hatt stort fokus ved alle kontaktflater til kommunane. Vi merkar også effekt av at entreprenørane no tek dette meir alvorleg. Det skuldast nok krava i PEFC. Men vi ser framleis at det burde vore betre og meir samhandling/dialog mellom kommune og planteaktørar. Det vil klargjere roller og vidare oppfølging.

Kommunane vert jamnleg gjennom året minna på oppgåvene med resultatkartlegging og foryngelseskontroll. På slutten av året vert skogbruksansvarleg kontakta personleg.

Grunna store skader av gransnutebille ventar vi tre år med å plante etter hogst. Det gjer at mange bestand ikkje er forynga ved tidspunkt for kontroll. Ventetida gir mykje anna problematikk, men vi ser framleis ikkje betre løysingar. Til våren vil det bli forsøkt å plante tidlegare med ein ny plantetype nærare hogsttidspunkt.

#### Foryngelse etter hogst (opplæring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekk antall felt/kontrollfelt	Antall slutført pr. 30.6	Antall slutført pr. 30.11	Antall ikke påbegynt 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	45	0	0	0	0
Foryngelseskontroll	165	70	140	15	71

#### Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2023	3	5
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Middels	Middels
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2024	3	5

#### Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Vi vurderer kommunane si forvaltning av dei økonomiske verkemidla i skogbruket som tilfredsstillande. Gjennomførte forvaltningskontrollar viser få og små avvik. Ein ser likevel ulik aktivitet og satsing mellom kommunar. Tradisjonelle skogkommunar har meir skogkulturaktivitet enn skogreisingskommunar.

Tilskotsnivå varierer noko mellom kommunar, men det er også distriktsvise samarbeid. Stor forskjellar er ikkje heldig. Siste året har vi hatt ein taubane gåande i fylket. Tilskot til drift med taubane har hatt dels stor variasjon mellom kommunane. Det er også utfordrande at tilskotsmidlar til taubane utgjer ein prosentvis stor del av tilskotsmidla som fylket er tildelt til veg og drift.

Statsforvaltaren har god og jamnleg kontakt med kommunane og dermed ei løpande rettleiing. Vi hadde i 2023 fleire kompetansebyggande webinar og ei fysisk fagsamling med ulike skogtema.

Fleire kommunar har etablert ordningar med "skogpådrivar". Ein ser at dette er viktig, spesielt med tanke på å auke skogkulturaktiviteten. Det er naudsynt å bruke noko midlar frå Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) til dette. Personleg frammøte og synfaring med rådgjeving er avgjerande. Samarbeid med, og tilgong på entreprenørar til å utføre arbeidet er også viktig.

Statsforvaltaren inviterer alltid nyttilsette i kommunane for opplæring og aktuell informasjon.

Ein auka "pott" med rentemidlar vil kunne gje større handlingsrom for innleige av pådrivarar.

Ein ser også at dei fleste kommunane utarbeider retningslinjer i samråd med fleire nabokommunar for å harmonisere satsane på tilskot, men også for meir stabilitet i høve entreprenørar. Noko meir involvering av tillitsvalde i skogeigarorganisasjonene hadde vore bra, men ei betring er å spore.

Statsforvaltaren har sett av prosjektmidlar til støtte for utgreiing og rettleiing knytt til veganlegg. Dette er midlar som går til profesjonell vegplanleggar før ein har bestemt om veganlegget blir ein realitet. Vi vil på oppmoding frå kommunane vidareføre prosjektet så lenge det er midlar att.

Vi ser det er viktig at statsforvaltaren har kompetanse om landbruksvegar. Det gjeld både vurderingar av nytte og føring i fagsystemet ØKS - Økonomisystemet for skogordningene. Driftstilskot handterer dei fleste kommunane greit, men fleire har lite erfaring med sakshandsaming av vegsaker, og det krev difor god oppfølging skal systemet brukast rett. Vi vil auke informasjonen til kommunane kring bruken av ØKS. Då det er lite kompetanse på teknisk vegplanlegging i kommunane, er det i fylket avsett ein pott for gratis vegplanlegging fram til skogeigar(ar) bestemmer seg for prosjekt eller ikkje. Det er bruka omlag kr 182 000 på 6 prosjekt i 2023 av denne potten.

#### Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	21	7
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	4	4

*Infrastruktur: Fleire kommunar kunne gjort meir for å få i gong gode tiltak. Skogkultur: Manglande kompetanse og stillingsbrøk pregar forvaltning av midlane i nokre kommunar. Miljøtiltak: Ordninga er lite nytta i vårt fylke. Kommunane er informert om ordninga, spesielt i samband med skogbruksplanprosjekt.*

#### Økonomiske virkemidler i skogbruket (resultatopnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	21	5
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	5	4

*Infrastruktur og skogkultur: Manglande kompetanse og stillingsbrøk pregar aktivitet og bruk av tilskotsmidlar i nokre kommunar. Miljøtiltak: Mange nye skogbruksplaner dei siste åra burde ført til større bruk av desse midlane.*

#### Økonomiske virkemidler i skogbruket (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Vi har i fleire år hatt stort fokus på planting. Ein vonar noko av effekten er synleggjort siste år. Det er stort behov for ungsoggleie i fylket og dette bør og få prioritet framover. Vi vil fokusere på desse tiltaka året som kjem, og informere om gode tilskotsordningar saman med bruk av skogfond. Kommunane vert oppmoda til bruk av "skogpådrivarar" for å få hjelp til dette arbeidet.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Det er ei utfordring med infrastrukturmidlane, at kommunane ikkje har nok prosjekt, og det difor krev mykje hjelp undervegs. Store prosjekt blir lagt inn i vegbank, men det er ikkje ramme til fullfinansiering, slik at store prosjekt må løyvest over år, med dei ulempene det medfører. Eller kan løyvest opp mot slutten av året med tilleggslyøve frå Landbruksdirektoratet. Vegplanleggjarkompetanse inn tidleg i prosjekta har gitt gode grunnlag, og gode prosjekt, men blant annet auka bruken av Vegbank er noko det må fokuserast meir på her i fylket, saman med oppfrisking i bruk av ØKS på veg.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Dette er ei ordning som er lite kjent av skogeigarar og fleire kommunar. Vi informerer årleg om ordninga i tildelingsbrev. Framover vil vi ha auka fokus på å informere om ordninga ved slutføring av skogbruksplanprosjekt

### 3.1.1.12 Bærekraftig landbruk

Regionale miljøtilskot (RMP) er eit viktig verkty for å få til eit bærekraftig landbruk. Fleire av tiltaka i miljøprogrammet er innretta mot ei jordbruksdrift som ivaretek både miljø og biologisk mangfald. Rett bruk av husdyrgjødsel, mindre avrenning frå åkerbruk, og tilrettelegging for hekkande fugl er eksempel på slike tiltak. Vi har også klimarådgiving, der det blir utarbeidd tiltaksplan for det enkelte bruk med sikte på meir klimavenleg produksjon.

NIBIO er i gang med jordsmonnkartlegging. Hittil er berre to kommunar ferdig kartlagt (13 % av fylket), men den tredje (og største jordbrukskommunen i fylket) er nesten ferdig. Dette trur vi etter kvart kan bli nyttig for klimaplanlegging og for å redusere avrenning.

Innan Klima- og miljøprogrammet (KMP) har det vore ein svak nedgang i søknader, men det kan skuldast omorganisering i Norsk Landbruksrådgiving som resulterte i få søknader i 2023. Det er signal om opptil fleire prosjekt for 2024 frå NLR. Statsforvaltaren har framskunda søknadsprosess og frist samanlikna med tidlegare år, for å tilpasse seg vekstsesongen og håpar å få prosjekta klar for barmarkssesong. Håpar dette gir effekt for 2024. Dei beste prosjekta har vore kursa/fagdagar for bøndene, men cowid har dratt dei ut, noko som reduserer oversikt over framdrift i prosjekta.

#### Tilskot til tiltak i beiteområde

Under ordninga tilskot til tiltak i beiteområde har Møre og Romsdal ei lita ramme til fordeling til kommunane. Det er vanskeleg å fordele midlane, sidan søknadsmengda varierer frå år til år i kvar enkelt kommune. Statsforvaltaren flyttar difor midlar mellom kommunane fleire gonger i løpet av året, for å få best bruk av midlane.

Det er søknader om vanlege tiltak i fellesbeite; som skilje- og sorteringsanlegg, bruer, skilt og saltsteinsautomatar. I tillegg er det aukande konflikt om arealbruk, som fører til auka behov for gjerder i utmarka. Kommunane melder om auka interesse for sperregjerde mot veg eller andre interesser, samt helst digitale gjerdeløysingar for å halde beitedyr innfor beiteareala. Dei digitale gjerdessystema er svært kostbare tiltak, som kommunane ikkje har nok

midlar til å gje tilskot til alle som ynskjer. Det er også stor interesse for elektronisk overvåkingsutstyr.

Felles for kommunane er at dei melder om auka vanskar og konflikter med beiting i utmark, særskilt ved beiting med storfe.

Statsforvaltaren førte i 2023 kontroll med kommunane sine lokale retningslinjer for tildeling av tilskot til tiltak i beiteområde. Vi fann at mange av kommunane mangla, eller hadde veldig mangelfulle retningslinjer. Kommunane utbetrar det no.

### Regionale miljøutfordringar (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Jordbruket i Møre og Romsdal er dominert av grasproduksjon og husdyrhold. Å utnytte husdyrgjødsel best mogleg og unngå næringstap til luft og vassdrag vurderer vi som gode miljøtiltak. Det største enkelttiltaket innan Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) er tilskot til spreing av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesong, som bidreg til at næringsstoffa blir tatt opp av plantene i staden for næringstap til luft og vassdrag. Det blir også brukt slangespreiingsutstyr på stadig meir areal, i kombinasjon med enten spreing i vår-/vekstsesong eller med nedleggings-/nedfellingsutstyr. Det bidreg ytterlegare til miljøriktig gjødselspreiing samt mindre jordpakking.

Ein god nummer to i fylket er tilskot til slått av bratt areal. Møre og Romsdal har mykje bratt areal. Slikt areal er ofte godt synleg og det betyr derfor mykje for kulturlandskapet. Det er viktig å bidra til fortsatt drift på slike areal.

Vi har også tilskot til drift av særleg verdifulle jordbrukslandskap, drift av beitelag, slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, tilrettelegging for hekkeområde for fugl, setring, skjøtsel av freda kulturminne, vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding, grasdekte kantsoner og vedlikehald.

Drenering er også eit godt miljøtiltak, og tilskot til drenering er eit godt virkemiddel. Det er mykje areal i fylket som er i dårleg hevd dreneringsmessig. På grunn av topografi, grunnforhold og teigstorleik er kostnadene med drenering store, men vi såg auka aktivitet i 2023 samanlikna med tidlegare år. Mykje leigejord påverkar også dreneringsaktiviteten.

Fylket har variasjon i type jordbruksdrift grunna forskjellar i lokalklima, topografi, jordsmonn m.m. Dette gir ulike miljøutfordringar og prioriteringar i kommunane. Det blir tilstreba at kommunane også i sine strategiar for bruk av midlar frå ordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) dreg i same retning som det regionale miljøprogrammet (RMP).

I Møre og Romsdal er utmarksbeite ein viktig fôrressurs, men det blir fleire og fleire utfordringar rundt arealbruk i utmark. Under ordninga tilskot til tiltak i beiteområde melder kommunane store behov for midlar til digitale gjerdesystem, slik at beitebrukarar kan få betre styring på beitedyra for å unngå konflikt med andre interesser. Dei digitale gjerdesystema er svært dyre tiltak. Det er lite midlar i den fylkesvise ramma for ordninga, og det gjer det utfordrande å fordele tilskotsmidlane mellom kommunane. Det går også ein del midlar til dei tradisjonelle samarbeidstiltaka som skal lette beitebruk i utmark; som sanke- og skiljesystem og bruer.

### Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Kulturlandskap	33 %
Biologisk mangfold	2 %
Kulturminner og kulturmiljøer	9 %
Avrenning til vann	7 %
Utslipp til luft	49 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

### Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)

#### Rapportere på

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

I 2023 har vi hatt fleire webinar om forvaltning av miljøvirkemidlane for kommunane. Det har også vore tema på kommunesamling og i ulike møte. Vi har eigne nettsider for dei ulike ordningane, kor vi publiserer nyheitsartiklar og oppdatert informasjon. Kommunane blir informert om aktuelle saker gjennom eit vekevis nyheitsbrev for kommunal landbruksforvaltning.

Informasjon om Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) er gjort kjent på heimeside og blir sendt til kommunane med oppmoding om direkte

informasjon til bøndene (e-post, SMS, Facebook) samt at kommunane legg ut på egne heimesider. På same måte er det med ordningane Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og drenering.

Vi opplever at desse ordningane er godt kjent for aktuelle søkjarar, landbruksorganisasjonane og kommunane i fylket. Det er relativt stabil søknadsmasse.

Midlane frå Klima- og miljøprogrammet (KMP) lysast ut kvart år, og aktuelle søkjarar blir informert om utlysning. Ved 2. gongs utlysning tilskrivast alle aktuelle søkjarar i runde 2 også. Det er forsøkt å framskude utlysninga for å vere meir i framkant av årets vekstsesson.

### Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	42	44	44	46	43	41

### Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Søknadsmassen for regionale miljøtilskot har vore nokså jamn over tid. I enkeltår kan det vere litt mindre omfang på enkelttiltak som t.d. tidlegspreiing (særleg i ekstra nedbørrike år), men jamnt over held omfanget seg på omtrent same nivå trass i at det blir færre bruk totalt.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SMIL har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Dei siste fem år har talet på SMIL-tilskot har haldt seg relativt stabilt rundt 200 – 250 søknadar kvart år. I 2023 var det ei auke på 24 % mot fjoråret. Det varierer kor mykje kommunane jobbar med ordninga, men dei fleste jobbar godt. I 2023 gjennomført vi kontroll på lokale retningslinjer og vidare arbeid med desse vil vere med på å gjere forvaltninga av - og informasjonen om SMIL-ordninga betre.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Det har nok vore ein synkende tendens i omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Omfanget av innvilga søknader om tilskot til drenering har variert dei siste fem år, med ei kraftig auke frå 2022 til 2023 (73 %). Dei siste fem år har omfanget av innvilga UKL-tilskot variert, mykje grunna variasjonar i tildeling og andel inndregne midlar. Årsramma for områda blir i dei fleste tilfelle brukt opp og vi registrerer stor etterspørsel etter midlar.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjere ordningene kjent.	Kommunane blir informert gjennom kommunesamlingar/møte (fysiske og digitale) og gjennom eit ukentlig nyheitsbrev for kommunal landbruksforvaltning. Vi lager informasjon om RMP som kommunane distribuerer ut til kvar enkelt søkjar om produksjonstilskot. Kommunane har sine egne e-postlister eller SMS-lister som blir brukt. I tillegg ligg informasjon tilgjengeleg på heimesider. For UKL og Verdsarv har vi kontakt med både kommune og grunneigarar/drivar gjennom deltakelse i ulike utval og arbeid med planar m.v.

### 3.1.1.13 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Barnehageeigarar har tilsette med slik prosentvis fordelt kompetanse; 41,1 % av dei tilsette i barnehagane i Møre og Romsdal er utdanna barnehagelærar, 3,5 % har tilsvarande eller anna høgare utdanning. 27,6 % av dei tilsette har fagbrev. 27,1 % har anna bakgrunn. Det er ei utfordring, særleg for dei mindre kommunane, å rekruttere og behalde barnehagelærarar. I 89 av 258 barnehagar er det tilsette med dispensasjon frå utdanningskravet. Det er mange små barnehagar i fylket vårt, derfor har det å jobbe i nettverk med andre på tvers av kommunane bidratt positivt til kompetanseutvikling. Gjennom dei fem samarbeidsforuma har til saman 238 barnehagar tatt del i kompetanseutviklingsordninga, og årsrapporteringa viser gode tilbakemeldingar. Gjennomgåande tema for alle nettverka er psykososialt barnehagemiljø, barnehagen sitt verdigrunnlag og barnehagen som pedagogisk verksemd.

Det er gjort eit stort arbeid i regionane med å sette seg inn i Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, danne tverrsektorielt samarbeid og vurdere kompetansebehov. Arbeidet med KOSIP i regi av Høgskulen i Volda blir trekt fram som ein suksessfaktor for det grundige arbeidet som er gjort. PPT deltar i alle samarbeida, og barnevem og helsestasjon er med i fleire. Totalt er 223 barnehagar involvert i arbeidet. Foreldreundersøkinga viser 4,8 på barns trivsel og 4,5 på tilfredsheit.

Det er totalt 178 grunnskolar i Møre og Romsdal skoleåret 2023/2024. Dette fordelt på 156 kommunale, 1 interkommunal og 21 private skolar. Det er til saman 3693 lærarar i fylket. 3488 lærarar oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. 202 lærarar oppfyller ikkje kompetansekrava for tilsetjing jf. GSI.

Gjennom oppfølgingsordninga, grunnskule, har den eine kommunen kome godt i gang med gjennomføringsfasen, etter eit godt forarbeid. Saman med Statsforvaltar, eksterne rettleiarar, kommunalsjef og rektor, har kommunen analysert og laga ein god plan for gjennomføringsfasen. Det er for tidleg å vurdere effekten. Likevel er det grunn til å tru at dette vil vere med på å heve kompetansen til leiing i kommunen og tilsette i skolen, som igjen vil kome barn og unge til gode når det gjeld læringsmiljø, utvikling og trivsel.

Etter resultat av klagesaker på vedtak om spesialundervisning og ulike spørsmål frå sektor, deltok vi på eit møte med PPT-leiarane i fylket. Frå Statsforvaltaren si side, var det fokus på kapittel 5 i opplæringslova. Vi har fått tilbakemelding om at eit slikt møte var særst nyttig.

Dette er alle døme på tiltak for å heve kompetanse som igjen fremmar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unge sine behov.

Statsforvaltaren erfarer at barnehage- og skoleeigarar har kompetanse- og rekrutteringsutfordringar. Kompetanseordningane og vidareutdanningstilboda bidrar til at tilsette aukar kompetanse som fremmar utvikling, læring og trivsel. Likevel er variasjonen mellom kommunane stor.

### Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

I samarbeid med samarbeidsforaene har vi lagt opp til regionale, digitale møte gjennom året for å følge opp arbeidet med kompetanseordningane overfor kommunar og fylkeskommune. Slik har vi hatt tett dialog i prosessane knytt til arbeidet fram mot innstilling, seinare tildeling av midlar og rapportering. Vi har bistått med rettleiing ved behov for å sikre at arbeidet følger intensjonen med ordninga.

Mellom desse møtepunkta har vi tett dialog med leiarane i dei ulike samarbeidsforaene, UH og andre aktuelle aktørar i ordninga for å sikre at kompetansetiltaka er i tråd med lokale vurderingar og kompetansebehov.

I november 2023 samla vi samarbeidsforaene i fylket til ei felles fylkessamling. Målet med samlinga var å dele erfaringar som er gjort i partnerskapet mellom regionane og UH. Partnerskapa la fram lokale eksempel og innleia til diskusjon om aktuelle problemstillingar. Samlinga var ein god arena for å dele erfaringar og hente inspirasjon på tvers av det regionale arbeidet.

**Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)****Rapportere på**

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttetjenester er inkludert

I samarbeid med leiar av samarbeidsforum har vi lagt opp til digitale møte gjennom året. I møta blir vi orientert om arbeidet som blir gjort ute i regionane og vi rettleier for det vidare arbeidet. Vi har vektlagt styrken ved at det er nødvendig å kople fleire tenester til arbeidet. Vi har også orientert om Kompetanseløftet i andre tverrfaglege dialogmøte, til dømes i dialogmøte med kommunane om barnevernsreforma.

Samansetting av arbeidsgruppene lokalt i eit tverrsektorielt perspektiv har vore tema på fleire av møta, og vi har oppmoda om å inkludere aktuelle samarbeidspartar i arbeidet.

Høgskulen i Volda har vore ein god ressurs i arbeidet med rolleforståing og har hatt innspel om handlingsrommet i eit slikt samarbeid. PPT deltar i partnerskapa lokalt i heile fylket. I tre av samarbeidsforaene er også helsestasjon, skulehelseteneste og bamevern med i arbeidet. Det varierer om PPT deltar i møta i samarbeidsforaene. Statped er og viktig i arbeidet og er representert i alle samarbeidsfora.

Vi har arbeid for tettare dialog mellom aktørane og for å sikre at PPT er aktive og godt inkluderte i alle dei regionale foruma.

**Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Dei to kommunane som deltar i oppfølgingsordninga i Møre og Romsdal har gjennom forfasen hatt dei same eksterne rettleiarane. Vi har deltatt i planlegginga og gjennomføringa av samlingane med kommunane, både gjennom ulike møte.

I løpet av våren 2023 deltok UH-sektoren i rettleiinga for å skape ein god overgang mellom arbeidet i forfasen og til korleis dette kan gjennomførast saman med UH i gjennomføringsfasen. Dette med tanke på å kunne sjå heilskapleg på rettleiingsarbeidet i forfasen og for å bygge system og legge til rette for å gjennomføre relevante og gode kvalitetsutviklingsprosessar i kommunane. Vi ser i ettertid at UH kunne vore tidlegare kopla på i forfasen. Dette for å skape betre samanheng mellom oppfølgingsordninga og anna utviklingsarbeid.

Kommunane har gitt gode tilbakemeldingar på støtta dei har fått. Det dreier seg i stor grad om støtte til å skape forankring i utviklingsarbeidet og kartlegging, samt analyse av kompetansebehov. Råd om kva og korleis ein kan leie utviklingsarbeid har vore sentralt for å bygge kapasitet til gjennomføring av systematisk og langsiktig arbeid med kompetanse- og kvalitetsutvikling.

**Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Statsforvaltaren har i starten av gjennomføringsfasen hatt tett kontakt med kommunane. Vi har bidratt med hjelp og rettleiing for å prioritere tiltak. Statsforvaltaren har vektlagt å få fram samanhengen med andre kompetansetiltak kommunane deltar i.

Begge kommunane har i overgangen mellom forfasen og gjennomføringsfasen gjort endringar på skuleeigarnivå. Dette har skapt nokre utfordringar



som kommunane har løyst på ulike måtar. I den eine kommunen omorganiserte dei leiarkabalen på kommunenivå og har helde fram arbeidet saman med UH og Statsforvaltaren om korleis dei skal arbeide med hovudområda for tiltak utarbeidde i forfasen. I den andre kommunen har dei hatt utfordringar med kontinuitet frå analyser gjort i forfasen og til tiltak i gjennomføringsfasen. Statsforvaltaren følgjer dette opp i 2024.

Det utfordringsbildet kommunane står i ved starten av gjennomføringsfasen vert det jobba vidare med gjennom oppfølgingsordninga, og vi arbeider for å ha fokus på å at kommunane får høve til å utvikle kultur for utviklingsarbeid i tråd med tiltaka planlagt i forfasen. I dette er arbeidet er UH-sektoren spesielt viktig.

Kommunane er ulikt komne i arbeidet. Det er for tidleg å seie om tiltaka som er iverksett bidrar til betre læringsmiljø og læringsutbytte. Med bakgrunn i tiltaka som er planlagt gjennomført, og med stabilt og kontinuerleg arbeid med utviklingsarbeidet i kommunane, er det etter vår vurdering grunn til å forvente at oppfølgingsordninga vil gi positiv effekt på læringsutbytte og læringsmiljø.

### 3.1.1.14 Andre oppdrag

#### CRPD

Vi har delteke på Bufdir si opplæring, oppstartsmøte og månadmøter knytt til CRPD-prosjektet. Ei intern tverrfagleg samarbeidsgruppe har fått ansvaret for å lage ein handlingsplan for vårt CRPD-arbeid internt og retta mot kommunane. Intern opplæring i embetet er gjennomført i alle avdelingar hausten 2023. Alle tilsette hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har no god kjennskap til kva CRPD-konvensjonen handlar om.

Vi har tatt opp CRPD som tema i ulike webinar, fagsamlingar, i regionalt planforum, kommunedialogen, konferansar og i våre høyringssvar til kommunale planstrategiar og kommuneplanar.

#### Handlingsplan vald i nære relasjonar

Saman med RVTS har vi jobba systematisk for at alle kommunane i fylket skal ha ein førebyggjande plan. Alle våre kommunar har no ei slik plan.

#### Gjere dei valdsførebyggjande verktya "Jeg vet" og "Snakke sammen" kjent.

Vi vurderer at det å ha eit tett samarbeid med RVTS er særleg viktig i dette arbeidet. God samhandling er eit viktig grunnlag for saman å førebygge og beskytte barn mot å bli utsett for mobbing, krenking, vald og overgrep. For å vurdere effekten av tiltaka våre, tok vi direkte kontakt med ansvarlege i kommunen for å høyre om dei har gjort seg kjent med "Jeg vet" og "Snakke sammen", og om dette vert brukt i barnehage og skole. Dei aller fleste kommunane, med nokre få unntak, har gjort læringsverktøyet "Jeg vet" kjent i oppvekstsektoren, men dei aller fleste kommunane har ikkje teke verktøyet i bruk. Fleire informerer om at dei skal prioritere dette arbeidet i 2024. Mange av kommunane rapporterer at dei bruker verktøyet «Snakke sammen».

Etter dialog og tilbakemelding frå kommunen, vurderer vi at å halde fagdagar, kurs og det å ta kontakt med kommunar direkte, har god effekt. I dialogen kjem det også fram at nokre kommunar står i ein krevjande situasjon der dei skal oppdatere seg på ny opplæringslov, legge til rette for tverrfagleg samarbeid, legge plan for førebygging og BTI. Her kjem det fram at kommunane ser det som ei utfordring å innføre noko «nytt». Det kan sjå ut til at presset på kommunane og skulane fører til at implementeringsarbeidet blir forsinka. Det kan hende at om det vert lagt større vekt på formidling av *bakgrunnen* for utviklinga av desse verktyane direkte ut til skular, barnehagar og eigarar, at dei i større grad har vorte teke i bruk?

### 3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

#### 3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Vår vurdering er at kommunane i Møre og Romsdal har stor merksemd på utfordringane og behovet for å samordne tenestene på oppvekst- og velferdsområdet. Målet om førebygging og tidleg innsats er forstått og akseptert, og mange kommunar arbeider iherdig med å utarbeide strukturar for samarbeid og samordning av tenestene til barn og unge.

Det er framleis store variasjonar i kor langt kommunane har kome i å nå målet om gode og heilskaplege tenester til utsette barn og unge. Vi ser at det er ei utfordring å skape ei oversikt og sjå samanhengane mellom dei ulike satsingane i fagfelta på alle tenestenivå i kommunen. Det kan til dømes være enkeltpersonar i kommunane som har ei koordinerande eller overordna rolle for oppvekstfeltet som har god oversikt, men dei som utøver tenestene har mindre oversikt. Utfordringa er i stor grad også å implementere planane og strukturane som blir laga på alle nivå og i alle tenestemråda, slik at dei faktisk kan verke saman.

Det har dei siste åra kome fleire ulike satsingar og sentrale føringar i dei ulike fagfelta som skal støtte opp under arbeidet. Det tek tid å samordne og implementere nye strukturar og måtar å samhandle på, men vi meiner at det er ei positiv utvikling og at det går framover i riktig retning. Dei juridiske og faglege rammene for å nå målet er til stades, oppgåva er forstått, men det tek tid å sikre at endringane skjer i praksis.

Av eigen innsats, har både leiinga og dei ulike fagområda gjennomført dialogmøte, webinar, fag- og leiarsamlingar med kommunale og regionale instansar, der tverr-sektoriell og tidleg innsats til utsette barn og unge har vore tema. Vi har mellom anna lagt vekt på gjennomføring av barnevernsreforma som ei oppvekstreform, tiltak mot utanforskap i barnehage og skule, psykisk helsearbeid og kommunen si plikt til å utarbeide plan for det førebyggjande arbeidet.

Vi har gjennom våre ulike kontaktpunkt med kommunane også lagt vekt på å sjå dei ulike satsingane i samanheng med dei etablerte modellane som kommunane allereie har. Dette særleg knytt til Barn og unges helseteneste og BTI-modellen. Vi ser at det er viktig med informasjonsarbeid når det kjem nye føringar og at det er nyttig med nettverk og erfaringsutveksling.

Vi meiner våre bidrag er viktige for å halde merksemd på prioritering av førebygging og samordning av tenestene til utsette barn og unge, høgt oppe på alle nivå i kommunane!

#### **Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

#### **Status og vurdering av samordna tenestetilbud**

Tenestetilbudet til utsette barn og unge varierer framleis for mykje. Fleire kommunar har gode tilbod på førebyggjande nivå, og det er gode eksempel på at det er oppretta tverrsektorielle lågterskeltilbud for barn og unge etter tildelte tilskotsmidlar. Andre kommunar har få tilbod i kommunen, men vi ser og at mange kommunar samarbeider om tenester og tiltak.

Det varierer også i kor stor grad tenestetilbudet er samordna. I nokre kommunar er tenestene uoversiktlige og fragmenterte. Innafor psykisk helse og rusfeltet ser vi ei positiv utvikling av organiseringa av arbeidet med å samordne tenestene og tilbodet. Det er positivt at alle kommunane er med i ei felles satsing saman med Helse Møre og Romsdal HF om prosjektet "Barn og unges helsetjeneste". Dei jobbar saman om å implementere 7 samhandlingsforløp i tenestene rundt barn og ungdom med psykiske helseutfordringar. Det er også ei styrke at 18 kommunar i fylket jobbar med BTI modellen. Det er veldig bra at begge desse satsingane har eit samarbeid om implementering frå kompetansesentra og prosjektleiar i Helse Møre og Romsdal. Vi deltek i arbeidsseminar og nettverk i begge satsingane og kan med det påverke og følgje med utviklinga.

#### **Er lovbestemmelsen om samarbeid i velferdslovgivninga kjent?**

Tema om endringane i velferdslovgivninga, ny rettleiar og organisering av barnekoordinator, tverrfagleg samarbeid, individuell plan, har vi tatt opp både i webinar og i nettverkssamlingar. Målgruppa har vore aktuelle frå kommunar og helseforetak. Det store engasjementet vurderer vi som at behovet for informasjon og kompetanseheving på området er stort.

#### **Hvilken instans skal ha koordineringsansvaret i kommunen**

Kommunane har organisert ordninga om barnekoordinator ulikt. Nokre kommunar har oppretta egne stillingar men med ulik plassering i organisasjonen. Dei fleste kommunar vel å ikkje opprette ein eigen stilling, men legg ansvaret for barnekoordinator til koordinerande eining med ein styrka ressurs.

#### **Kompetanseutviklingsbehov**

Det er ei stor utfordring for kommunane at det er høg turnover i dei ulike tenestene og vanskeleg å rekruttere nok og rett kompetanse. Informasjonsarbeid og forankringsarbeid er ei kontinuerleg oppgåve og vi får tilbakemelding om at kommunane ønskjer meir kompetanse på fleire område:

- teikn og signal på at barn og unge blir utsette for vald og overgrep, korleis snakke med barn om vanskelege tema, skilje mellom meldeplikt, opplysningsplikt, avvergeplikt og teieplikt.
- Det er ein del kommunar som er bekymra for auke av vald og rusproblematikk hos ungdom og vi vurderer at kommunane framleis treng opplæring på desse områda. Vi vil difor halde fram med å gi tilbod om kompetanseheving og rettleiing om førebygging av vald og overgrep mot barn og unge i samarbeid med kompetansesentera.
- Vi vil og trekke fram behov for økt kompetanse i implementering og planarbeid i faggruppene, for å sikre eit meir samordna tenestetilbud.
- Det er framleis behov for å styrke kompetansen i å samordne og implementere arbeidet på ein systematisk måte.

#### **Hovedutfordring kommunane sett under ett og SF sin innsats**

Turnover og rekrutteringsutfordringar er ei stor utfordring for mange tenesteområde og kommunar.

Ei anna hovudutfordring vi ser, gjeld barna som har dei største, komplekse utfordringane. Det manglar gode tiltak og koordinering og samordning er ikkje godt nok rigga for desse barna.

Dei barna som har store behov for tenester frå fleire instansar, særleg innan psykisk helse og barnevern, får framleis ikkje rett hjelp til rett tid. Dette får alvorlege konsekvensar for den gruppa barn og unge det gjeld. Vårt inntrykk er at mange kommunar har jobba fram modellar og strukturar, men at utfordringa er å forankre og implementere det vidare ut i alle tenesteledda. Det krev god tverrsektoriell leiing, prioritet og oppfølging av tiltaka i alle ledd.

Når det gjeld kravet om at alle kommunar skal vedta ein førebyggjande plan for barn og unge, har vi arbeidd ein god del med det i ulike fora gjennom året. Denne planen er eit viktig verkemiddel for å samordne tenestene til utsette barn og unge. Vi har sendt brev til kommunane for å understreke kommunens ansvar for å vedta plana, og vi har bedt om å få tilsendt plan for det førebyggjande arbeidet med frist i juni 2024. Bakgrunnen

for brevet, var at vi var kjend med at få kommunar hadde vedtatt ei førebyggjande plan, og at det var stor variasjon i kor langt prosessane var komne. Vi har inntrykk av at dei fleste kommunane er godt i gang med å utarbeide planane, og at dei gjer det på ein brei og grundig måte.

Statsforvaltaren ser positivt på det grundige planarbeidet, men er også uroa over at utviklinga av tenester og tiltak og samordning av desse, har for lav framdrift. Ved å be om å få planane innan juni, vil vi få eit bilete av korleis kommunane organiserar det førebyggjande arbeidet sitt.

Vi har vore pådrivar og jobba godt og tverrfagleg med mellom anna god samordning og endringar i tråd med velferdslovgjevinga. Det er framleis for store variasjonar i korleis kommunane organiserer arbeidet med samordning og kor langt dei har komne. Vi vurderer at Statsforvaltaren har ei viktig rolle vidare, med å bidra til å få tenestene betre samordna og rettleie dei kommunane som treng meir kompetanse og hjelp.

### 3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi samordnar våre tilsyn med andre tilsynsvirksomheter i fylket og vurderer at vi har lukkast med dette, sjå neste rapporteringspunkt.

Med fleire metodar for tilsynsaktivitetar har vi ulike virkemiddel vi kan ta i bruk, vurdert etter kva som vil vere mest hensiktsmessig i det enkelte høve. Vi har hatt fagdager internt, med tema oppfølging av tilsyn og korleis tilsyn kan bidra til læring og forbedring.

Vi har meir rettleiing og dialog for å sikre at verksemdene forstår det dei må gjere noko med.

Formålet med tilsyn er å bevare tillit i befolkning og bidra til betre sikkerheit for pasientar og brukarar av tenestene. Det er vanskeleg å måle om vi har bidratt til auka tillit til tenestene i befolkninga sidan det ikkje er systematiske spørjeundersøkingar tilgjengeleg.

Bruk av ulike tilsynsmetodar begynner å vise effekt på korleis helseføretaket gjere ei sjølvstendig gjennomgang av hendingar. Vi ser at føretaket blir meir vant med metode 3 i Statens helsetilsyn sin policy, der dei gjer en analyse i tråd med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring. Dette meiner vi skuldast at dei har eigen fagavdeling som ofte involverast i slike gjennomgangar. Det er framleis behov for mykje støtte og rettleiing frå Statsforvaltaren.

Når det gjeld kommunar, har vi ikkje same erfaring. Metodane er uvante for dei. Her er det verdt å merke seg at det kan gå lenge mellom kvar gong ein kommune utfordrast til å ta ein sjølvstendig gjennomgang. Kommunane si organisering med til dømes sjølvstendig næringsdrivande fastlegar gjer også gjennomgangen meir kompleks. Det er behov for meir rettleiing og metodestøtte.

Effekt av tilsyn/metodestøtte vil etter kvart kunne visast ved at sjølve gjennomgangen blir meir målretta og at involvering av bukar, pasient eller pårørande skjer tidlegare og i større grad.

#### Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Alle planlagte tilsyn blir lagt i tilsynskalenderen. Det er prioritert å samordne tilsyna raskt, slik at kommunane kan få oversikt over planlagte tilsyn. Dette sikrer at belastningen på enkeltkommunar ikkje blir for stor. Vi har enda ikkje lykkast med at dei ferdige tilsyns-rapportane blir lagt inn i kalenderen. Det vil vi følgje opp i 2024.

Andre statlige tilsynsetater og sekretariata for kontrollutvala nytter også tilsynskalenderen. Tilsynsgruppa internt på embetet utveksler tilsynsplaner og metode slik at vi framstår som meir samordna. Vi arrangerer møte i tilsynsforum i fylket der alle statlige tilsyn, kontrollutvalssekretærene og forvaltningsrevisjonen er med. I dialogen med kommunedirektørane er det vårt inntrykk at den samla belastninga med tilsyn for kommunane er akseptabel.

#### Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

Statsforvaltaren får tilsendt plan for forvaltningsrevisjonar i kommunane. Vi har dialog med kontrollutvalssekretærene i vårt tilsynsforum og der utvekslar vi planar for tilsyn og forvaltningsrevisjonar. Vi tar derfor omsyn til forvaltningsrevisjonen i vår planlegging av tilsyn. Vi opplever at kommunane også tar omsyn til statlege tilsyn når dei planlegg sine forvaltningsrevisjonar. Vi har opplevd at kommunane gjennomfører forvaltningsrevisjonar som oppfølging av våre tilsyn der vi har konstatert lovbrøt og bedt om ein plan for å lukke desse.

#### Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.3 i TB)

##### Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Innan Helsetilsynets områder så har vi teke i bruk dei 5 ulike tilsynsmetodane i vår oppfølging av uønska hendingar i tenestene.

Metodane der saker vert sendt til verksemda for oppfølging av dei, og ev med tilbakemelding til oss, meiner vi er godt eigna til å fremme eigarskap til løysningar og på denne måten bidra til læring.

Vi ser at tenestene i varierende grad er førebudd på å gjere ein systematisk gjennomgang av hendingar i tråd med forventningar i forskrift om leing og kvalitetsforbetring. Dei har etter behov fått rettleiing i dette. Det same gjeld også i høve involvering av pasientar/brukarar og pårørende i gjennomgangen.

Vi har fulgt opp tenestene i sakshandsaminga av hendingsbaserte tilsynssaker og i tilsyn, og har hatt eit større fokus på oppfølging slik at det skal føre til forbetring og endring.

Generelt ser vi at tilsyna bidreg til auka fokus hos kommunane, men at det tek tid å lukke avvik. Det krev tett oppfølging og veiledning frå Statsforvaltaren.

### 3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Klimaomsynet er ikkje ivaretatt i alle sektorar i fylket vårt i dag. Det er framleis slik at andre omsyn som regel står sterkare, spesielt når det kjem til reduksjon av klimagassar. Dette gjeld ikkje berre kommunane, men også for statlege prosjekt og statlege etatar. Statlege departement, direktorat og underliggande etatar må få tydelegare krav til å ta klimaomsyn i alle sine aktivitetar.

Vi har hatt ein strategi der vi arbeider for at alle kommunane utarbeidar klimabudsjett for at klimaomsynet blir ivaretatt i alle sektorar i kommunane. Over halvparten av kommunane har i 2023 utarbeidd klimabudsjett for 2024. Det er likevel fåtal av kommunar som har klart å engasjere alle einingane i kommunane, men dette er eit skritt på vegen.

Vi registrerer at utviklinga har gått i riktig retning sidan vi starta satsinga [Klimasnu](#). Vi er no litt nærmare delmålet. Det er fleire kommunar som har ambisiøse klimamål (53 %), oppdatert kommunedelplan for klima og energi (4 år eller yngre) (50 %), oppdatert tiltaksplan (4 år eller yngre) (50 %) og utarbeid klimabudsjett (varierende kvalitet) (53 %).

I eit fleirårsperspektiv vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, men for sakte til å kunne nå nasjonale og lokale klimamål. Vi er også bekymra for at klimaarbeidet vil bli nedprioritert i det auka presset kommunane står overfor i tida framover. Vi har vore tydelege i våre forventningar på klimaområdet i all vår dialog med kommunane.

Vi opplev at mellom anna at forventningsbrevet vårt blir lest og brukt for å argumentere for at kommunane må prioritere klimaarbeid.

Gjentatte kurs og felles arbeidsverkstadar for kommunane innan klimabudsjett i samarbeid med fylkeskommunen har heilt klart vore medverkande til at fleire kommunar har fått laga klimabudsjett. Vi opplev at samfunnet har blitt meir opplyst omkring klimaendringane. Dette gjer det lettare å bli høyrte og forstått. Vi har arrangert Klimasnukonferansen kvart år sidan 2019. Dette er med på å halde trykket på lokalt klimaarbeid oppe. Dei to siste åra har tema vore Natur- og klimakrise sett i samanheng. Tilbakemeldingane frå delkarane har vore veldig gode, men dei saknar at eigne politikarar og toppleiinga i administrasjonen får same innsikt og kunnskap.

Derfor var klima- og naturkrise sett opp som tema då vi arrangerte Nyttårskonferansen 2023, med toppleiarar i offentlig sektor. Dåverande klima og miljøminister, Epsen Bart Eide, hadde hovudinnlegget, og bidrog på ein utmerket måte til at også toppleiarane no er i ferd med å ta inn over seg at vi står i ei klima- og naturkrise.

### Kommunale klima- og energiplaner klimatilpassning og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp, og har integrert klimatilpassning i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning.

Forventningane i Statleg planretningslinja blir formidla i alle relevante fora. I våre innspel til kommunale planar, kurs og konferansar, i forventningsbrev og anna kommunedialog. Både klimagassreduksjon og klimatilpassing får plass i kommuneplanens samfunnsdel.

I arealdelen er klimatilpassing meir konkret og lettare å følge opp enn klimagassreduksjon. I kampen om areal taper klimagassreduksjon, mens klimatilpassing blir tatt omsyn til, i alle fall for tema som er vist i kartlag/har klare grenser. Klimatilpassing i område som allereie er bygd ut blir ikkje prioritert like høgt. Det er berre halvparten av kommunane som svarer at har ein strategi for korleis takle auka overvatn i fortetta områder. Det er også berre halvparten som vurderer naturbaserte løysingar.

Mål og tiltak innan klimagassreduksjon er fulgt opp i varierende grad. Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har gode mål og strategiar for klimaarbeidet i oppdaterte samfunnsdelar til kommuneplanen. Mange av kommunane vel å ikkje lage eigne klima- og energiplanar, men følgjer heller opp strategiane på klimaområdet med tiltak i klimabudsjett gjennom årlege handlingsdelar i budsjett og økonomiplan.

Her er det foreløpig ikkje gode nok tiltak til å kunne nå dei overordna måla kommunen har sett sjølv har sett i samfunnsplanen. Det er svært få kommunar

som har satt seg målbare og realistiske mål. Det begynner å bli knapt med tid til å innfri Noreg sine forplikelsar om å redusere sitt klimagass utslipp med 55% innan 2030. Her må både Regjering og Storting kome med tydelegare krav til kommunane om måla skal nåast.

#### 3.1.2.4 Beredskap i en endret sikkerhetspolitisk situasjon

Den endra tryggingpolitiske situasjonen har gjort at Statsforvalteren har auka fokuset på totalforsvaret, og på samarbeidet med Forsvaret og politiet. Statsforvaltar, sjef HV11 og Politimeister i Møre og Romsdal møtast jamleg, der dette er tema.

Den tryggingpolitiske situasjonen og aktuelle tiltak regionalt og lokalt har i tillegg vært tema på sivil-militært kontaktmøte, på fleire møte i fylkesberedskapsrådet, samt på ulike møte med kommunane om samfunnsikkerhet og beredskap.

I 2024 har statsforvalteren i Møre og Romsdal, i samarbeid med HV-11 og politiet, tatt initiativ til eit lokalt totalberedskapskurs over 5 dagar. Det er avsett 30 plassar til toppleiarar i offentleg og privat sektor. Dette som eit heilt konkret tiltak for å få løfte beredskap høgare på dagsorden pga den endra tryggingpolitiske situasjonen.

##### Oppdatert analyse (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

###### Rapportere på

Statsforvalteren har oppdatert analyse av sikkerhetspolitisk krise og væpnet konflikt i fylkesROS, inkludert oppfølgingsplan.

Vi har inkludert tryggingpolitisk krise/krig i vår FylkesROS. Vi har både gradert og ugradert versjon av scenarioet. Aktuelle tiltak avdekka gjennom analysearbeidet er inkludert i oppfølgingsplanen til FylkesROS.

##### FylkesROS i sivil-militært samarbeid (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

###### Rapportere på

FylkesROS legges til grunn for revisjon av underliggende plan til SBS og embetets beredskaps- og kriseplan, samt embetets innspill til andre sektors planverk.

Vi har deltatt i eit samarbeid på tvers av alle embeta med revisjon av den underliggende planen til SBS. Dei ulike FylkesROS og funn frå desse ligg til grunn for arbeidet.

Vi nyttar kunnskap frå FylkesROS som grunnlag for eiga beredskapsplanlegging, og som grunnlag i rådgiving og dialog med andre sektorar.

##### FylkesROS i det sivil-militære samarbeidet (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)

###### Rapportere på

FylkesROS legges til grunn i det sivil-militære samarbeidet, herunder beredskapsplanlegging og sivil-militære øvelser.

Forsvaret ved HV-11 deltek i vårt arbeid med FylkesROS inkludert gradert FylkesROS og oppfølgingsplan til FylkesROS.

Vi følgje opp risiko- og sårbarhetsbiletet i ei rekke sivil-militære møtearena som regionalt totalforsvarsmøte, regionalt tryggingforum, fylkesberedskapsrådet og møte med statsforvaltar, politimeister og sjef HV11.

Vi har i 2023 øvd scenario for tryggingpolitisk krise / krig med aktørane i regionalt totalforsvarsmøte og med medlemmane i fylkesberedskapsrådet.

##### Økt oppmerksomhet (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

###### Rapportere på

Statsforvalteren skal ha økt oppmerksomhet på robusthet i verdi- og forsyningskjeder i den samordnede regionale beredskapsplanleggingen.

Vi har hatt auka fokus på dette i arbeid med FylkesROS, og vil fortsette arbeidet med å sjå til at vi har robustheit i verdi- og forsyningskjeder i den samordna regionale beredskapsplanlegginga også i 2024.

Vi ser mellom anna at det er eit gap mellom ønske om etablering av kraftkrevjande industri i fylket og produksjonen av kraft/overføringskapasitet av kraft inn til fylket som kan gjere dette mogleg.

##### Oppfølgingsplan (fra kapittel 3.2.1.4.1.5 i TB)

**Rapportere på**

Prioriterte tiltak for å redusere risiko og sårbarhet inngår i oppdatert oppfølgingsplan behandlet i fylkesberedskapsrådet og hos embetsledelsen.

Oppfølgingsplanen for FylkesROS er handsama i Fylkesberedskapsrådet og hos embetsleiinga.

**3.1.2.5 Andre oppdrag****3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte****3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling****Oppvekst og utdanning**

Med bakgrunn i ROS-arbeidet har vi prioritert oppfølging i kommunar vi har vurdert til å ha størst behov. Kva verkemiddel og tiltak vi nyttar er og basert på ROS-analyse og kunnskap om kommunen. Vi vurderer måloppåinga for 2023 til å vere god og erfarer at fleire kommunar har gitt tilbakemelding om at både rettleiing og tilsyn bidrar til regeletterleving i sektor.

Vi har i større grad enn tidlegare, hatt særskilt oppfølging av einskildkommunar, til dømes på bakgrunn av saker som er mangelfullt opplyst, bekymringsmeldingar og mediaoppslag. Erfaringa er at mange kommunar slit med å rekruttere medarbeidarar med nødvendig kompetanse, noko som påverkar deira behov for både rettleiing og tilsyn. Også i saksbehandlinga legg vi vekt på å skrive eit klart språk. Internt samarbeider vi for å auke kvaliteten på arbeidet vårt, gjennom erfaringsdeling og refleksjon over eigen praksis.

I 2023 har **landbruksavdelinga** prioritert temakontroll og dokumentkontroll i tillegg til forvaltningskontroll på ulike område. Resultata frå kontrollen vert brukt vidare i kontrollarbeid i 2024. Målsetninga om å bidra til betre tilskotsforvaltning i kommunane vert langsiktig ivareteke gjennom at vi tek funn i kontrollarbeidet og set inn tiltak i vidare kontrollar og veiledning systematisk framover. Vi har hatt fokus på internkontrollrutinar på eiga saksbehandling i 2023 og arbeider systematisk vidare med det i 2024. Vi har utstrakt veiledning til kommunane, både enkeltvis og i fellesskap, gjennom telefonar, webinar og samlingar.

På foreiningsområdet har vi godt kvalifisert arbeidstakarar slike at vi kan levere høy kvalitet innanfor rettleiing, tilsyn og saksbehandling. Vi jobbar kontinuerleg med å tileigne oss ny kunnskap. Spesielt gjennom dei samarbeidsforum som finnes mellom statsforvaltarane, til dømes nasjonal tilsynsforum og Teams-grupper som avløp og akvakultur.

I 2023 fekk vi svært god rettleiing og tilbakemelding frå Miljødirektoratet på vårt arbeid innanfor tilsyn. I 2024 vil vi bli tydlegare på verkemiddelbruk etter tilsyn, som var ein av tilbakemeldingane vi fekk.

**Helse- omsorg- og sosialområda**

Vi nedprioriterte tilsyn, inkludert alle landsomfattande tilsyn i 2022 (som var to-årige) Grunnen til dette var å få ned sakshandsamings-tida vår, noko vi i stor grad klarte.

Vi ligg litt etter målkrava når det gjeld klagesaker og nokre av metodane for tilsynssaker, men på slutten av året ser vi ei positiv utvikling i måloppnåinga.

I 2023 har vi gjennomført den delen av dei landsomfattande tilsyna som gjaldt dette året. Vi har difor også her mindre avvik.

Totalt sett har vi greid å prioritere både tilsyn og sakshandsaming med betre måloppnåing enn tidlegare.

På **justis- og verjemålsavdelinga** har vi hatt eit krevjande år med låg bemanning som følge av permisjonar, sjukefråvæer og rekrutteringsutfordringar. Dette har gjort at vi ikkje har greidd å nå alle måla som er satt på fleire områder. Vi har imidlertid god kvaliteten i saksbehandlinga for å sikre at den einskilde si rettstryggleik blir ivareteke.

Det er eit stort arbeidspress på den einskilde saksbehandler på verjemålsområdet. Dette gir auka risiko for feil i sakshandsaminga og det gjer at rettstryggleiken på området er under press. Vi ser og ei auke i sjukefråværet.

**Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)****Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har i 2023 ikkje oppnådd resultatmålet. Den gjennomsnittlege fristoverskridinga var på 120 dagar.

Oppnådd resultat skuldast redusert bemanning som følge av permisjonar og rekrutteringsutfordringar både i 2022 og 2023. Bemanningssituasjonen vil for vår del vere krevjande fram til hausten 2024.

Samtidig har det kome inn klart fleire plan- og byggesaker i både 2022 og 2023 enn dei føregåande åra. Dette fører til lengre restanselister og at dei eldste sakene blir eldre enn normalt.

Vi har elles prioritert å behandle samfunnsviktige plan- og byggesaker, samt saker om oreigning og etter offentliglova.

#### Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-61 %	39 %	112	44

#### Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Som følge av bemanningssituasjonen har vi ikkje oppnådd resultatmålet. Sjå 3.3.1.1.1.1. om at vi internt har prioritert andre sakstypar framfor å nå fristane på saker med utsett iverksetting.

#### Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-80 %	20 %	5	1

#### Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

#### Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	2	2

#### Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Ingen saker og avviket på 100 % er ikkje reelt.

#### Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-100 %		0	0

#### Forurensningstilsyn: Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Brudd på miljøregelverket blir i større grad forebygget og avdekket

Vi har framleis eit etterslep på tilsyn i fylket og har heller ikkje i 2023 klart å auke tilsynstalet til det nivået vi meiner er riktig. Dei nasjonale tilsynsaksjonane har vi prioritert, og det har òg vore viktige tilsyn der vi har avdekkja mange avvik, spesielt innanfor deponi og skipsverft. Vi har òg gjennomført ein del tilsyn med fiskeforedlingsverksemdar der vi ser at utslipp til vatn er noko som verksemdene ikkje har god nok kontroll på. Vi har god lokal kunnskap om verksemdar som har historikk på å ikkje følgje regelverket, og desse har blitt prioritert. Mengda avvik som vi har avdekkja under tilsyna som blei gjennomført i 2023 viser at vi har truffe godt på risikovurderinga.

Det er god effekt på tilsynsarbeidet vi gjer spesielt innanfor verksemdar der det er lett målbart kva som er avvik og kva som ikkje er avvik, til dømes eit renseanlegg til vatn. For avfallsbransjen der vi finn avvik som forsøpling og feil oppbevaring av avfall ser vi at dei same avvika gjentar seg.

Totalt sett er utviklinga innanfor våre bransjer positiv. Vi ser også at sertifiseringsordningar og kundekrav er viktig for industrien, og i nokre tilfelle er det viktigare for verksemdene å etterleve krava i sertifiseringsordningane enn det er å overhalde krava i utslippsløyvet. Det er ein utfordring at nokre av sertifiseringane har andre måtar å måle miljøpåverknad.

På same måte som Miljødirektoratet diskuterer vi bruk av verkemiddel når vi avdekkar alvorlige avvik. Vi har fått tilbakemelding på at vi i større grad raskere kan nytte tvangsmulkt, det er noko vi vil jobbe vidare med i åra framover.

**Innsatsen på forurensningstilsyn er styrket (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)****Rapportere på**

Innsatsen på forurensningstilsyn er styrket

Vi hadde eit stort ønske om å auke tilsynsaktiviteten i 2023, men det var ikkje eit mål vi klarte å oppnå. Vi har hatt ein utskifting av personell med tilsynserfaring siste åra, samt eit høgt trykk på saksbehandling og rettleiing av kommunar. Det blei avtalt i 2023 at vi skal sende ein person på hospitering til Miljødirektoratet. Det er vært vanskeleg å drive opplæring av nye fordi dei som har erfaring med tilsyn har vært opptatt med andre oppgåver.

**3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning**

SFMR har i 2023 starta revidering og gjennomgang av internkontrollrutinar for tilskottsforvaltninga. Det vert utarbeidd overordna policy og kontrollplanar samt at rutineskildringar vert oppdatert. Vi har gått over frå RiskManager til Styringsbiblioteket som kvalitetssystem i 2023. Arbeidet med internkontrollen er høgt prioritert i 2024 og det er laga ein målretta plan for gjennomgang av alle ordningar og oppgåver.

SFMR hadde ein utvida forvaltningskontroll av kommunane i 2023, med ein temabasert kontroll og to dokumentkontrollar i tillegg til den vanlege læringsbaserte forvaltningskontrollen. Vi lærte mykje om kommunane sin kompetanse på kontrollplan på ordninga produksjonstilskot som vi tek med oss inn i forvaltningskontrollane i komande år.

SFMR har gjennomført fleire webinar for kommunane, og vi har også hatt fokus på temaet avkorting. Det vart gjennomført ei temabasert kartlegging i ordninga produksjonstilskot. SFMR har hatt fagsamlingar for kommunane digitalt/fysisk både på jord, skog og særlover. Vi har også hatt fokus på forvaltningslova. Vi har bidratt både i kontroll og veiledning til å auke kompetansen om internkontroll i kommunane. Dette er vanskeleg tema og vi nyttar alle høve til å ta det opp. SFMR meiner at vi har ein god og målretta plan for å auke både vår og kommunane sitt arbeid og forståing av internkontroll for å enda betre jobbe mot målet om auka effektivitet og korrekt lov- og tilskottsforvaltning.

**Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

I 2023 vart det jobba vidare med internkontrollrutinane. SFMR gjekk over til Styringsbiblioteket som kvalitetssystem og RiskManager vart fasa ut. Alle rutinar og prosedyrar vart overført frå RiskManager til Styringsbiblioteket. I 2023 vart det laga ein plan for ein grundigare gjennomgang av rutinane og vi held fram med arbeidet i 2024. Overordna policy for landbruksavdelinga sitt ansvar med eiga tilskottsforvaltning og ansvaret med kontroll av kommunane si tilskottsforvaltning er under arbeid. SFMR har omorganisert i 2023, med verknad frå 1. januar 2024. Dette har innverknad på overordna policy, som vert ferdigstilt i 2024. Etter initiativ frå SFMR har vi saman med dei andre embeta jobba med internkontroll i jamnlege digitale samlingar. Vi vil i 2024 halde fram arbeidet med å oppdatere rutinane, meir fokus på ordningar der vi er førsteinstans og vi fortset samarbeidet med dei andre embeta på området internkontroll.

**Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon**

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	3
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	0
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	2
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	1
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	142 524,70

SFMR har gjennomført kontroll for årene 2020, 2021 og 2022. 9 føretak er teke ut til kontroll i 2023. Det vert nytta tal frå Leveransedatabasen og samanlikna med tal frå søknader i eStil -PT. 3 føretak fekk varsel om standardisert erstatning, med moglegheit til å gje merknader til varsel og sende innen dokumentasjon. Det første føretaket fekk ilagt standardisert erstatning for åra 2020 og 2021. Det andre føretaket fekk ilagt standardisert erstatning for åra 2021 og 2022. Begge føretaka skal føljust opp i 2023. Det tredje føretaket fekk varsel om standardisert erstatning for 2020. Vedtak vil bli fatta i januar 2023.



**Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	0
Saker funnet i orden	0
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Det er i alt 26 mottakere av tidlegpensjon i Møre og Romsdal kontrollåret. 3 av disse er tobrukerpensjonar. Det er gjort ein gjennomgang av alle mottakarar i siste kjente liste over næringsinntekt som er frå 2022. Det vart sett nærmare på 2 mottakarar, begge desse er sjekka ut tidlegare år, og ein ser ikkje grunn til å tru at det er andre forhold som gjer at det også i dette kontrollåret er næringsinntekt som ikkje er av betydning for mottak av tidlegpensjon.

**Internkontroll for tilskuddsforvaltningen**

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Effekt av risikobasert kontroll
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Nei	SFMR fatta 8 nye vedtak i ordninga i 2023. Det er ikkje gjennomført risikobasert kontroll, da alle søknader blir kontrollert.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Nei	Det er mottatt 6 søknader i 2023
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Krav til 5% risikobasert kontroll for ordninga. Det er lite feil i søknader som er kontrollert. SFMR merka ei auke i søknader om dispensasjon grunna frist i 2023.
Stimuleringsstilskudd til veterinærdekning	Ja	Nei	SFMR mottok 14 søknader i denne ordninga i 2023. Det er ikkje gjennomført risikobasert kontroll i 2023.
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innen klima og miljøprogrammet	Ja	Nei	SFMR mottok ein søknad i 2023. Det er ikkje gjennomført risikobasert kontroll da SFMR kontrollerer alle søknader som kjem inn.
Erstating etter offentlige pålegg	Ja	Nei	SFMR mottok ein søknad i denne ordninga i 2023. Det er ikke gjennomført risikobasert kontroll da SFMR kontrollerer aller saker som kjem i ordninga. Sak som blei motteke i 2023 ferdigbehandlast i 2024.
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Nei	SFMR mottok 24 søknader om tilskot ved produksjonssvikt i 2023. Det er ikke gjennomført risikobasert kontroll for ordninga i 2023. I 2024 skal SFMR gå nærmere gjennom rutinane for ordninga, oppdatere kontrollplan og risikovurderingar. Risikobasert kontroll vil gjennomførast i 2024.
Kompensasjon ved avviking av hold av pelsdyr mv	Nei	Nei	SFMR går gjennom alle saker for denne ordninga. Sakene blir sjekka, dokumentasjon hentast inn før sakene oversendast.
Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus	Ja	Nei	SFMR hadde ein sak i denne ordninga i 2023. Ingen risikobasert kontroll da SFMR saksbehandlar og kontrollerer alle saker som kjem inn for denne ordninga.
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Nei	Det er ikkje gjennomført risikobasert kontroll i ordninga. Alle må levere dokumentasjon som kontrollerast før utbetaling.
NMSK, kommuneskog	Ja	Nei	SFMR hadde ein sak i denne ordninga i 2023. Ingen risikobasert kontroll da SFMR kontrollerer alle saker som kjem inn for ordninga.
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	Surnadal kommune hadde oppstart av skogbruksplan prosjekt i 2023. SFMR hadde oppfølging av Volda, Rauma, Molde og Hustadvika kommune på sine prosjekt av skogsbruksplan i 2023. Det er ikke gjennomført risikobasert kontroll siden SFMR følger opp og kontrollerer alle tilskot i denne ordninga.
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger	Ikke aktuell	Nei	

SFMR skal i 2024 jobbe mykje med revidering av rutinar, både internkontrollrutinar og risikobasert kontroll, for eigne ordningar. Det er utarbeidd ein plan for gjennomgang av både ordningar og spesielle krav/oppgåver.

**Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)****Rapportere på**

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 % av kommunene.

SFMR har våren 2023 gjennomført ein læringsbasert forvaltningskontroll av 13 kommunar. Inkludert i forvaltningskontrollen hadde vi temabasert kontroll av ordninga utvalde kulturlandskap (UKL) og tilskot til verdensarvområda (ARV). I Møre og Romsdal er det 6 kommunar som har ansvar for ordningane og vi valde å samle dei for felles utveksling og samhandling. Forvaltningskontrollen vart gjennomført med innsende sjekklister, felles arbeidsmøte (mellom kommunane og SFMR) og sluttmøter (mellom kommunen og SFMR). I tillegg hadde vi dokumentkontroll på retningslinjer for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tiltak i beiteområde, samt dokumentkontroll på mal på kontrollplan for ordningane produksjonstilskot og regionalt miljøtilskot for alle kommunane. Dokumentkontrollen vart gjennomført med digitale samlingar med gjennomgang av regelverk og innsending av retningslinjer/ kontrollplanar. Med bakgrunn i resultat frå kontrollen på retningslinjer valde vi å setje ein oppfølgingsperiode på kontrollen på tre år for å gi kommunane ekstra bistand når dei skal revidere retningslinjene. Resultata frå kontrollen av kontrollplanar vert tema i SFMR sin forvaltningskontroll av kommunane tre år fram i tid. Vi ser at kommunane har behov for meir veiledning i utforming av kontrollplan for ordninga produksjonstilskot og gjennomføringa av den risikobaserte kontrollen. For å sikre at alle kommunane får lik veiledning og oppfølging, gjennomfører vi digitale gjennomganger av regelverk i samband med forvaltningskontrollen i 2024. Dette i staden for arbeidsmøter med berre dei kommunane som er tekne ut i forvaltningskontroll. Kommunane synes det er vanskeleg å få på plass gode internkontrollrutinar og SFMR har gjennom 2023 nytta webinar, forvaltningskontroll og forvaltningssamlingar til å ha dette som tema. Saman med dei andre embeta har vi i 2023 jobba med å utarbeide ei momentliste som kommunane kan nytte i arbeidet med å utarbeide internkontrollrutinar. Arbeidet fortset i 2024. Vi nyttar ordninga produksjonstilskot i malen til momentlista. Vi ynskjer å utarbeide momentlista slik at ho kan nyttast til andre ordningar også.

**Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning**

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Hustadvika - felles landbrukskontor for Hustadvika og Aukra (kontroll av begge kommunar i 2023)	Produksjonstilskot/tidlig spreieing/RMP/sjukdomsavløsning	Aukra kommune: eitt forbetningspunkt for ordninga produksjonstilskot(kommunen kan få betre fram ein tydelegare samanheng mellom kontrollplan for gjeldande år og utplukk for kontroll). Hustadvika kommune: eitt forbetningspunkt for ordninga produksjonstilskot (kommunen kan få betre fram ein tydelegare samanheng mellom kontrollplan for gjeldande år og utplukk for kontroll)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR.
Alesund - felles landbrukskontor for Alesund, Giske og Sula (kontrollert kommune i 2023 er Giske)	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) - fokus i kontrollen på innhold/begrunnelse i vedtak, vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12, internkontrollrutinar og delegasjonsreglementet.	eitt forbetningspunkt(betre grunnelse av vedtak) og eitt avvik (det kjem ikkje klart fram av vedtaka at kommunen har vurdert dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR.
Herøy - felles landbrukskontor for Herøy, Hareid og Ulstein (kontrollerte kommunar i 2023 er Hareid og Ulstein)	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK)	Hareid kommune: eitt avvik (kommen manglar risikobasert kontrollplan for tilskot til skogkultur og utbetalinger frå skogfond). Ulstein kommune: eitt avvik (kommen manglar risikobasert kontrollplan for tilskot til skogkultur og utbetalinger frå skogfond)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR. Herøy kommune sende over den 21. juni 2023 kontrollplan, felles for kommunane Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Dei fire kommunane har felles skogforvaltning, skogforholda i kommunane er svært like.
Molde	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) - fokus i kontrollen på innhold/begrunnelse i vedtak, vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12, internkontrollrutinar og delegasjonsreglementet.	eitt forbetningspunkt (kommunen kan betre gjere rede for saka og ha betre grunnelse i vedtak)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR.
Stranda	Tilskot til tiltak i verdensarvområda (ARV) - fokus i kontrollen på innhold/begrunnelse i vedtak, vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12, internkontrollrutinar og delegasjonsreglementet.	eitt forbetningspunkt (kommunen kan ha betre grunnelse av vedtak) og eitt avvik (kommunen mangla internkontrollrutinar for ordninga)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR. Kommunen informerte at arbeidet med internkontrollrutinar var i gang.
Surnadal	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK)	eitt forbetningspunkt (kommunen kan vurdere å etablere rutine for kontroll av vedlikehald på skogsveger som har fått tilskot)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR.
Tingvoll	Produksjonstilskot/tidlig spreieing/RMP/sjukdomsavløsning	Tre forbetningspunkt for ordninga produksjonstilskot (kommunen ligg rett under kravet om kontroll av minst 10% av søknadsmassen. Kontrollplanen kan vere meir utfyllande når det gjeld kva delar av produksjonstilskotet som har størst risiko for feil i eigen kommune. Kontrollplanen skal danne grunnlag for utplukk av føretak til risikobasert kontroll), eitt avvik i ordninga sjukdomsavløsning (Opplysningar i kontrollert sak er ikkje tilstrekkelig kontrollert. Det kan ha ført til moglege feilutbetaling)og eitt avvik i ordninga RMP( utplukk av søknader for kontroll skal registrerast i eStil RMP og minimum 5% av søknadsmassen skal kontrollerast.)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR. I oppfølginga har kommunen fått eigen veiledning i lag med saksbehandlar på ordningane hos SFMR. i tillegg har kommunen informert om at de frå 2023 vil ha utarbeidd betre kontrollplan for ordninga RMP.
Vestnes	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK)	eitt forbetningspunkt ( kommunen bør samle retningslinjer for tilskot til skogsveger , driftstilskot og skogkultut i eitt dokument)og to avvik (kommunen har ikkje gjennomført kontroll av tilskot til skogkultur i 2022 og kommunen manglar risikobasert kontrollplan for tilskot til skogkultur og utbetalingar frå skogfond)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i slutt møte med SFMR. I oppfølging av kommunene har SFMR fått oversendt skriftleg kontrollplan for tilskot av skogkultur og utbetalingar frå skogfond som kommunen hadde frå før. Kommunen hadde lav bemanning ei periode men vil framover gjennomføre kontroll av tilskot til skogkultur og følgje opp forbetningspunkt.

Ørsta - felles landbrukskontor for Ørsta og Volda (kontroll av begge kommunar i 2023)	Produksjonstilskot/tidlig spreieing/RMP/sjukdomsavløsning. Nærings- og miljøtilskot i skogbruket. Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) - fokus i kontrollen på innhold/begrunnelse i vedtak, vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12, interntkontrollrutiner og delegasjonsreglementet.	Ørsta kommune: eitt avvik (det er ikkje lagt fram skriftlig kontrollplan for aktuell søknadsomgang) og tre forbetningspunkt for ordninga produksjonstilskot (Fremlagt kontrollplan for 2019 manglar risikovurdering. Den manglar kobling mellom risikovurdering og utplukk. Omfanget er i underkant av 10%), eitt forbetningspunkt i ordninga RMP (kontrollert omfang er i underkant av kravet om minst 5%), eitt avvik i ordninga sjukdomsavløsning (Dokumentasjon i kontrollert sak har manglar og fremstår uklår. Kommunen må endre praksis for å hindre feilutbetalinger), eitt forbetningspunkt i ordninga NMSK, eitt forbetningspunkt (Kommunen kan skrive betre begrunnelse i vedtak) og to avvik (Kommunen manglar interntkontrollrutiner for ordninga. Det kjem ikkje klart fram av vedtaka at kommunen har vurdert dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12) i ordninga UKL. Volda kommune: eitt avvik (det er ikkje lagt fram skriftlig kontrollplan for aktuell søknadsomgang) og tre forbetningspunkt for ordninga produksjonstilskot (Fremlagt kontrollplan for 2019 manglar risikovurdering. Den manglar kobling mellom risikovurdering og utplukk. Omfanget er i underkant av 10%), eitt forbetningspunkt i ordninga RMP (kontrollert omfang er i underkant av kravet om minst 5%), eitt forbetningspunkt i ordninga NMSK, eitt forbetningspunkt (Kommunen kan skrive betre begrunnelse i vedtak) og to avvik (Kommunen manglar interntkontrollrutiner for ordninga. Det kjem ikkje klart fram av vedtaka at kommunen har vurdert dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12) i ordninga UKL.	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i sluttmøte med SFMR. I etterkant av kontrollen opplyste kommunen at de hadde sendt inn feil kontrollplan. Kommunen ettersendte kontrollplan frå 2022. Kommunane har i svar på kontrollrapport informert at dei vil utarbeide interntkontrollrutiner. Vidare har kommunane halt med vurderingar av naturmangfaldslova i vedtak i 2023. Ørsta kommune fekk ekstra oppfølging av saksbehandlar hos SFMR på ordninga sjukdomsavløsning.
Sunnal	Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) - fokus i kontrollen på innhold/begrunnelse i vedtak, vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12, interntkontrollrutiner og delegasjonsreglementet.	eitt avvik (kommunen manglar interntkontrollrutiner for ordninga)	Kontrollrapport og funn vart gått gjennom med saksbehandlar og leingi i kommunen i sluttmøte med SFMR. Kommunen informerte at arbeidet med interntkontrollrutiner var i gang.

SFMR gjennomførte dokumentkontroll for alle kommunane på retningslinjer for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tiltak i beiteområde i 2023. Som resultat av kontrollen har vi sett ei oppfølgingsperiode over tre år (til 31.12.26) kor vi følgjar opp kommunane ekstra når retningslinjene skal reviderast. SFMR hadde i tillegg ein dokumentkontroll for alle kommunane på mal for kontrollplaner for ordningane produksjonstilskot og RMP. Resultata frå dokumentkontrollen på kontrollplaner vert grunnlag for forvaltningskontrollen i 2024. SFMR har hatt interntkontroll som tema på samlingar og i webinar for kommunane. Saman med dei andre embeta jobbar vi med ei momentliste (felles for embeta) for utarbeiding av rutine på ordninga produksjonstilskot som kommunane kan nytte i arbeidet sitt med interntkontroll. Momentlista utformast slik at ho kan nyttast til rutinar i andre ordningar.

**Forvaltningskontroller av kommunene, 20%**

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	30	50 %	13	26

SFMR gjennomførte forvaltningskontroll av 13 kommunar våren 2023. Inkludert i kontrollen (og utplukket av kommunar) hadde vi ein temabasert kontroll av ordningane tilskot til utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) og verdensarvområda (ARV) for dei 5 kommunane i fylket som har ansvar for desse ordningane. I tillegg til forvaltningskontrollen hadde vi dokumentkontroll for alle kommunane på retningslinjer for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og tiltak i beiteområde samt på mal for kontrollplan for ordningane produksjonstilskot og regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP) gjennom heile 2023.

**Interntkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv interntkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Tilgang til fagsystema blir gitt etter at vi har fått e-post frå ein person tilknytta landbruksforvaltninga i kommunen (dette er vanlegvis ein person som vi kjenner), med ei kort orientering om kva oppgaver vedkomande har og kva tilganger som trengst. For godkjenningarolle krevst det budsjettdisponeringsfullmakt.

I tråd med skriftleg rutine gjennomfører vi systematisk kontroll med alle tilganger kvart år. Vi har skriftleg rutine for dette. I denne gjennomgangen blir det vurdert om vedkomande fortsatt skal ha tilgang til systema og kva roller vedkomande skal ha. Spesielt fokus vil gjerne vere på godkjenningaroller samt tilganger som er for fylkesnivå. Det blir elles ført logg over endringane som blir gjort.

Det er ikkje store avvik som blir avdekt. Typisk vil det vere at ein medarbeider fortsatt bidreg i ein overgangsfase (overlapp) når nyttilsett medarbeider skal overta. Så kan det glippe litt når det gjeld beskjed om at dette ikkje gjeld lenger; at den arbeidande pensjonisten blir pensjonist på heiltid.

**Kontroll med tilgangene til Ldires fagsystemer**

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Periodisk kontroll blir gjennomført ved å gå gjennom samtlige brukarar til systema. Med god kjennskap til dei kommunale landbrukskontora er det stort sett kjente namn, der vi har kontroll på kva roller dei enkelte skal ha.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Kontroll er blitt gjennomført årleg. Siste kontrollane er blitt gjennomført i januar (2023 og 2024).
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	5 brukarar er blitt sletta, dette er personar som har slutta i løpet av siste året. I tillegg fjerna ein feilaktig gitt tilgang på ein heilt ny brukar.

**Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene kontrollerer grunnvilkåret om «vanlig jordbruksproduksjon» i behandlingen av produksjons- og avløsertilskudd.

Vanleg jordbruksproduksjon er det grunnvilkåret som krev eit fagleg skjønn for å vurdere. Vi har temaet framme som fagtema kvart år, og gjerne fleire gonger i året med litt ulik vinkling. I grove trekk handlar 'vanleg jordbruksproduksjon' om tilstrekkeleg høg avdrått når det gjeld husdyr og om det er aktiv drift når det gjeld areal.

I vår rettleiing av kommunane er det lagt vekt på både å fylle på med kunnskap om kva vanleg jordbruksproduksjon faktisk inneber, og kva hjelpemiddel (rapportar, andre oppslag) som finst for å gjere kommunane rusta til å fatte riktige vedtak.

Vår erfaring er at manglande oppfyljing av vanleg jordbruksproduksjon er mest vanleg i sauehald, der det er stor variasjon både i tal lam per søye og i slaktevekter. Svært ofte heng desse saman. Dermed blir stadig meir areal marginalisert. Det gjeld først og fremst grovfôrareal. Mange disponerer store areal med lange avstandar. Dei mest marginale teigane vil ofte bli svakare gjødsla, sjeldnare omsnudd og er ofte prega av veldig svak drift. Kontroll er tidkrevjande og skjer på eit tidspunkt der det er usikkert å fastslå om det vart hausta noko eit halvår tidlegare, t.d. i form av beiting. Og kor mange dyr må ha beita kor lenge for å kunne hevde at det er blitt hausta ei avling?

I det siste er det også dukka opp fleire vurderingstilfelle når det gjeld dyreslag som ammegeit, hest og ammekyr/øvrige storfe der det ikkje er registrert slakt. Det er ofte vanskeleg å sjå det næringsmessige elementet, men det skal ikkje mykje til for å ha rett på arealtilskot og beitetilskot.

Vi erfarer at det fortsatt er variasjon mellom kommunane når det gjeld kor ofte og kor strengt dei vurderer vanleg jordbruksproduksjon, trass i at vi har fokusert mykje på det i fleire år.

### Vanlig jordbruksproduksjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Vi har temaet oppe minst eit par gonger i året. Det er fast innslag på våre fysiske fagsamlingar, men vi har også spissa tema på webinar. Det går på både kunnskap om kva vanleg jordbruksproduksjon er og ikkje er, samt hjelpemiddel (rapportar, oppslag m.v.) for å gjere riktige vurderingar.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Vi har grunn til å tru at på eit par år har talet på føretak som ikkje oppfyller vilkåret blitt redusert med om lag ein tredel. Dette kjem delvis av auka fokus på temaet, men òg det at må skrivast ein kommentar i eStil PT dersom det er varselmelding der. Fortsatt er det ein variasjon mellom kommunane, og dermed eit forbedringspotensiale.

### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

#### Helse- og sosialavdelinga

Vi har over fleire år hatt lang sakshandsamingstid innan helseklager. Vi har difor prioritert å få ned restansane på området og har grunna god laginnsats og strategisk val av tilsynsmetodar, greid det. Kortare saksbehandlingstid gir og meir læring ute tenestene, noko som bidreg til auka tillit og rettstryggleik.

Vi ser også at val av tilsynsmetode fører til at vi har konkludert noko oftare med lovbrutt i dei sakene der Statsforvalteren sjølv utreiar og avgjer. Vi har førebels små tal, men vi får inntrykk av at vi er meir treffsikre og klarer å styre vår ressursbruk til dei sakene der vår innsats er nødvendig. Dette vart og lagt fram i siste styringsdialog med Statens helsetilsyn.

Vi ser samtidig at det krevs kontinuerleg innsats frå tenesta og frå statsforvaltarane for å oppretthalde tilliten i befolkninga. Dette gjelder særleg når tenestene må prioritere strengare og gir avslag på søknad om tenester. God kommunikasjon med pasient/brukar, tilstrekkeleg grunngeving og transparente prosessar er heilt nødvendig for å bevare tilliten.

#### Oppvekst og utdanning (inkl. barnevern)

Det er over tid prioritert å rettleie i regelverk både gjennom ulike møte, webinar og i måten vi skriv saker og vedtak på. Vi erfarer at det er eit stort behov for dette i fleire av kommunane, og at det er eit kontinuerleg arbeid for Statsforvalteren. Ikkje alle kommunar har den nødvendige forvaltingskompetansen og fleire slit med å rekruttere medarbeidarar. Det er grunn til å tru at dette er med å påverke innbyggerane sin tillit til tenestene og det å få forsvarlege og nødvendige tenester, negativt.

Vi meiner å erfare at den einskilde, no meir enn før, er opptatt av eigen rettstryggleik og er meir bevisste på rettane sine.

Sjølv om vi erfarer at det ikkje i alle kommunar går i rett retning, er det verdt å nemne at samordninga av velferdstenestelovgjevinga vil kunne bidra positivt. Ved alvorlege hendingar i barnevernet, er det i hovudsak mangel på samordning som gjer at det glepp. Kravet til samarbeid og samordning av velferdslovene, vil på litt sikt virke positivt inn på innbyggerane sin tillit.

Forankring på overordna leiarnivå i kommunen er og eit viktig moment som vi har understreka gjennom kommunedialogen.

Statsforvalteren sin innsats, gjennom nemnde verkemiddel og tiltak, er truleg med å bidra til kompetanseheving i kommunane - noko som igjen bidrar positivt på innbyggerane sin tillit til at dei får ivaretatt sine rettar.

#### Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

I 2023 fekk 94 % av barna som budde på institusjonane under våre tilsyn, tilbud om samtale. Vi gjennomfører tilsyn etter skoletid, med mindre vi har

kjennskap til at barnet er heime tidlegare. Vi snakka med 28 av 59 barn. Dei barna som ikkje var på institusjonen får som hovedregel tilbod om samtale i ettertid. Dei barna som ikkje fekk tilbud i 2023 hadde lengre fravær frå institusjonen.

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Etter at det har blitt utvikla fleire metodar for handsaming av tilsynssaker, opplever vi større moglegheit til å vurdere kva metode som vil ha best effekt og gje mest læring, i den enkelte sak.

Vi har i 2023 arbeidd med å auke bruken av behandlingsmåte 4 i saker som gjeld kommunale helse- og omsorgstenester. Vi har så langt gode erfaringar med å bruke denne metoden. Avvik frå resultatmålet skuldast først og fremst at vi i fleire saker har prøvd andre behandlingsmetodar først (dette kjem ikkje fram i Nestor slik systemet er i dag), og at det i enkelte saker har teke tid å få avtalt møta.

Når det gjeld saker etter behandlingsmetode 5 viser Nestor svak måloppnåelse. Grunne til det er at vi har fått ut mange gamle saker. Vi er nøgd med at vi har greidd avslutte gamle saker sjølv om det ikkje kjem heldig ut i Nestor.

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstenester - behandlingsmåte 1**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	16 %	96 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstenester - behandlingsmåte 2**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	3 %	83 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstenester - behandlingsmåte 3**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	11 %	91 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstenester - behandlingsmåte 4**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-35 %	45 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstenester - behandlingsmåte 5**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	-34 %	46 %

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tenester behandlet etter ny behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør) eller etter gammel veiledning: 5 måneder eller mindre

Ingen avvik. Vi har hatt 9 tilsynssaker i 2023. Fire av sakene er behandla etter metode ein og fem etter metode to. Dei fleste er behandla innan fire veker og alle innan fristen på 5 månader.

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		

Vi har ikkje hatt metode 5 saker på sosialområdet i 2023.

**Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har avslutta 338 klagesaker på (inkludert pasientreise) på helse og omsorg og 88% av desse er behandla innan 3 månader. Vi legg dette inn her i kommentarfeltet for fullstendig oversikt. Det er eit stort omfang av klagesaker på pasientreiser og dei fleste vert behandla innafør frist på 3 månader. Oversikt over rettsklagar utan pasientreise vil difor vise eit uriktig bilde av saksmengda og ressursbruk hos oss.

På helseområdet har vi hatt ei betydeleg auke i klagesaker som gjeld avslag på utredning av ADHD.

**Saksbehandlingstid - avslutning av klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	1 %	91 %
Helse/omsorg	90 %	- 19 %	71 %

**Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**

**Rapportere på**

Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2023 har vi nådd målet for sakshandsamingstid og vi har handsama 93 % av alle overprøvingar innan fristen.

Overprøvingar har vore prioritert på området. Vi ser at talet på saker til overprøving er nokonlunde det same som i 2022.

I 2023 har vi hatt to saker til behandling i Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Vi har og auka talet på stadlege tilsyn frå 2022.

Vi har i 2023 motteke 3147 a-meldingar til gjennomgang og vurdering. Dette er eit omfattande arbeid som vi burde ha vært målt på, og vi ser at enkelte av meldingane kan innehalde svært inngripande tiltak.

I 2023 hadde vi enkeltsaker der det et vart brukt a-meldingar for å melde om systematisk bruk av tvangstiltak fram til det låg føre eit overprøvd og godkjent vedtak frå oss. Vi ser at bruk av slike meldingar står for over halvparten av den totale mengda a-meldingar i 2023.

Vi vurderer at det er svært viktig å prioritere dette arbeidet framover for å sikre rettstryggleiken til dei personane som vert omfatta av dette regelverket.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	3 %	93 %

**Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)**

**Rapportere på**

Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet kjem oftast saman med overprøving av kommunen sitt vedtak om bruk av tvang og makt, og vert då handsama samtidig med den. Søknadar som kjem i etterkant vert handsama innan ein månad.

**Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.6 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Vi behandla trettan klager på tvang i barnevernsinstitusjonar i 2023. Klagen blei behandla innan ein månad.

**Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned**

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	10 %	100 %

**Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.4.7 i TB)**

## Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 190 poeng

## Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
190	-5	185

Vi har lagt inn en del ekstraordinært store tilsynssaker (som har vokst betydelig utover saksbehandlingsveilederen)

## Resultatmål SFAG og SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.5.4 i TB)

## Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 45 poeng

## Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
45	-13	32

## Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.6.7 i TB)

## Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 65 poeng

Vi har gjennomført tre landsomfattende tilsyn med sosial tenester; Barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. Det var kravet for 2023. Vi har ikke initiert andre tilsyn i 2023 grunna ei utfordrande personalsituasjon. Vi har fulgt rettleiinga frå Statens helsetilsyn, og prioritert sakshandsaming framfor ytterligere tilsyn. Av den grunn har vi ikke nådd målkravet for Møre og Romsdal på 65 poeng.

## Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
65	-26	39

## 3.1.3.4 Andre oppdrag

## 3.1.3.5 En effektiv og velfungerende verjemålsforvaltning

2023 var et krevjande år for verjemålsseksjonen i Møre og Romsdal. Vi hadde ein utfordrande situasjon både når det gjeld budsjett og bemanning.

Vi oppnådde kravet for klagesaksbehandling og gjennomføring av rekneskapskontrollen. Målkravet for oppretting av verjemål for vaksne oppnådde vi ikke.

På det siste området satt vi inn fleire tiltak i løpet av hausten 2023. Vi gjennomgjekk arbeidsprosessar, rutinar, malar og vi gjorde endringar i oppgåvefordelinga mellom dei tilsette. Dette arbeidet er vi nå i ferd med å sjå resultat av, og vi ser at det skal gi oss ei betre måloppnåing på området i 2024.

Vi har iverksett tiltak med innføring av telefontid og stopp i aktivitetar som kurs og foredrag for å kunne frigi meir tid til saksbehandling.

Vi har i år sett ei klar auke i saker om stadfesting av framtidfullmakt. Dette medførte både auka kostnader og meir bruk av tilsetressursar på dette området. Samtidig ser vi ikke at auka i mottekne framtidfullmakter resulterer i nokon nedgang i søknader om oppretting av verjemål.

Endringane i verjemålsloven lovfesta eit auka fokus på frivilligheit og sjølvråderett i verjemålssaker. Også før desse endringane la vi stor vekt på gjennomføring av samtaler og innhenting av samtykkje i vår saksbehandling. Vi ser likevel at dei nye endringane har ført med seg lengre saksbehandlingstid i mange saker. Endringane førte også til auka behov for rettleiing av verjer og publikum generelt. Individtilpassing av verjemåla, innført gjennom Fufinn-prosjektet, ga også auke i talet på saker om endring av verjemål.

Forseinking i nytt økonomisystem gjorde at vi ikke fekk ei etterlengta effektivisering av arbeidsprosessane på økonomiområdet. Mykje nedetid i saksbehandlingssystemet og lang saksbehandlingstid av innmeldte feilmeldingar er eit hinder for ein effektiv arbeidskvardag.

Situasjonen for verjemålsseksjonen opplevast framleis som svært sårbar, og vi ser fleire utfordringar i tida som kjem. Vi vil halde fram arbeidet med å betre måloppnåinga i saker om opprett verjemål for vaksne. Vi held og fram med arbeidet med å sikre at den einskilde sin rettstryggleik og sjølvråderett blir ivareteken. Vi vil samstundes understreke at budsjett- og ressursituasjonen på verjemålsområdet gjer denne jobben svært krevjande.

**Opprett vergemål for voksne (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)****Rapportere på**

Opprett vergemål for voksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

Vi oppnådde ikkje kravet til saksbehandlingstid på området opprett verjemål for voksne i 2023.

Prioriteringa av ferdigstillinga av Fufinn-prosjektet i slutten av 2022 førte til at vi hadde med oss ein del søknader om verjemål for voksne over i det nye året. I tillegg har vi hatt ein krevjande bemanningssituasjon i 2023, med høgt sjukefråvær.

Vi starta 2023 med ein krevjande budsjettsituasjonen. Dette medførte at vi ikkje kunne tilsette nye når medarbeidarar slutta hos oss. Dette gjorde at vi i løpet av våren og sommaren opparbeide oss ein heil del restansar på området.

I løpet av hausten satt vi inn fleire tiltak for å forsøke å betre på situasjonen. Vi arbeide aktivt med effektivisering av arbeidsprosessar. På ein fast dag kvar veke hadde vi dugnad, kor heile seksjonen bidrog i arbeidet med behandling av søknadene. Vi auka også generelt fokuset på fristar og saksbehandlingstid.

Vi har nå fleire saksbehandlarar som arbeider fast med å opprette verjemål for voksne. Innsatsen i fjor haust byrjar å gi resultat, og vi har i starten av 2024 ei måloppnåing som er betre enn på lenge.

Vi har framleis ein sårbar budsjett- og bemanningssituasjon og vi ser at det er ei auke i talet på søknader om oppretting av verjemål for voksne samanlikna med same tid i fjor. Samtidig ser vi at dei tiltaka vi har igangsett vil gi oss ei høgare måloppnåing på dette området i tida som kjem.

**Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
42 %	80 %	-38 %

**Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)****Rapportere på**

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi oppnådde målet til saksbehandlingstid på klagesak. Vi arbeidar kontinuerleg med dette, og har gode rutinar for arbeidet.

**Klagesaksbehandling – 80 % av klagen Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
88 %	80 %	8 %

**Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi nådde målet om gjennomføring av kontroll av alle verjerekneskap i sentralt uttrekk innan fristen. Det var tre erfame tilsette, som til dagleg arbeider med økonomisaker i verjemålsseksjonen, som gjennomførte kontrollen. Vi har gode rutinar for dette arbeidet.

**Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen**

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

**3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje**

Vi har stor merksemd på person med verje si vilje og behov i all vår sakshandsaming.

I alle saker, der det er mogleg, gjennomfører vi samtaler med personen om vilje og behov. Etter behov gjennomfører vi også samtaler med verjer, nærstående, institusjonar, helsevesen og andre knytt til personen for å kartlegge dette. Vi legg til rette for at person med verje skal få uttrykt si vilje på ein måte som er mest mogeleg tilpassa den enkelte. I tillegg innhentar vi også skriftleg dokumentasjon der det er mogeleg og hensiktsmessig.

Frivilligheita i eit verjemål og person med verje sin sjølvråderett kommuniserer vi ut til verjer, personen sjølv, offentlege instansar og andre gjennom rettleiing, sakshandsaming og informasjon på våre heimesider. Våren 2023 arrangerte vi også to samlingar for faste verjer i vårt fylke,



kor dette og dei nye endringane i verjemålslova var hovudtema.

Vi har stor fokus på frivilligheit og sjølvråderett i vårt daglege arbeid - og ser at mange av verjene leggjar dette til grunn i si utføring av verjeoppdraget, men vi ser også at det framleis er eit stort behov for informasjon kring dette både hos privatpersonar og hos offentlege- og private aktørar.

#### **Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett.

Nye verger har gjennomført introduksjonskurs

Verjehavar si sjølvråderett er hovudtema i all vår kommunikasjon med verjene både i vedtak, rettleiing, informasjon på våre heimesider og i tilsynssaker.

Alle nye verjer vert pålagt å gjennomføre introduksjonskurs før dei vert oppnemnt. Vi oppmodar også verjene til å gjennomføre dei andre kursa som ligg tilgjengeleg i kursportalen.

Frivilligheit og sjølvråderett var tema på to samlingar som vi arrangerte for faste verjer våren 2023.

Vi har inntrykk av at våre faste verjene i stor grad har tatt dette med seg inn i si utføring av verjeoppdraget. Når det gjelder nærstående og alminnelege verjer er det framleis fleire som treng rettleiing kring desse tema.

#### **3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket**

##### **Skole**

Vi tar i bruk ulike verkemiddel for å sjå til at kommunen formidlar, forstår og etterlever regelverket. Vi erfarer at det er stor variasjon mellom kommunar når det gjeld kunnskap og kompetanse om regelverk og vi har prioritert tiltak overfor barnehagemyndigheter, barnehage- og skoleeigarar som vi vurderer treng det mest. Vi meiner at slik prioritering vil styrke rettsikkerheit for barn og elevar.

I 2023 starta vi prosessen med å lage eit webinar som skal omhandlar forvaltningslova og generell forvaltningsrett. Dette fordi vi finn at nokre skoleeigar ikkje har god nok kompetanse på regelverket. Til dømes finn vi at enkelte kommunar ikkje fattar enkeltvedtak når elevar ikkje har rett på spesialundervisning, eller at kommunen ikkje klagebehandlar klager. I staden kallar kommunen inn klagar til eit møte, eller svarer ut klagen per telefon. Vi finn også fleire eksempel på at det ikkje er med ei vurdering av kva som vil vere det beste for barnet. Vi har også døme på at kommunar kan sende dokumenta over til Statsforvaltaren og ber oss om å avgjere om kommunen er innafor lovverket eller ikkje. Vi finn også at nokre enkeltvedtak ikkje inneheld det som forvaltningslova krev. Dette kan vere opplysningar om klageadgang, klagefrist og klageinstans.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, har vi i tillegg arrangert ein fagdag med tittelen "Barn sine rettar – eit møte mellom pedagogikk og juss". Vi fokuserte på forvaltningslova si betydning for å sikre barn sine rettar i barnehage og skole, og korleis barnehage- og skoleeigarar ivaretar barnekonvensjonen i saksbehandling.

Sjølv om vi har dialog og jamlege møte med kommunane, opplever vi at det er variasjon knytt til regelverkforståing. I år har vi fått fleire førespurnader frå sektor når det gjeld skolefråvær. Difor er det spesielt behov for rettleiing når det gjeld dette temaet. I saker som vi behandlar, opplever vi det er nær samanheng mellom skole- fråvær, gjennomføring eller fråvær av gjennomføring av spesialundervisning og eit utrygt skolemiljø. Vi har derfor hatt fokus på denne samanhengen i dialog med kommunane og fylkeskommunen.

Tidlegare i dialog med privatskolane i 2022, fekk vi informasjon om at kommunane v/ PPT ikkje tilrår assistenttimar. Det er tydeleg ei misforståing når det gjeld korleis skoleeigar forstår, formidlar og etterlever regelverket, jf. oppl. § 5-3. I 2023 har vi gitt informasjon om korleis regelverket skal forståast gjennom e-post til kommunar, i møte med PPT-leiarforum i fylket og gjennom artikkel på eiga heimeside.

##### **Barnehage**

Nemnte webinar og fagdag "Møtet mellom pedagogikk og juss" var retta mot målgruppe barnehage- og skoleeigar samt politisk/kommunal leiing. Vi har gjennomført digitale og fysiske møte med barnehagemyndigheit og barnehageeigarar gjennom året. Endringar i regelverket har vore tema for framlegg og diskusjon/erfaringsdeling. I høve der vi har sett gjentakande eller større utfordringar med regelverksforståinga har vi hatt tettare dialog, og gjennomført rettleiingsmøte med kommunen.

Vi vurderer likevel at det for mange er vanskeleg å omsette saksbehandlingsreglane til praksis, og å knytte dei barnehagefaglege vurderingane inn i saksarbeidet. Dette erfarer vi også i vår klagehandsaming. Av 8 behandla klager på enkeltvedtak etter §§ 31 og 37 i barnehagelova, er 7 sendt tilbake til kommunen for ny sakshandsaming, grunna manglande redegjering for vedtaka.

#### **Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bruke verkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehagemyndigheter, barnehageeier og skoleeier.

Statsforvaltaren brukar verkemidla tilsyn og rettleiing målretta, for å bidra til regeletterleving i kommunane og i fylkeskommune. Verkemiddel og tiltak vel vi på bakgrunn av vår samla risiko- og sårbarheitsanalyse. Vi vurderer kva verkemiddel som vil vere mest målretta og effektiv for å sikre regeletterleving i sektor.

Gjennom tilsyn erfarer vi at dei fleste kommunane tek til etterretning pålegg og vi lukkar ikkje tilsyn før det er sannsynleggjort at dette skjer. Vi vurderer vidare om det vert behov for oppfølgingstilsyn eller om det er behov for å ta i bruk andre verkemiddel.

Vi vurderer også fortløpande om det er grunnlag for å opne tilsyn eller om det er meir riktig og målretta å til dømes rettleie.

Vi opplever framleis at det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kunnskap og kompetanse om regelverk. Vi har også i år prioritert tiltak overfor kommunar som vi vurderer treng det mest. Vi har tidlegare år nemnt kommunar vi sjeldan høyrer ifrå og at dette kan vere ein risiko i seg sjølv. Døme på målretta og valt verkemiddel utifrå identifisert risiko i 2023, er at vi opna tilsyn i ein kommune som vi mellom anna høyrde sjeldan ifrå. Her avdekkja vi lovbrøt, bruk av utgått regelverk. Dette førte til umiddelbar endring av praksis, slik at barn og unge i denne kommunen fekk det dei har krav på i samsvar med gjeldande regelverk.

Vi har til dømes i fleire år valt å gjennomføre tilsyn med lærarforma. Dette ser vi på som viktig, men vi vil også vurdere om andre verkemiddel kan takast i bruk for å følgje opp kommunane på dette området. Til dømes gjeld dette kommunar vi har hatt tilsyn med tidlegare, men ved nytt høve erfarer at krava på området ikkje vert stetta. Vi må til ei kvar tid, målretta vurdere kva tiltak som vil gi best effekt, og i etterkant følgje med på om gitt tiltak faktisk har hatt effekt og eventuelt kvifor ikkje.

Vi har også til dømes hatt ei stor auke på klager, skoleskyss i 2023. På bakgrunn av dette har vi rettleia kommunar gjennom året. Vi har vidare vurdert kva verkemiddel vi skal sette i verk utover dette. Til dømes om vi skal opne eigeninitiert tilsyn med kommune og eller fylkeskommune, som målretta verkemiddel for identifisert restrisiko ved årets slutt.

På barnehageområdet har vi i 2023 valgt å gjennom året ha kontinuerlege dialogmøte med barnehagemyndigheita i kommunane. I møta har vi lagt vekt på rettleiing om regelverk, noko vi har vurdert at det har vore stort behov for.

Ved å styrke kompetansen til barnehagemyndigheita i kommunen i sakshandsamingsreglar meiner vi å ha bidratt til betre regeletterleving i sektoren. Det har vi også fått tilbakemelding om frå fleire kommunar v/barnehagemyndigheita. Vår erfaring er at kompetansebehovet ofte handlar om korleis kommunen skal praktisere forvaltningslova.

**Statsforvalteren skal i økt grad innrette tilsyn med de temaer og i det omfang som er nødvendig, basert på den risikoen (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal i økt grad innrette tilsyn med de temaer og i det omfang som er nødvendig, basert på den risikoen som er avdekket.

Statsforvaltaren har prioritert å føre tilsyn med lovområde der regelverksbrøt har store konsekvensar for barn, unge og vaksne.

Utifrå vår risikovurdering valte vi til dømes tilsyn med skolemiljø og internkontroll i ein kommune. Dette var eit målretta verkemiddel basert på vår risikoanalyse. Tilsynet vart innretta for at det ikkje skulle bli meir omfattande enn nødvendig og vi valte difor å undersøke plikta til å varsle og plikta til å undersøke. Vi avdekte lovbrøt som har store konsekvensar for barn og unge, og sikra med verkemiddelet tilsyn, regeletterleving.

Eit anna døme er tilsyn med spesialundervisninga i ein stor kommune, valt ut på bakgrunn av vår risikovurdering. Sjølve tilsynsystema hadde vi avgrensa til å omhandle skolen sitt ansvar for å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga. Dette for at tilsynet ikkje skulle vere meir omfattande enn det som er nødvendig for å sikre regelverksetterleving. Vi har i ettertid identifisert og vurdert ein påfølgjande restrisiko jf. å fatte vedtak om spesialundervisning. Då dette ikkje vart gjort riktig førte dette til følgjefeil i delane av tilsynet som omhandla å planlegge, gjennomføre og følgje opp spesialundervisninga for kommunen. Vi følgde dette opp i sluttmøtet med skoleeigar. Vi vurderer vidare om dette var eit tilstrekkeleg verkemiddel for å sikre vidare regeletterleving eller om vi må iverksette nye, målretta verkemiddel på sikt.

**Statsforvalteren skal følge opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn. (fra kapittel 3.3.3.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal følge opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

I enkelte høve er tilsyn ikkje gjennomført der avdekkja risiko tilseier at det burde vore ført tilsyn. Årsaka til at vi ikkje har opna tilsyn i desse tilfella, er at vi har vurdert at eit anna verkemiddel kan oppnå same eller betre effekt. Vi kan til dømes ha ført tilsyn på eit område med denne kommunen tidlegare og at vi no vurderer å ta i bruk eit anna og meir målretta verkemiddel for å oppnå regeletterleving. I fleire av tilfella kor vi har avdekt regelbrøt, har vi også anna

informasjon om kommunen som gjer at vi vel eit anna verkemiddel enn tilsyn.

Vi kan også til dømes følge opp kommunar med rettleiing i etterkant av vedtak og/eller bekymringsmeldingar.

I tillegg gjev vi skriftleg rettleiing direkte til enkelte kommunar, samstundes som vi og/ eller kan legge rettleiinga som ei sak på eiga heimeside. Målet er å redusere framtidig risiko for at kommunane ikkje oppfyller lovkrava som er vurderte i desse sakene.

Vi ber også kommunen i enkeltsaker, eller etter innkomne bekymringsmeldingar, om å gjere greie for praksis og kva for tiltak som er iverksett. Dette kan til dømes vere knytt til internkontroll og skolefråvær, eller internkontroll og lang sakshandsamingstid hjå PPT.

I tilfella kor kommunen har gjort greie for praksis og kva for tiltak som er iverksett, vurderer vi om dette er i tråd med regelverket eller om det er behov for å ta i bruk ytterlegare verkemiddel for å sikre regeletterleving.

#### **Statsforvalteren skal bruke tilsynsopplegget for Felles Nasjonalt Tilsyn (fra kapittel 3.3.3.1.2.3 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal bruke tilsynsopplegget for Felles Nasjonalt Tilsyn (FNT) i 2023, når det vurderes at det er risiko knyttet til tema for FNT.

På bakgrunn av risikovurdering har Statsforvaltaren nytta tilsynsopplegget for FNT i 2023 om skolemiljø og internkontroll.

#### **Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø.

På ulike møte gjennom året for skoleeigarar har vi hatt tema om skolemiljø for å bidra til kompetanseheving. På Skoleleiarkonferansen "Tillit" utgjorde tema om skolemiljø noko av programmet. Konferansen var eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Skolelederforbundet, KS og Statsforvaltaren.

På ei samling for skoleeigarar retta vi søkjelyset på skolemiljø og internkontroll. Vi erfarer at om internkontrollen fungerer, fører dette til at skolane også er gode på å førebygge. Vi vurderer at dette også gir verknad i høve til korleis skoleeigarar jobbar med sine skoler.

Vi har hatt rettleiingsmøte med einskildkommunar om konkrete problemstillingar rundt kva som gir eit trygt og godt skolemiljø. Dette har t.d. vore når vi har vurdert at skolane har hatt behov for støtte.

I tillegg gjennomførte vi ei spurning til skoleeigar, både offentlege og private, for å kartlegge talet på aktivitetsplanar. Vi vurderer at dette har indirekte, positiv påverknad på skoleeigar sitt arbeid med skolemiljø.

Vår vurdering er at tiltaka har bidratt til å heve kompetansen hos skoleeigarar og skoleleiarar på kva som gir eit trygt og godt skolemiljø. Samtidig erfarer vi behovet for at vi held fram med tiltak som støttar skoleeigarane i dette arbeidet.

#### **Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Vi har gjennom året lagt til rette for ulike tiltak. Mellom anna har vi orientert om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø på webinar for kommunane. Vi har også hatt digitale møte for barnehageeigarar og barnehagemyndigheit i kommunane. Det er lagt til rette for erfaringsdeling og kommunar har lagt fram kva dei gjer lokalt for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette erfarer vi er nyttig. Vi får også tilbakemeldingar om at det blir opplevd kompetansehevande å dele erfaringar frå praksisfeltet.

Barnehagemyndigheit og -eigarar var med då vi arrangerte fysisk samling for leiarar i barnehage, skule og barnevern med temaet tverrprofesjonelt samarbeid. Kunnskap om, og forståing av barns utvikling og barns behov for tryggleik som føresetnad for læring og utvikling, var sentralt tema. Tilbakemeldingane frå barnehageleiarar var at det er nyttig å diskutere det tverrfaglege samarbeidet, og at det bidrar til heilheit og samanheng samarbeidet i kommunane.

Nokre av kommunane deltok også på erfaringsdelingskonferansen for kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i Stavanger.

På fagsamling for barnehage- og skuleeigarar, deltok også barnehagemyndigheita i kommunane. Temaet; *Trygt og godt barnehagemiljø - korleis vidareutviklar vi arbeidet i fellesskap?* var tema for refleksjon i grupper og deling i plenum. Det kom fram at det er ulikt i kor stor grad dette er jobba med i kommunane, noko vi tar med oss i vårt vidare arbeid.

Vi vurderer at nemnde tiltak har ein kompetanseheevande effekt.

Gjennom ei spørring til alle kommunar v/barnehagemyndigheit om korleis dei har fulgt opp og rettleia barnehagane i deira arbeid med trygt og godt barnehagemiljø, mottok vi svar frå 18 av 26 kommunar. I tillegg fekk vi oversikt over om kommunane fører tilsyn med barnehagane på området trygt og godt barnehagemiljø.

Vi fann at nokre kommunar berre har informert, medan andre har jobba meir systematisk for å heve kunnskapen og betre praksisen ute i einingane. Vi vurderer at funna er relevante i vårt vidare ROS-arbeid.

Vår vurdering er at gjennomførte tiltak for å styrke arbeidet med psykososialt barnehagemiljø, bidrar til at både barnehageeigarar og dei som arbeider i barnehage har fått auka kompetanse på området. Arbeidet blir prioritert også i 2024.

#### Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

##### Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Arbeidet har alltid høg prioritet. Tidsbruk er tema på møte i 9 A-forumet kvar 14. dag, og alle som jobbar med dette er til ei kvar tid oppdaterte på kva som er mediantid og gjennomsnittleg saksbehandlingstid.

Det er to saksbehandlarar som arbeider med kvar sak. Den som har ansvaret for oppfølginga av dette arbeidet følgjer opp framdrift i sakene. Det kan til dømes vere å følge opp saksbehandlarane om saka dreg ut i tid, undersøke kvifor og eventuelt omdisponere ressursar.

Vi vurderer at dette arbeidet fungerer godt då vår gjennomsnittlege saksbehandlingstid må kunne seiast å vere rimeleg.

#### Arbeide systematisk for å behandle skolemiljøsaker (fra kapittel 3.3.3.1.3.4 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å behandle skolemiljøsaker innen rimelig tid.

Saksbehandlarane følgjer vår skriftlege prosedyre som gir instruksjon om kva som skal gjerast og på kva måte.

Vi har møte kvar 14. dag og både pågåande saker og avslutta saker blir drøfta. Erfaringsdeling og refleksjon blir nytta. Dette bidrar til kvalitet og held saksbehandlingstida rimeleg, og vi erfarer at det ofte er element i saker som er like, sjølv om kvar sak er unik.

I saker som er meir kompliserte er det drøftingar mellom pedagog og jurist for å sikre riktig rettsanvendelse.

Når eit vedtak skal godkjennast er også det del av det systematiske arbeidet med å halde høg kvalitet og rimeleg tidsbruk. For å unngå unødvendig tidsbruk, er vedtaket ofte drøfta med godkjennar før det vert sendt til godkjenning.

Vi vurderer at vår prosedyrar, malar og kontinuerlege oppfølging, bidrar til at skolemiljøsakene er behandla innan rimeleg tid.

#### Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra skoleeier reduseres

Vi har i 2023 hatt ei større auke i telte klagesaker totalt.

Auka i klagesaker er i alle hovudsak knytt til skoleskyssområdet (kommunale vedtak). I eit par kommunar, har foreldre gått saman i ein aksjon om å sende inn klager på vedtak om avslag. Barna hadde tidlegare vedtak om skoleskyss. I vår klagebehandling av desse såg vi store manglar i utredning og grunngjeving, her under manglande individuell vurdering og barnets beste vurdering samt fråvær av barnets stemme. I opphevingsvedtaka våre vart det rettleia på lovkrav og krava til saksbehandling. Vi hadde i tillegg etterfølgande rettleiingsmøte på teams med aktuell kommune. Vi ser i klagar vi har motteke i etterkant ved utgangen av 2023, at rettleiinga har medført vedtak med reduserte feil og manglar. Vi har gjort oss ei erfaring på dette området, på om rettleiing direkte i møte med enkelte kommunar kan gi betre effekt enn omfattande rettleiing i vedtaka. Dette er ei erfaring vi vil nyttiggjere oss også i 2024 etter ROS-analyse.

På nyåret 2023 hadde vi dialogmøte med fylkeskommunen om lovkrava for skoleskyss gjeldande avstandskravet. Vi hadde også eit innlegg om barnets stemme og barnets bestevurdering. Vi har i etterkant fått inn færre klager på fylkeskommunale vedtak, men utan at vi med sikkerheit kan seie i kva grad det skuldast vår innsats.

Når det gjeld klagesaker om skolebytte, rapporterte vi i 2022 på at vi rettleia i våre opphevingsvedtak om krava til barnets bestevurdering, samt at vi hadde rettleia enkeltkommunar i regelverket og saksbehandlingskrava om skolebyttesaker. Vi har i 2023 berre oppheva ei sak om skolebytte, og legg til

grunn at dette i noko grad må skuldast vår rettleiing på området.

Som for 2022 har vi også i 2023 sett ei stor grad av manglande kompetanse om forvaltningsrettslege krav til saksbehandling og barnets bestevurderingar hos kommunane/skoleeigarane. Vi ser dette gjennomgåande i alle typar klagesaker, m.a. vedtak om skoleskys (kommunale vedtak), skolebytte, vedtak om spesialundervisning og i klagesaker på gjennomføring av spesialundervisning. Vi rapporterte for 2022 på at vi fann det naudsynt med ei breiare rettleiing i form av felles opplæring. I november 2023 gjennomførte vi derfor ei stor fagsamling over to dagar for alle kommunane i fylket, med målgruppe m.a. skoleeigarane, også dei private, og leiarane i PPT. Vi fokuserte på forvaltningslova sine krav til saksbehandling samt bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlinga. Vi knytte vår rettleiing til ulike saksområde og sette også av god tid til felles refleksjonar og diskusjonar. Vi fekk tilbakemeldingar på at dette vil bidra til færre rettsbruks- og saksbehandlingsfeil. Vi håper på å i 2024 få sjå verknaden av dette tiltaket.

Vi sit likevel igjen med ei usikkerheit gjennom vår kontakt med rektorar i ulike høve, på om alle kommunane/skoleeigarane tar med seg vår kursing og opplæring vidare ned til rektorane og andre i kommunen som skriv vedtaka. Dette er noko vi i 2024 må vurdere i ROS-arbeidet.

Vi sit også igjen med ei oppleving av at mange av kommunane/skoleeigarane ikkje aktivt brukar våre klagevedtak (oppheving eller endring) i sitt kvalitetsarbeid. Vi vurderer om vi skal rette noko av vår ressursbruk til å rettleie i våre opphevingsvedtak utover det som er høgst påkrevd, og heller fokusere meir på kursing og fagdagar, teammøter med aktuelle kommunar.

På fagdagane i november hadde vi eit innlegg om krava til internkontroll, der vi påpekte viktigeita av en god internkontroll. Vi fekk tilbakemelding på at innlegget gjorde det klarere for kommunane/skoleeigarane kor viktig internkontrollen er for å sikre rettigheter gjennom riktige vedtak. V påpekte også at vi har forventningar til at kommunane/(skoleeigarane bruker våre vedtak i klageomgangen aktivt i sitt kvalitetsarbeid.

Også i 2023 har vi i vår klagesaksbehandling på spesialundervisningsområdet, ofte sett manglar ved sakkunnig vurdering som medfører følgjefeil vidare når det gjeld vedtak og også gjennomføring. Vi har i 2023 deltatt på et fellesmøte for PPT i regionen der vi fekk bruke nesten heile dagen til å rettleie vedrørende krava til sakkunnig vurdering. Det ble også god tid til refleksjonar og diskusjonar. Vi har fått tilbakemelding på at dette har stor nytteverdi, og vi forventar at dette vil kunne virke inn på kvaliteten.

Vi har også i 2023 brukt ressursar til å rettleie konkret i vår klagesaksbehandling og i for- og sluttmøte i tilsyn, både om regelverksbruken og forvaltningslova sine krav til saksbehandling. Vi rettleier også jamleg kommunar og skuleeigarar som tek kontakt for regelverksavklaring eller om saksbehandlingskrava etter forvaltningslova. Nokre lovtolkingsspørsmål har vi sendt vidare til Utdanningsdirektoratet for avklaring.

Ved behov tar vi direkte kontakt for å rettleie kommunar og skoleeigarar. Vi får gode tilbakemeldingar på vår rettleiing, og vi forutset at rettleiinga bidrar til både færre regelverksfeil og saksbehandlingsfeil.

Vi brukte også i 2023 ressursar til å rettleie om vurdering og fastsetting av standpunktkarakter i vårt årlege møte med skoler og skoleeigarar om eksamen og vurdering.

Samla sett vurderer vi at våre tiltak har bidratt til færre rettsanvendelsesfeil og saksbehandlingsfeil. Vi vurderer det slik at det er viktig å halde fram med tiltak på dette området.

#### **Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Vi har arrangert fagsamling med tema "møte mellom juss og pedagogikk". På agendaen var det fleire tema som vi, gjennom vårt saksarbeid, erfarer at barnehagemyndigheita har behov for meir kompetanse på. Vi nytta både juristar og fagpersonar til å innleie om aktuelle tema frå forvaltningslova og barnehagelova. Mellom anna hadde vi eit lengre innlegg om dei forvaltningsrettslege krava til saksbehandling, samt felles refleksjonar og diskusjonar. Vi hadde også eit innlegg om barnekonvensjonen sine krav om barnets stemme og barnets beste vurdering. Vi fekk tilbakemelding på at dette med stor sannsynlegheit vil medføre meir riktig saksbehandling i kommunane.

I enkelte høve har vi invitert oss ut til kommunar for nærare rettleiing. Vi ser at tettare oppfølging av enkeltkommunar er nyttig og har ført til auka kompetanse og betre sakshandsaming.

Vi ser likevel at det er for låg kompetanse på sakshandsaming i fleire kommunar. Særleg er det grunngeving av vedtak og vurdering av barnets beste som er mangelfull.

Vi ser også manglar i kunnskapen når det gjeld vedtak om spesialpedagogisk hjelp og vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, samt manglande forståing på kva som er skilnaden på desse to rettane. Gjennom sakshandsaminga gir vi skriftleg rettleiing på dette. Vi må i ROS-arbeidet i 2024 halde fram med å vurdere kva tiltak som vil gi positiv effekt og som vil bidra til færre vedtak med feil.

#### **Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den spesialpedagogiske tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven

Vi bidrar til at elevar får den spesialpedagogiske tilrettelegginga dei har krav på etter opplæringslova gjennom å iverksette ulike tiltak. Dette for å sikre at elevar får det tilbodet dei har krav på. Døme på dette er tilsyn. Vi vurderer også i etterkant av sakshandsaming om det er naudsynt å rettleie kommunar. Det kan særleg handle om at vi har fleire likelydande saker i ein kommune eller har fleire alvorlege saker/bekymringsmeldingar som gjer at vi inviterer til eit rettleiingsmøte. Dette for å formidle rettspraksis, slik at elevane i kommunen får det tilbodet dei har krav på. På møta har både pedagog og jurist vore med. Møtedeltakarar frå kommunane har vore til dømes kommunedirektør, leiar frå PPT, sakshandsamarar frå PPT og rektorar.

Vi rettleiar om spesifikke paragrafar

i kapittel 5 i opplæringslova og sakshandsamingsreglar

i forvaltningslova. Vi erfarer at det å ha ein direkte

dialog og rettleiing med kommunen er eit tiltak som har effekt på kommunen sin kompetanse og praksis. Samstundes får vi tilbakemeldingar frå fleire som deltar på rettleiingsmøte om at dette er ein god måte å lære på.

I november gjennomførte vi fagsamlinga; «Barn sine

rettar – eit møte mellom pedagogikk og juss». Her var målgruppa

m.a. skoleeigarar. Eit av tema var forvaltningslova. Vi retta

søkjelyset på kvifor forvaltningsrett er så viktig for at barn

og elevar skal få oppfylt sine rettar. Fleire av eksempla gjaldt vedtak

om rett til spesialundervisning. Vi har fått mange tilbakemeldingar/spørsmål i etterkant av samlinga. Her var det fleire på kommunenivå som lurte på

korleis dei skulle få formidla innhaldet "ned" i organisasjonen, underforstått personalet i skule og barnehage. På bakgrunn av desse tilbakemeldingane,

har vi drøfta og vurdert korleis vi best mogleg kan legge til rette for at det som vert formidla, "når fram". Vi har enno ikkje kome fram til ei god nok

løsning, sjølv om vi heile tida har med oss tilbakemeldingane når vi planlegg tiltak, iverkset for å følge opp skoleeiger sitt arbeid med å sikre at elevar får det tilbodet dei har krav på.

Vi bruker også vår eiga heimeside for å sette lys på delar av opplæringslova kapittel 5. Til dømes får vi med jamne mellomrom spørsmål og meldingar

som gjeld PPT si tilråding knytt til elevar sitt behov for assistent. Informasjon via heimesida fungerer ikkje optimalt for dette, då vi framleis avdekkar

praksis som ikkje er i samsvar med regelverket. Dette til dømes gjennom sakshandsaming og gjennom spørsmål frå føresette/rektorar/PPT-leiarar. På

bakgrunn av denne erfaringa, sendte vi også e-post til spesifikke kommunar. Vi bad vidare om at rettleiinga vert kjent i PPT si interkommunale-

pedagogiske-psykologiske teneste og at førskuleteamet, barneskuleteamet og ungdom-, vaksne- og vidaregåandeteam vert

kjent med innhaldet i e-posten. Her erfarte vi at den direkte rettleiinga vert formidla til rett instans og at PPT-leiarane mellom anna tar med seg rettleiinga vår og drøftar den i felles PPT-leiarforum.

Vi erfarer at å følge opp kommunane direkte, er med på

å sikre at elevar får det tilbodet dei har krav på, og at dette

tiltaket kanskje kan vere med på å endre praksis.

**Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

I alle saker vi har behandla på § 31, spesialpedagogisk hjelp, har vi gitt skriftleg rettleiing til kommunane. Tiltaket har ikkje fungert slik vi ville og vi erfarer at same feil gjentar seg. Tilbakemeldinga frå kommunane er at den skriftlege rettleiinga er omfattande og vanskeleg å forstå. Vi har difor i einskilde høve vurdert rettleiingsmøte som meir hensiktsmessig i oppfølginga av barnehagemyndigheita i kommunen.

Vi har også gjennomført rettleiingsmøte med nokre kommunar som sjølv har tatt kontakt for rettleiing på spesialpedagogisk hjelp. Særleg er

grensegangen mellom spesialpedagogisk hjelp, individuelt tilrettelagt barnehagetilbod og barnets rettar i det ordinære barnehagetilbodet krevjande.

Også i vedtaka om spesialpedagogisk hjelp er det forvaltningsrettslege krevjande for fleire kommunar.

Vi har jobba med tematikken på samling for barnehagemyndigheit og barnehage- og skoleeigarar. Jurist og fagleiarar har med utgangspunkt i funn frå

sakshandsamlinga, rettleia for å auke kunnskap og kompetanseheving.

Nokre kommunar har blitt betre i saksarbeidet etter dette, og vi meiner å ha bidratt til det gjennom våre tiltak. Framleis er det likevel eit svært aktuelt tema å jobbe vidare med for å sikre at alle barna får det tilbodet dei har krav på.

Digitale videoressurssar er noko vi planlegg som tiltak for å heve kompetansen.

**Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere følger regelverket om fritak for fag.

Vi ser at problemstillingar knytt til fritak frå fag ofte kjem fram gjennom andre saker vi får inn. I særleg grad gjeld dette klager på spesialundervisning og/eller saker om skolefråvær og/eller skolemiljø. Det har vore færre spørsmål frå sektor om fritak frå fag direkte til oss.

Hausten 2023 hadde vi eit innlegg om bekymringsfullt skolefråvær for eit pilotprosjekt om skolefråvær i regi av ein vidaregåande skole. Ungdomsskolane i kommunen var også inviterte. I samband med dette laga vi eit digitalt innlegg med fokus på skolefråvær, samt ein gjennomgang av regelverket knytt til fritak frå fag, og kva konsekvensar slike fritak kan få. Det er sentralt at dei føresette/eleven får rett informasjon. Vi fekk god tilbakemelding frå deltakarane, som fann gjennomgangen av regelverket nyttig. Den same gjennomgangen av regelverket knytt til fritak frå fag skal gjennomførast på vårt årlege eksamensmøte med skoleeigarar og skoleleiarar 13. februar 2024.

Vi har inntrykk av at sektor har blitt meir bevisste på regelverket om fritak frå fag. Vi vurderer likevel at det er grunn til å framleis aktivt informere og gje rettleiing om regelverket etter kapittel 5, og moglege konsekvensar eventuelle fritak frå fag kan få for eleven. Særleg gjeld dette elevar med bekymringsfullt skolefråvær og/eller elevar med vedtak om spesialundervisning.

**Spesialundervisning i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at elever i vidaregåande opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Statsforvaltaren bidrar til at elevar i vidaregåande opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket gjennom å iverksette tiltak. Vi har bidratt på ei samling for skoleleiarar i fylket, der vi mellom anna hadde fokus på tal og samanhengar i eiga sakshandsaming knytt til klage på spesialundervisning og skolemiljøssaker. Vi sette fokus på dette, for i vår sakshandsaming ser vi at sakene har utvikla seg til å både omhandle eit utrygt skolemiljø, manglande gjennomføring av spesialundervisning og ufrivillig skolefråvær. Sakene er ofte alvorleg når dei fyrst kjem til oss. Vi repeterte derfor kva rettigheiter elevane har knytt til kapittel 5 i opplæringslova og kva plikter skolen må følgje når det gjeld eit trygt og godt skolemiljø. Vi viste også til forskning knytt til spesialundervisning på vidaregåande skole og stilte reflekterande spørsmål. Vi erfarer at dette skaper engasjement. I etterkant av innlegget, ville fleire diskutere og reflektere over spørsmåla saman med oss. Vi vurderer at vi må etablere eit tettare samarbeid og oppfølging av fylkeskommunen både når det gjeld spesialundervisning og skolemiljø.

Vi har også deltatt på leiarsamling for PPT i fylket. Her bidrog vi med rettleiing om tema spesialundervisning. Vi får tilbakemelding på at dette har stor nytteverdi og vi forventar at dette vil kunne virke inn på kvaliteten.

Gjennom Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er det oppretta ei arbeidsgruppe i fylkeskommunen. Dette er eit viktig arbeid, særleg med tanke på det som vi har nemnt ovanfor. Denne gruppa skal gjere eit grundig forarbeid og bygge "kompetanseløftet" opp og fram mot 2025. Målet er at fylkeskommunen har "tilstrekkeleg" kompetanse på dei vanlegaste utfordringsområda og god inkluderande praksis innan 2025. På denne måten kan fylkeskommunen følgje opp særskilt utsette barn og unge betre. Statsforvaltaren følgjer opp ordninga.

**Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S).

LK20 har vore eit jamleg tema i vurderingsordningane og i vår kommunikasjon med sektor i 2023.

Først og fremst har dette vore gjort gjennom arbeid på eksamensfeltet, men vi har også bidratt med informasjon om oppfølging av innføringa av LK20, samt informert om regelverket knytt til standpunktvurdering. I tillegg er LK20 i praksis, vurderingspraksis og leiing av skolebasert kompetanseutvikling gjennomgåande tema for alle dei fem regionale nettverka i kompetanseordninga (dekom).

Signala vi fekk frå kommunar, skolar og faglærarar vinteren 2023, tydde på at det var usikkerheit knytt til eksamen våren 2023. Det kom signal om at lærarar vegra seg for å stille som sensorar. I tillegg var det usikkerheit knytt til endringar i sjølve eksamen etter LK20, men også bruken av nytt og gammalt eksamensgjennomføringssystem.

I tillegg til løpande dialog med enkeltkommunar og skolar pr brev, e-post eller telefon, gjennomførte vi i 2023 ulike tiltak for å sikre eksamensgjennomføringa. I oppstarten av året sørga vi for å skaffe oss oversikt over og kontakt med nye og gamle eksamensansvarlege på kommunenivå. I januar sende vi brev til desse der vi gjekk gjennom skoleeigar sitt ansvar for eksamen, mellom anna informere alle skolar dei har ansvar for om t.d. trekk, påmelding av kandidatar, oppdatering av fagpersonregister i PAS, datoar mm.

I februar gjennomførte vi digitalt møte om eksamen og vurdering med skoleeigarar og skoleleiarar. I del 1 av møtet var tema innføringa av LK20 med særleg vekt på skoleeigar sitt ansvar og behovet for fornya fokus/oppfølging grunna pandemien. Vi informerte også om aktuelt støttemateriell og kompetansepakkar på Udir sine sider, samt at vi hadde ein gjennomgang av regelverket for standpunktvurdering. I del 2 av møtet var hovudtema

eksamen våren 2023. Her tok vi opp spørsmål knytt til sensorrekruttering, sentralt gitt eksamen med gjennomgang av regelverk, datoar og fristar. Vi gjekk også gjennom regelverket knytt til hjelpemiddel og særskild tilrettelegging. I del 3 av møtet gjekk vi gjennom ulike roller og funksjonar i PAS og PGS/nytt gjennomføringssystem.

Våren 2023 hadde vi jamleg oppfølging av regionar/kommunar/fylkeskommunen, særleg grunna sensormangelen til lokalt gitt eksamen. Vi gjennomførte fleire spørjingar og kartleggingar som viste at det var ulikt korleis kommunane regionvis koordinerte sensuren til lokalt gitt eksamen. Vi følgde særleg opp dei som meldte om problem med rekrutteringa.

Det var også spaning knytt til om vi fekk nok sensorar til sentralt gitt eksamen våren 2023. Vårt behov var på totalt 68 sensorar i dei tre faga vi har ansvar for. Fasit vart at vi kom i mål: I norsk og engelsk hadde vi svært få fagpersonar å gå på, medan det i matematikk var foreslått langt fleire enn behovet. Vi opplevde sårbarheit då vi fekk fleire sjukdomsforfall tett opp mot fellelessensuren. Dette medførte intensivt arbeid frå vår side og ekstra kostnader til honorar sidan elevsvara måtte til ny sensur. Vi kom likevel i mål utan at arbeidsbelastninga på allereie oppnemnde sensorar vart for stor.

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde store utfordringar med gjennomføringa av eksamenar den 22.05.2023. Grunnen til dette var lokale nettverksproblem. Fylkeskommunen har i etterkant gjort greie for kva feilen skuldast, og gjort greie for tiltak for at liknande ikkje skal skje igjen.

Klagehandsaminga på standpunktarakterar gir Statsforvaltaren viktig informasjon om kor vidt skolane har forstått og etterlever endringar i vurderingsordningar etter LK20. Vi har oppdatert og informert om standpunktavurdering 2023, samt klage på standpunktarakter på vår nettside. I ei kartlegging initiert av Udir med kommunane vinteren/våren 2023, var det spurt om det var behov for meir informasjon om standpunktavurdering. Signala attende frå kommunane var jamt over at dette er eit område skolane har god kontroll på.

Vår vurdering av effekt: I 2023 har vi, i tillegg til den løpande dialogen, gjennomført fleire spørjingar og kartleggingar i kommunane. Både enkeltvis og sett i samanheng har desse gitt oss eit bilete av forståinga og etterlevinga av LK20 i sektor. Vi har merka oss at det er ulikheiter mellom kommunar og innad i kommunar. Vi ser at pandemien har påverka innføringa, men også tilleggsmoment som utskifting av sentrale personar eller storleik på kommunen kan ha påverka. Slik informasjonen tek vi med oss vidare, mellom anna i ROS-arbeidet.

Vi vurderer at den samla effekten av tiltaka for å sikre gjennomføringa av våreksamen 2023 var god. Vi har inntrykk av at eksamensmøtet i februar er høgt prioritert i sektor. Mange kommunar samlar nye og gamle eksamensansvarlege på skolenivå og deltek felles. Vi meiner også at møtet sikrar regelverksetterlevinga gjennom ein fellesoppstart av eksamensperioden. Vi opplever at det er lettare for både små og store kommunar og skolar å ta kontakt med oss i etterkant dersom dei har spørsmål.

Lokalt gitt eksamen: Stort sett alle elevar fekk gjennomført lokalt gitt eksamen. Unntaka var ein kommune med ein ungdomsskole som meldte at dei ikkje fekk eksterne sensorar til å gjennomføre lokalt gitt eksamen. Eksamen vart difor avlyst. I ein annan kommune hadde ein av skolane problem, og mangel på eksterne sensor gjorde at ikkje alle elevane fekk gjennomført sin lokale gitte eksamen.

Sentralt gitt eksamen: vart gjennomført etter retningslinene. Ut frå tilbakemeldingane vi har fått frå sensorane undervegs og i etterkant av eksamen 2023 var dei svært nøgde med den to-delte sensorskoleringa og oppfølginga dei fekk undervegs i sensuren. Mange meldte at det å vere sensor ga etterlengta fagleg påfyll og at dei kjem til å stille som sensor igjen.

Vi har merka oss at vi har fleire kommunar som ikkje har foreslått fagpersonar til sentralt gitt eksamen på mange år. Eit tiltak for å sikre sensuren, auke sensorrekrutteringa og å få god spreiding av sensorkompetanse i fylket, er å spesielt invitere nokre lærarar frå kommunar som ikkje har foreslått fagpersonar på sensorskoleringa. Desse kan då stille som reservar i tilfelle fråfall i sensorkorpset.

Vi opplevde at nokre kommunar meldte om at dei hadde problemstillingar knytt til stenging av nett, whitelisting og nettbaserte hjelpemiddel. Dette er ein risiko som treng oppfølging og meir presisering i 2024 frå nasjonalt hald.

Vi har merka oss at vi over nokre år har ein nedgang i talet klager på standpunktarakterar, og at ein stor prosentandel av klagen, fekk oppheva karakteren. I 2023 fekk vi inn 35 klager på standpunktarakterar. Av desse var nesten alle i praktisk-estetiske fag eller valfag. Av desse oppheva vi 81 % av karakterane. Dette kan indikere at lærarane har låg forståing av vurderingsordninga etter LK20, eller at elevane ikkje kjenner nok til retten til å klage. Samstundes kan det låge talet klager frå elevar i Møre og Romsdal også skuldast at lærarane er gode til å følgje regelverket, og at elevane kjenner grunnlaget for standpunktarakteren.

#### Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere og skoler forstår og tar i bruk rammeplanen for SFO.

Vi har hatt ei spørjing til kommunane om kor langt dei er komne i arbeidet med å innføre nasjonal rammeplan.

I Forventningsbrevet som Statsforvaltaren sender ut til alle kommunar i byrjinga av året, har vi informert om rammeplanen for SFO. Innføring av nasjonal rammeplan har også vore tema på digitalt møte med kommunane.

Det er vidare gitt rettleiing til einskilde kommunar om regelverket, og mest om gratis kjernetid for elevar i 1. og 2. trinn.

Vi har ikkje ytterlegare følgd opp dette arbeidet, og har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere effekten av vår informasjon og våre tiltak.



### 3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Bosetting og integrering har vore tema på ulike møte og samlingar med kommunane og fylkeskommunen. Vi får og inn ein del spørsmål om lov og forskrifter.

I Møre og Romsdal er det som ellers i landet, utfordringar i kapasiteten i helsestasjon og fastlege og det er utfordrande å rekruttere. Dette gjer det ressurskrevande å sikre likeverdige tenester i helse.

Det er kommunar som opplever press på kapasitet i forhold til skole- og barnehageplass, samt på boligkapasiteten.

Måloppnåinga på området er vurdert til å vere god, og dette er eit område det er særskilt viktig å samordne og arbeide tverrfagleg med. Statsforvaltaren har ei viktig rolle i dette arbeidet og bidrar til å støtte kommunane i arbeidet med bosetting og integrering.

#### Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting. (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke sine virkemidler til å understøtte at kommunane skal fatte vedtak om bosetting i tråd med anmodningen fra IMDi og at plassene gjerest raskt tilgjengeleg for bosetting.

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan dette ivaretas i deres embeter.

SFMR har i 2023 bidratt til at kommunane har vært godt budd på busetting av flyktningar. Vi har deltatt i samvirkemøter med nasjonale myndigheter både gjennom DSB sine samvirkemøter og AID sine møter med kommunane og SF.

Vi har også i 2023 hatt jamlege samvirkemøter med kommunane som følge av krigen i Ukraina. I desse møta har auka ankomst av flyktningar til Norge vore tema, og vi har hatt fokus på å formidle prognoser og kva kommunane må vere budd på. I våre samvirkemøter med kommunane har IMDi og UDI vært med for å gje eit oppdatert situasjonsbilete og formidle direkte behov og forventingar til kommunane, og slik at kommunane kan gje ei direkte tilbakemelding på utfordringar.

I 2023 ble kommunane i Møre og Romsdal anmoda om å busette 2990 flyktningar. Kommunane gjorde vedtak om å busette 2745 flyktningar, og det vart busett 2731 flyktningar i Møre og Romsdal. Nokre kommunar vedtok og busatte fleire enn anmodninga frå IMDi.

Tilgangen til bustadar er no eit stort problem fordi det ikkje er nok utleigebustadar i kommunane. Dette påverker igjen moglegheita til å hjelpe andre grupper med å skaffe seg bustad. Vi er bekymra for kommunane si moglegheit til å hjelpe dei som står i ein akutsituasjon og treng midlertidig bustad.

Vår erfaring er dessutan at et høgt tall busette flyktningar påverkar tenestetilbodet i kommunane. Spesielt gjeld dette innan helsetenestene der kommunane ofte har utfordringar med kapasiteten frå før. Grunnbemanninga på helsestasjonane kan vere begrensa, og utfordrast på kapasitet og lovpålagte oppgaver. Lege-tenestene har sjøl i de store byane ikkje ledig fastlegekapasitet og har ventelister.

Fleire kommunar har formidla at dei treng meir kompetanse innan krigstraume/anna traume og relasjonskompetanse. RVTS er ein god ressurs i dette arbeid. Det kan også vere utfordrande når det gjeld kunnskapsdeling og samarbeid på tvers av tenesteområda. Det er ressurskrevande å sikre barn/voksne med spesielle behov, likeverdige tenester.

### 3.1.4 Gjennomførte evalueringer

**Internt** har vi i 2023 gjennomført ein omfattande evalueringsprosess knytt til organisasjonsstruktur og framtid utfordringar. Som ein konsekvens av evalueringsrapporten og ikkje minst kunnskap gjennom VIDSYN programmet om framtidssceanrioer, så starta vi ein større organisasjonsutviklingsprosess i 2023 (OU2023)

#### Eksternt

I løpet av året har vi arrangert 81 kurs, konferansar og samlingar, kor 10 av kursa var digitale. Totalt har ca 4000 personar delteke på desse samlingene, og vi har sendt ut evaluering til ca 20 % av kursa. Dei fleste melder tilbake at dei er godt nøgd med samlingane, og berre i nokre unntak får vi tilbakemeldingar til dømes på det faglege som bør forbetras til neste gong.

Desse evalueringane er viktige for oss, for å vere sikre på at vi treff målgruppa og får formidla nasjonal politikk på ein god måte.

## 3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

### 3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Avvik: Felles tilsyn mellom beredskap og helseområde har vi dessverre ikkje lukkast med å prioritere. Det skuldast først og fremst prioritering av

ressursar til å bygge ned store restansar med klagesaker på Helseområde.

### 3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Ingen avvik

### 3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Vi har følgande avvik innan barnevern i 2023:

- Vi har gjennomført to av tre landsomfattande systemrevisjonar (LOT).
- Vi har gjennomført 27 av 28 planlagte tilsyn ved barnevernsinstitusjonane i fylket.

Årsaken til avviket var manglande kapasitet. Andre tilsynsoppgåver, som tilsyn ved Senter for foreldre-barn, vart prioritert foran LOT. Vår vurdering var vidare at det var lav risiko knytt til det eine institusjonstilsynet som ikkje er utført.

### 3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse og sosial avdelinga har avvik på tilsynskrava på følgjande område:

Spesialisthelsetenesta -her ligg vi 13 poeng under kravet på 45p.

Kommunale helse- og omsorgstenester - Her ligg vi 5 poeng under kravet på 190.

Vi har gjennomført tre landsomfattande tilsyn med sosial tenester, Barn sin behov når familien søker økonomisk stønad. Dette tilsvarer kravet for 2023. Vi har ikkje initiert andre tilsyn i 2023 på grunn av ein utfordrande personalsituasjon og vi har prioritert saksbehandling framfor tilsyn. Av den grunn har vi heller ikkje nådd målkravet for Møre og Romsdal på 65 poeng.

Vi ligg og litt bak sakshandsamingstida for metode 5 tilsynssaker.

### 3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik

### 3.2.6 Klima- og miljødepartementet

#### Tildelingsbrevet:

Vi har ikkje gjennomført så mange tilsyn som planlagt, og har dermed ikkje tent like mykje gebyr på tilsyn som budsjettet.

Vi har ikkje greidd å halde framdriftsplanane for arbeidet med marint vern.

Arbeidet med å avklare lokal aksept for omgjerding av Trollheimen landskapsvernområde til nasjonalpark er utsett til 2024 i samråd med SFTL.

#### Hovudinstruksen:

Vi er ikkje i heilt i mål når det gjeld oppdatering av løyva for avfallsanlegg som fell inn under EUs industriutslippsdirektiv (IED) innan fastsette fristar.

Vi har ikkje fulgt opp naturforvaltningsvilkår gjennom pålegg om undersøkingar og tiltak i tråd med veileder M-721/2017

Vi har ikkje sendt inn oppdatert informasjon om kultiveringsanlegg og kultivering av anadrom fisk til Miljødirektoratet.

Vi har i liten grad hatt samarbeid med fylkeskommunen om innlandsfiskeforvaltninga (men mykje samarbeid om anadrom fisk)

Saksbehandling: Vi har for liten kapasitet til å ha tilsyn med og følgje opp ulovlege tiltak i vassdrag, kantsone og nedbørfelt. Her bidreg og kommunane i for liten grad. Vi har heller ikkje hatt kapasitet til å fatte vedtak om grense elv/sjø.

### 3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen avvik

### 3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik

### 3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

## 3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

**Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvor stor andel av NAV-kontorene har fått opplæring i den nye «Kompetansekassen» og hvilke resultater har dette gitt for NAV-kontoret?
- Hva er de største utfordringene i NAV-kontorenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet og hva gjør statsforvalteren med utfordringene?
- Hva er resultatet av statsforvalterens oppfølging av NAV-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet?

Alle Nav-kontor har fått opplæring i Kompetansekassa i nettverksmøte, eigen fagdag i juni og på NAV leiarmøte.

Vi har spurt våre 18 NAV-kontor kva dei meiner er dei største utfordringane i arbeidet med Kvalifiseringsprogrammet. Vi fekk svar frå 9 av kontora. Nokre kontor har utfordringar med å skaffe innhald i program for dei som er dårleg i norsk eller er analfabetar, eller fordi dei har helseutfordringar utan rett til anna yting. Andrekontor manglar ressursar til å følge opp brukarane, eller har utfordringar med å motivere deltakarar med å komme igang med programmet. Eit kontor skriv at trass gjentakande opplæring er rettleiarane utrygge på KVP regelverket. Fleire peikar på ulike administrative utfordringar som dei meiner er unødvendig byråkratisk; registrere fråvær, timelister, berekne stønad og når brukar har arbeidsinntekt.

Statsforvaltaren løyser dette gjennom rettleiing, opplæring og det er tema i nettverksmøte. Vi har og eigen TEAMS kanal for KVP som er tilgjengeleg 24/7, der vi svarar ut etter kvart.

Det er vanskelig å måle vår innsats, men sannsynlegvis var utfordringane større om vi gjorde mindre.

**Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal vurdere hvorvidt aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket har hatt ønsket resultat. I tillegg skal det beskrives hva slags aktiviteter det stilles vilkår om å delta i.

Vi sendte ut spørreskjema til våre 18 NAV kontor og fekk svar frå halvparten. Dei fleste svarar at vilkår som blir sett er at dei krev oppmøte for oppfølging og avklaring, at dei er registrert som arbeidssøklar, at dei må vere tilgjengeleg for arbeidsgjevar og NAV rettleiar og bruke digital aktivitetsplan. Dei skal og delta på aktivitetar og kurs for oppkvalifisering. Fleire kontor seier at vilkåra vert sett etter individuelle vurderingar.

Vi har svært få klagesaker der § 20 a er brukt, men generelt inneheld alle klager ulike vilkår for å ha rett til stønad etter § 18.

Vi har ikkje spesifikk kjennskap til effekten av § 20 a, men vi vurderer at den medverkar til at unge ikkje blir tildelt passiv økonomisk stønad i lengre tid utan at ulike aktivitetar vert prøvd. Dette er uansett eit grunnleggjande prinsipp i § 18

**Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvilken effekt kompetansehevende tiltak overfor kommunene innenfor økonomisk rådgivning har, og sitt øvrige arbeid med økonomisk rådgivning. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i NAV og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene.

For å løyse oppdraget vårt knytt til økonomisk rådgjeving, kjøper vi ressurs frå tre NAVkontor. Dei tre personane driv kvar sine nettverk som dekkjer heile fylket. Dei møtast to til tre gongar i semesteret. I tillegg gir dei rettleiing i enkeltsaker. Vi har og hatt digitale samlingar for heile fylket samla.

Det å leige inn dei som sit tett på sakene gir meir adekvat rettleiing, samstundes som det er enklare og samlast i mindre grupper i eit geografisk område.

Vi har retta informasjon og opplæring om økonomisk rettleiing til tilsette i NAV gjennom ulike kanalar, mellom anna NAV-leiarmøter, kursrekka Ny i NAV og, digitale informasjonsmøter "Fagdrypp" som NAV Møre og Romsdal inviterer til.

Det gir effekt å dele kunnskap i fleire fora slik at flest mogleg får same informasjon, og på den måten kan jobbe godt saman vidare.

**Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalterne skal vurdere effekten av kompetansehevende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret. Det bes også om en vurdering av effekten av statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV i samarbeid med NAV Fylke.

I heile år har barn og unge vore på dagsorden i vår kontakt med NAV kontora i fylket, både gjennom dei landsomfattande tilsyna og i NAV-leiarmøtene. Fleire av NAV-kontora har motteke tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV, der målet er å gi betre oppfølging av ungdom som fell utanfor. I kvart NAV-leiarmøte vert det presentert eit prosjekt til informasjon og inspirasjon for dei andre kontora. Vårt inntrykk er at det er nyttig og vi ser at NAV-kontora i fylket er opptatt av å ta i vare ungdom for å legge til rette for best mogleg inkludering.

#### Tilgjengelighet til sosiale tjenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av hvordan det jobbes med å sikre tilgjengelighet til sosiale tjenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger, og hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Vi sendte ut spørsmål til våre 18 Nav-kontor og 9 svarte. Alle svarte at stadig fleire nyttar digital søknad og at dei fleste brukarane melder tilbake at det gjer det enklare å søkje. Dei ønskjer fleire språk i digisos.

Kontora tilbyr opplæring til dei som ikkje er digitale, eller hjelp til å skaffe bank-id om det er det som er problemet. Elles er papirsøknader tilgjengeleg, munnlege søknader vert skriftleggjort og dei har tilbod om "drop in" samtalar. Fleire kontor seier dei har vakttelefon eller at rettleiarane er tilgjengelege på egne telefonar.

Alle kontora gir og tilbakemelding på, at dei ønskjer at det blir mogleg å ha digital dialog med brukar om søknadane.

#### Tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV- kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

##### Rapportere på

Det skal foretas en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i NAV-kontoret.

Vi har i år 9 kommunar som mottek tilskott til utvikling av sosiale tenester i NAV. Vår vurdering er at tilskotet er viktig og bidreg til at kontora held fokus på dei kommunale oppgåvene som gir motivasjon til å finne nye og gode løysingar.

Dei kommunane som etter tre år har avslutta sine tilskot, ser vi har endra sine arbeidsmetodar og fått ein betre dialog med andre tenester i kommunen.

#### I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

##### Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

I 2023 avgjorde Statsforvaltaren fem klagesaker etter integreringslova og to klagesaker etter introduksjonslova.

I klagesakene etter introduksjonslova handla desse om utviding av introduksjonsprogrammet. Vi stadfesta kommunen si avgjerd.

I klagesakene etter integreringslova omhandla alle sakene etter midlertidig kapittel 6A. Ei sak handla om deltaking i program. Tre saker handla om utviding av program og ei sak handla om stans i program. Vi stadfesta kommunen si avgjerd i tre av sakene og oppheva to saker for ny handsaming i kommunen.

#### På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)

##### Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hadde ingen klagesaker i 2023 på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

#### Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

I 2023 arrangerte vi to statsborgerseremonier, på samme dag.

Vi sendte ut 1.317 invitasjoner, men fikk bare en oppslutning på 252 personer (19,1%). Det er den laveste oppslutningen vi har hatt på mange år.

**Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

Antal deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere var 1929 deltakere i 1. halvår 2023 og 2164 deltakere i 2. halvår 2023.

Kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova/integreringslova brukte i 1. halvår 169,05 årsverk og 182,45 årsverk i 2. halvår.

Mer detaljerte opplysninger er rapportert inn til Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.

**Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Ny statsforvalter i Møre og Romsdal har besøkt eit av våre tre krisesenter i 2023. Dei to andre vart besøkt i 2022. Under besøket fekk vi orientering om drift og tilgjengelegheit ved senteret.

I 2023 hadde vi ekstra fokus på Krisesenter for Sunnmøre gjennom tilsynsaktivitet rettet mot Ålesund kommune, då dei frå 1. januar 2023 omorganiserte drifta slik at dei ikkje lenger hadde fysisk skilt tilbud til kvinner og menn. Vi hadde god dialog med direktoratet då vi tok kontakt for å drøfte korleis vi skulle konkludere og gi tilbakemelding til kommunen på dette.

Krisesenter på Sunnmøre jobbar no med eit alternativ lokale for menn og etter deira plan skulle dette vere på plass 1. desember. Dei har no meldt tilbake at lokala vart gjort klar for innflytting til 01.12.23, men nødvendig inventar var ikkje på plass. Det er gjort av avtale om skalsikring med kameraovervakning og porttelefon. Ålesund kommune har vedteke å utsette opstart av det nye tilbudet til 2. januar 2024. Statsforvaltaren vi følge opp dette inntil tilbudet er i tråd med krav i lov og forskrift.

Vi har retta vår oppfølginga mot Ålesund kommune som er vertskommune for krisesenteret. Krisesenter for Sunnmøre er interkommunalt og gir eit tilbud til innbyggjarane i dei 12 andre kommunane i regionen.

Det er med dei 12 andre kommunar som er knytt til dette krisesenteret og vi meiner soleis at vårt tilsyn med Ålesund kommune indirekte også gjeld dei andre kommunene. Mogleg vi difor skulle sett inn 13 kommunar i tabellen under.

Etter vår vurdering er fylket sitt behov dekt med tre krisesenter i fylket. Det er framleis for stor forskjell i kvaliteten i dei tre krisesentertilboda.

Under våre besøk har vi og hatt fokus på krisesentra si samhandling med heimkommunane når det gjeld oppfølging i reetableringsfasen.

Vi har over fleire år hatt fokus og stimulert samarbeidet knytt til kommunane sitt arbeid med handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Alle kommunar i Møre og Romsdal har no planar på plass.

Når det gjeld revisjonsarbeid knytt til krisesenterlova har vi gitt

innspel på det til Barne og familiedepartementet. Vi skreiv og om det i årsrapporten i fjor.

**Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven**

<b>Totalt antall kommuner i fylket</b>	26
<b>Antall krisesentertilbud i fylket</b>	3
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021</b>	3
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022</b>	3
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023</b>	1
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023</b>	0

**Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2023 handsama 431 søknader om separasjon og 433 søknader om skilsmisse. Omlag 90 % av søknadane er no digitale, noko som letter handsaminga av sakene.

Etter anerkjennelseslova er det handsama 46 saker, ingen av desse er digitale.

**Ekteskapsaker**

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	431	422	0	9	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	405	395	10	0	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	28	21	7	0	90 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivf familiemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	46	46	0	0	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

**Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Statsforvalteren har behandla fleire klagar på manglande informasjon til pårørende/verger, men då med heimel i helselovgevinga og ikkje i barnlova. I 2023 har vi ikkje mottatt avtaler for stadfesting.

**Saker etter barneloven**

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

**Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har svart på spørsmål etter kvart som dei er kome inn når det gjeld foreldreansvar, samvær, mekling og reisekostnader. Dei fleste spørsmåla gjeld reisekostnader og samvær. Det er få skriftlege spørsmål på dette området. Det er som regel foreldra sjølv som tek kontakt pr. telefon. I tillegg får vi nokre spørsmål frå andre verksemdar, slik som kommune og skatteetat.

**Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

I 2023 har vi gjennomført eigevurderingstilsyn med to av dei tre familievernkontora i fylket. Desse har meldt tilbake til oss og begge tilsyna er avslutta ved årskifte.

**Tilsyn med familievernkontorene**

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2023	Antall gjennomførte tilsyn i 2022	Antall gjennomførte tilsyn i 2021
3	2	0	0

**Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

**Akuttberedskap**

Fylket har to barnevernsvakter. Dei er geografisk inndelt og alle dei 26 kommunane i fylket er dekt opp med vaktberedskap utanom ordinær arbeidstid. Barnevernsvaktene har etablert eit tett og systematisk samarbeid med politi og andre tenester.

Vår vurdering er at kommunane har ei forsvarleg organisering av akuttberedskapen i barnevernet. I dialog med barnevernsvaktene kjem det fram at tilgangen på statlege akuttiltak har vore den største utfordringa i 2023.

**Kvalitet og risiko i kommunal barnevernstenester**

Møre og Romsdal har 14 barnevernstenester. Fem av tenestene er interkommunale og dekker frå to til seks kommunar. Det er framleis stor forskjell i størrelse på tenestene, og dei har mellom tre og om lag 60 tilsette.

Vår risikovurdering bygger på kunnskap vi får gjennom rapporteringar og kartleggingar, klage- og tilsynsarbeid, dialog med barnevernstenestene og kommuneleiinga, samt tilstandsrapportar til kommunestyra. Oppfølging av tiltaka i kompetansestrategien gir oss oversikt og kunnskap om kommunane sitt utviklingsarbeid.

Ei felles utfordring for fleire av kommunane er høg turnover, høgt sjukefråvær og rekruttering. Tenestene mister tilsette med opparbeidd erfaring og kompetanse, og mykje kapasitet går med til rekruttering og opplæring av nyttilsette. Som på mange andre kommunale tenesteområde, er det også færre søkarar til ledige stillingar. Desse utfordringane, saman med krav om utdanning på masternivå eller tilsvarande frå 2031, krev god planlegging for å møte situasjonen framover. Gode planar aleine vil likevel ikkje vere tilstrekkeleg til å løyse utfordringane.

På leiarsida har det derimot vore lav turnover over mange år. Alle leiarane deltek i eit av tre leiarnettverk. Nettverka er godt etablert og blir opplevde som ein trygg arena for erfaringsdeling og støtte i leiarutfordringar. Vi vurderer derfor at nettverka er godt eigna for tiltaka innanfor styring og leiing som blir sett i gang i 2024.

Vi ser framleis at forvaltningskompetansen er mangelfull i mange kommunar. Det er derfor behov for å halde fram med tiltak på dette området. Statsforvaltaren gir rettleiing og opplæring både i enkeltsaker og i samlingar, og vi merkar oss ei positiv utvikling i fleire kommunar.

Omstillinga i kommunane og barnevernet til tidlegare oppdaging og innsats i samsvar med intensjonane i barnevernsreforma er godt i gang i mange kommunar. Samtidig ser vi at det tek tid å bygge kultur og strukturar for samarbeid og samhandling. Dette trengst for å utvikle gode og virkningsfulle tiltak, både barnevernstiltak og tiltak frå øvrige tenester for barn og unge i kommunen. Planarbeidet er nærare omtalt under pkt. "Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge".

Særleg siste året har manglande akuttiltak der kommunane i mange tilfelle ikkje har fått nødvendig bistand frå Bufetat gjort tiltaksmangelen både i kommunalt og statleg barnevern enda meir synleg. Det kan sjå ut som satsinga på tiltaksutvikling gjennom læringsnettverk ikkje har hatt tilstrekkeleg effekt. Samarbeid i læringsnettverk har skapt nettverk og strukturar for samarbeid mellom kommunar og tenester både på saksbehandlar- og leiarnivå. Dette har saman med andre tiltak i kompetansestrategien vore med å heva kompetansen i kommunalt barnevern, noko som

er eit sentralt mål i strategien. Vi finn likevel grunn til å spørre om satsinga på læringsnettverk har vore målretta og kraftfull nok til å nå målet om tiltaksutvikling.

Talet på barn det blir meldt bekymring for og som får tiltak frå barnevernstenesta, held fram med å gå ned, men tendensen er ikkje like stor i alle kommunar. Kommunane rapporterer om at meldingane dei får ofte er meir alvorleg og barna har ofte samansette og omfattande hjelpebehov. På bakgrunn av ein samla situasjon med mangel på tiltak, ikkje god nok samordning av tenester og ein utfordrande personalsituasjon, vurderer vi at det er behov for å halde fram med tiltak for å styrke det kommunale barnevernet.

Vi vil understreke at det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld kor godt dei er rusta til å møte dei samla utfordringane. Skilnadene går på tvers av størrelse, særleg når det gjeld kompetanse og kvalitet. Høg turnover, rekrutteringsvanskar og sjukefråvær er likevel merkbar i dei minste tenestane.

#### Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2023 handsama 158 søknadar om løyve til å spreie oske for vinden. Av desse vart 38 avslått. Årsaka til at ein søknad vert avslått er at staden søker ynskjer å spreie oska ikkje er eigna.

#### Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgelser, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgelser.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2023 berre handsama ein søknad om å lokal forskrift om typisk turiststad. Dette var ei settestatsforvaltersak frå Trøndelag. Søknader vart avslått.

I tillegg har vi handsama tre søknader om dispensasjon, frå regelen om at faste utsalsstadar skal holde stengt på søndagar. Av desse vart to søknader i tilknytning til enkeltarrangement i små bygdesamfunn godkjent. Søknad frå ein daglegvarebutikk bli avslått. Det vert og svart ut ein del telefoniske handvingingar frå handelsstanden om korleis regelverket er å forstå

#### Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig, jf. [demenskartet.no](https://demenskartet.no)

Det overordna målet i Demensplan 2025 er å bidra til eit meir demensvenleg samfunn. Statsforvaltaren ser av kommunale planar at kommunane er kjende med den demografiske utviklinga og framtidige utfordringar i eigen kommune. Vi merkar oss at kommunane har større merksemd rundt utfordringsbilde no enn tidlegare. Det er ikkje mange kommunar som har eigne demensplanar, men området er tatt med i anna planverk.

I Nasjonal kartlegging av kommunanes tilrettelagte tenestetilbod til personar med demens i 2022 er Møre og Romsdal eit av fylka med flest kommunar med bukollektiv/bufellesskap tilrettelagt for personar med demens. Kartlegginga viste òg at Møre og Romsdal var eit av fylka med flest tildelt tilskot til kommunar på tilskotsordninga til pårørandeskular og samtalegrupper, og med ei vesentleg aktivitetsauke frå 2018 til 2022.

Vi vurderer at kommunane planlegg og utviklar sine tenester til personar med demens og deira pårørende i tråd med nasjonale mål i Demensplan 2025, men i varierende grad. Kommunane opplever demografiutfordringane ulikt, der nokon kommunar allereie står i store utfordringar medan andre kommunar har ei yngre befolkning. Tematikken rundt demografi og demens vert òg belyst i vårt arbeid med Kommunebildet, der ein får innsikt og kunnskap som vi tar med oss inn i kommunedialogen.

Alle kommunane gir tilbakemelding om utfordringar knytt til å rekruttere og behalde fagkompetanse. Utfordringane er størst i dei mindre kommunane. Eit auka press på tenester og utfordringar knytt til personell, gjer at kommunane må tenke nytt og planlegge for framtidens helse- og omsorgstenester på ein annan måte.

Frå tilskottsordninga Kompetanse og tenesteutvikling har vi i 2023 tildelt midlar retta mot ulike tiltak innan demens omsområdet:

Demensomsorens ABC: 279 personar fordelt på 9 kommunar, Utdanning på fagskulenivå: 12 personar fordelt på 7 kommunar.

Vidareutdanning- og masternivå: 5 persoanr fordelt på 4 kommunar. Ut frå denne oversikta vurderer vi at demensområdet ikkje har høg prioritet i høve kompetansehevingstiltak i kommunane.



I nettverk for kommunalsjefar på områda helse, omsorg og velferd, blir tema og utfordringar som er felles løfta opp, og der ein gjennom samarbeid prøver å finne gode og berekraftige løysingar. Ein vesentleg nytteverdi er erfaringsdeling, informasjon og dialog samt ein felles forståing av oppgåveløysinga.

Statsforvaltaren hadde ikkje ein eigen Demenskonferanse i 2023, då vi arrangerte ein større konferanse med omlag 200 deltakarar i slutten av 2022. Her var nasjonale føringar og tiltak frå Demensplan 2025 tatt med.

USHT har i 2023 organisert samlingar knytt til Fagnettverk demens og Nettverk for demensvenleg samfunn. Nordmøre og Romsdal har hatt eit Fagnettverk for demens sidan 2014, medan eit tilsvarande nettverk ble etablert på Sunnmøre i 2023. Alle kommunane i fylket har dermed eit tilbod om deltaking i fagnettverk i sin region. Møre og Romsdal består av mange små kommunar, tilsette på fagfeltet kan oppleve å stå aleine som demenskoordinator/-kontakt. Deltaking i fagnettverk på tvers av kommunar og nivå gjer stor gevinst i høve auka tryggleik i rolla. Det kan vidare gjere at både personar med demens og deira pårørande vil oppleve betre tenester.

Det ble i 2023 arrangert felles nettverksamlingar på tvers av kommunar og Helse Møre og Romsdal, samt frivillige organisasjonar. Dette bidreg til å sikre ein heilskapleg innsikt, læring og felles forståing for dei ulike aspekta ved systematisk oppfølging av demens. Vi deltek i nettverka og opplever stor nytteverdi gjennom den innsikta vi får.

Etter vår samla vurdering er det framleis eit behov for å styrke arbeidet innanfor demensområde i kommunane.

### Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, inklusive allmennelegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Alle kommunane i fylket rapporterer om utfordringar med å behalde og rekruttere personell til helse- og omsorgstjenestene. Dei gir tilbakemelding på at det ikkje berre gjeld fagkompetanse, men og personell generelt.

Det er behov for fleire desentraliserte og fleksible utdanningar innan helse- og omsorg. Dette har komme fram i samarbeidet mellom kommunane, utdanningsinstitusjonane og statsforvaltaren. Det har og vore tema i eigne møte mellom Statsforvaltaren og NTNU/høgskulane.

I 2022 vart det starta opp desentraliserte studietilbud i sjukepleie og vernepleie gjennom Høgskulen i Molde, avd. Kristiansund. Etablering av desentralisert utdanning i vernepleie i Sunnmørs-regionen er framleis under planlegging.

Fagskulen Møre og Romsdal har studiestad i Kristiansund og Ålesund. Innan helse- og omsorgsfeltet er det kun tilbod om psykisk helse- og rusarbeid i Kristiansund. I samarbeidsmøte med Fylkeskommunen har dette vore tema. Vi har meldt behov for fagskule innan områda velferdsteknologi, habilitering og rehabilitering og demensomsorg.

I 2023 tildelte vi kompetansemidlar til totalt 1610 personar, som er 1044 færre enn i 2022. Noko av forklaringa på dette kan vere opplæring og innføring av Helseplattforma og utfordrande kommuneøkonomi. Vi hadde ein omfattande gjennomgang av tilskotet i den enkelte kommune i 2023, der vi mellom anna såg at det var mange som ikkje hadde starta med planlagt utdanning og midlar var satt på fond. Vi kan ut frå det anta at i 2022 låg talet personar noko kunstig høgt, og at talet på personar i 2023 er meir realistisk.

I møte med den fylkeskommunale tannhelsetenesta vart vi orientert om rekrutteringssituasjonen. Det er underskot på tannhelsepersonell; tannhelsesekretærar og tannpleiarar men fylket har tilfredsstillande tilgang på tannlegar. Fylket har ikkje eigen studieretning for tannhelsesekretær i vidaregåande skule. I arbeidet med å rekruttere har fylkestannlegen laga ein rekrutteringskampanje, mellom anna ein film som ligg på YouTube.

Medan det i 2022 var ei jamn auke på lister utan fastlege, har talet vore jamt høgt gjennom heile 2023. Talet har variert frå 31 til 35 lister, og var ved årsskiftet fordelt på 12 kommunar. Fleire kommunar har strevd med rekruttering i fleire år, mens andre kommunar har hatt stabil fastlegedekning. Rekrutteringssviktener vi rammar både store bykommunar og mindre distriktskommunar. Små og mellomstore kommunar med langvarig rekrutteringssvikt har hatt dei største utfordringane, noko som mellom anna har resultert i hyppig bruk av vikarar. Periodevis har ein god del av listene utan fastlege også vore utan vikar, noko som gjer auka belastning på dei attverande fastlegane. Dette gjer utslag både ved fråvær, i høve rettleiing og auka vaktbelastning.

Frå 2021 har Statsforvaltaren følgd tett med på fastlegesituasjonen, og vi ser at fleire kommunar har hatt vedvarande rekrutteringssvikt.

I mange kommunar har det vore ei utfordring at innbyggjarane ikkje kan bytte fastlege då det ikkje finnst ledige plassar på fastlegelistene. Vårt inntrykk er at mange kommunar nyttar ulike verkemiddel for å rekruttere, slik som ALIS -tilskot og rekrutteringstilskot. Enkeltkommunar har og lagt til rette for tilpassa vaktordningar, som nordsjøtumus i legevakt. Vi har ikkje gjennomført spørjeundersøkingar i løpet av 2023, og vi kjenner ikkje til status i kommunane om kven som har søkt om ALIS- tilskot, eller planlegg å søke. Det var i løpet av 2022 innvilga 50 ALIS- tilskot i fylket.

I nettverk for kommunalsjefar helse, omsorg og velferd vart det gitt oppdatert informasjon om ny spesialistforskrift og søknad om registrering av

utdanningsverksemd. Kommunane vart oppfordra til tettare samarbeid og erfaringsutveksling kring legeplan, kompetanseutvikling, rekruttering og stabilisering.

#### Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til nasjonale mål om å styrke tilbudet i kommunene, om samsvar mellom behov og tilbud, samt utvikling av samarbeidet med spesialisthelsetjenesten.

Statsforvaltaren har ikkje gjennomført kartlegging på områda habilitering og rehabilitering i 2023, då sist kartlegg var november 2022. Etter vår vurdering har det ikkje skjedd dei store endringane på områda dei seinare åra.

Kartlegging frå 2022 viste at mange kommunar har ein plan for områda habilitering og rehabilitering. Nokre kommunar har eigne planar medan andre har implementert desse områda i anna planverk.

Kommunane skal sikre eit differensiert tilbod som dekker innbyggjarane sine behov. Statistikk viser at det er variasjonar mellom kommunar når det gjeld kor mange personar av innbyggjarane som mottek habilitering/rehabilitering. Det kan vere fleire årsaker til desse variasjonane. I vår kartlegging frå 2022 svarer alle kommunane at dei har eit tilbod, men av varierende grad. Det er fleire kommunar som gir tilbakemelding om at dei manglar eit tilbod knytt til unge personar som treng bu-trening.

Kommunane er ulikt organisert, og særleg i høve koordinerande eining og oppgåver knytt til denne for å betre ivareta personar som treng langvarige og koordinerte tenester. Vi ser framleis at individuell plan og koordinator ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt i enkelte kommunar. Vi har hatt fokus på dette i 2023 både i oppfølging av klage og tilsyn, og på ulike møtearena med både kommunane og spesialisthelsetenesta.

I informasjon og rettleiing har vi vektlagt endringar i regelverket og nasjonal rettleiar om tenester til barn, unge og deira familiar. Vi hadde mellom anna eit webinar om Tverrfagleg samarbeid, individuell plan og koordinator og barnekoordinator, i samarbeid med Statsforvaltarane i Troms og Finnmark og Innlandet som skapte eit stort engasjement. Her deltok fleire hundre deltakarar frå heile landet og frå ulike tenestenivå. Engasjementet tyder på at behovet for informasjon og kompetanseheving på område er stort.

Kommunane har organisert seg ulikt med tanke på ordninga med barnekoordinator. Nokre kommunar har oppretta eigne stillingar, men med ulik plassering i organisasjonen. Dei fleste kommunar har ikkje oppretta eigne stillingar, men legg ansvaret for barnekoordinator til koordinerande eining med ein styrka ressurs.

Vi ser ut frå henvendingar at samhandling og samarbeid er utfordrande, særleg til dei som har eit omfattande hjelpebehov og har treng bistand frå fleire tenester.

Statsforvaltaren deltek i felles nettverk for koordinerande eining for kommunar og helseføretak, og vi ser at dette er ein unik arena for å kunne både gje og få informasjon og kunnskap.

Kommunane prøvar å sikre seg breddekompetanse, men òg her i varierende grad. Vi ser at fleire kommunar, til tross for vår oppmoding, ikkje søker kompetansmidlar med tanke på å sikre breddekompetanse i eigen kommune. Utfordringane knytt til rekruttering viser seg størst hos mindre kommunar, og fleire kommunar har inngått interkommunalt samarbeid for å ivareta lovpålagt fagkompetanse.

Statsforvaltaren har gjennom sitt arbeid med å bistå kommunane i strategisk kompetanseplanlegging, komme godt i gang med kartlegging og oversikt over kommunane sine behov. Dette arbeidet og samhandlinga med kommunane blir vidareført i 2024.

Vi ser at det har vore ei auke av deltakarar på det kompetansehevande tiltaket Mitt livs ABC. Det var 110 personar fordelt på 7 kommunar som gjennomførte kurset i 2023. Eit auka fokus på dette tiltaket frå kommunane ser vi som ein positiv effekt av satsinga frå USHT. Vi tildelte kompetansmidlar på område habilitering/rehabilitering på vidareutdanning- og masternivå til 11 personar fordelt på 5 kommunar. Vi vurderer at kommunane har låg prioritet for å søke kompetansehevande tiltak på habilitering og rehabiliteringsområde.

Statsforvaltaren samarbeider godt med USHT i mellom anna med auka kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming. USHT har eit pilotprosjekt for habiliteringsområde i Ålesund kommune, og vil løfte erfaringane derfrå til dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Det er danna eit fagnettverket, og aktiviteten her vil vere forankra i nasjonale føringar som rettleiar og CRPD. Det skal bidra til å styrke tenestene ut frå gjeldande retningslinjer og lovverk. Nettverket skal vere ein arena for samarbeid, erfaringsdeling og kompetanseutvikling på tvers av kommunegrenser.

Det er etablert ei arbeidsgruppe som støtter nettverket der Statsforvaltar, Spesialisert habilitering, Habilitering for barn og unge, NAKU, NFU og kommunerepresentantar frå utvalde kommunar deltek.

Vi hadde i 2023 to samarbeidsmøter med habiliteringstenestene i Helsefortaket. Dette er ein arena som vi har hatt i mange år, og som primært er knytt til helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. I desse møta blir det også utveksla informasjon om habiliteringsfeltet for øvrig.

I 2023 vart det gjennomført 4 tilsyn som del av det landsomfattande tilsynet om barn i barne- og avlastingsbustader får habilitering/opplæring i samsvar med sine behov. Det vart avdekt lovbrøt i alle 4 kommunane. I etterkant av tilsyna er det planlagt ein fagdag med deling av erfaringar og kompetansehevande tiltak ut frå funn i tilsyna.

Etter vår vurdering er det framleis eit stort behov for å styrke arbeidet innafør område habiliteing og rehabilitering både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

#### Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

Statsforvalteren skal også rapportere på totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag i 2023 og redegjøre for hovedårsakene til fratakelsene.

Vi har gjennomført 23 tilsyn med verjer i 2023. Talet på tilsyn er lågare enn vi ynskjer. Dette skuldast i stor grad redusert bemanning og høge restansar. Den vanskelege situasjonen har gjort at vi har sett oss nødd til å prioritere ned tilsyn i 2023.

Hovudårsaka for tilsyna vi har gjennomført er at vi har mottatt bekymring, frå kommune, pårørende eller andre - eller at vi på bakgrunn av rekneskapskontroll eller anna har mistanke om at personen med verje sin økonomi ikkje ivaretas til vedkomande sitt beste.

Dei fleste sakene løyses med veiledning av verja og/eller andre, særlig knyttet til rolleforståing og frivillighet.

Vi har 6 verjer (5 saker) som har vorte fråteke verjeoppdrag i 2023. 3 av desse etter rekneskapskontroll, og 3 etter mottatt bekymring frå kommunen. Orsaka i desse sakene er manglande rolleforståing og samarbeidsproblemer.

Vi er i gang med å strukturere arbeidet vårt med tilsyn av verjene.

#### Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Rapporteringen skal gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuell periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det vidare fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner. Skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning skal benyttes.

Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Statsforvalteren skal i årsrapporten også redegjøre for sine vurderinger av overordnet status på rettshjelpsfeltet. Rapporten skal inneholde en analyse av effektene av de endrede inntekts- og formuesgrensene.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i 2023 handsama totalt innkomne 620 søknader og krav om fritt rettsråd og fri sakførsel. Det er gitt økonomisk dispensasjon i berre 6 saker. 12 søknader er avslått på grunn av overskriding av innteks- og formuesgrense, eller fordi saken ikkje vert rekna som støtteverdig. Detaljane i rapporteringa vert sendt på eige skjema til Statens sivilrettsforvaltning innan 01.02.2024.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har i 2023 vore på 4 veker, og det er nytta ein 50% ressurs til å løyse oppgåva. Ved rapportering er alle saker frå 2023 handsama innan fristen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ser ikkje ei særleg stor auke i saksmengda på søknader frå advokatar. Tilfanget av stykkprisar frå advokatar er derimot aukande. Sakene vert difor stort sett løyst innanfor stykkprisordninga som advokat sjølv innvilgar.

Auka arbeidsmengde på området er knytt til søknader frå privatpersonar som har dårleg/lite kjennskap til ordninga. Det er ofte tidkrevjande å rettleie og forklare søkjaren sine rettar, og at gjeldande bruttoinntektsgrense framleis er lave.

Dersom ordninga skal omfatte fleire lavt lønna grupper som treng hjelp må inntektsgrensene aukast. Det vil og betre ordninga om det vert innført ei meir differensiert eigendelsordning, som omfattar auke i inntektsgrensene. Auke i formues grensa frå 01.01.23 har vist seg å ha svært liten betydning.

#### Retts hjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkommne søknader	620	608	12
Innvilgede søknader	600	593	7
Avslåtte søknader	20	15	5

**Retts hjelp forbruk**

<b>Forbruk kap. 470.01</b>	<b>Forventet forbruk kap. 470.01 neste år</b>
2 588 276	2 700 000

**Retts hjelp restanser**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum
Restanser	13

**Samfunnsikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)****Rapportere på****Samfunnsikkerhet i plan**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnsikkerhet i planprosessen er formidlet til kommunene?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene i arbeidet med samfunnsikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene med å integrere funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel?

I våre fråsegner til oppstart viser Statsforvalteren til DSB sin rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" og vi tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Vidare gjer vi merksam på «Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Vi viser til relevante rettleiarar og forventar at desse nyttast i arbeidet med ROS-analysen. Vi har det siste året vore opptatt av klimatilpassing og tryggleik rundt verksemdar med farleg stoff/eksplosivar. Vi ser kommunane er blitt flinke til å avklare og følgje opp farar knytt til skred, kvikkleire, flaum, og stormflod. Vidare har vi formidla "Nasjonale forventingar til regioanl og kommunal planlegging 2023-2027" til kommunane.

Vi deltek i regionale planforum der vi tidleg i planprosessen kan støtte kommunane i deira planarbeid. Vi deltek i andre relevante møter og rettleiar over både e-post og telefon ved behov. Vi bidreg inn i Statsforvalteren og fylkeskommunen sitt nyheitsbrev om plan som går til alle kommunane i fylket. Mykje av rettleiinga føregår gjennom våre høyringsfråsegner til planar. I tillegg held vi ein del innlegg om samfunnstryggleik i plan når dette vert etterspurt.

I oppstartsvarsel til kommuneplanen sin samfunnsdel gjer vi merksam på at arbeidet med heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid tek utgangspunkt i kommunen sin heilskapleg ROS-analyse. Vi tilrår derfor kommunen å nytte samfunnsdelen til å fastsette langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og oppfølging av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik (inkludert klimatilpassing). Vi tek òg dette opp i tilsyn med kommunane etter kommunal beredskapsplikt.

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)****Rapportere på****Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status i fylket for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos de kommuner som har storulykkevirksomheter?
  - o Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivaretatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter?

Vi har oversikt over kommunane som har storulukkeverksemdar, og sikrar gjennom plansakshandsaminga at naudsynte omsynssoner vert oppretta/vidareført i aktuelle arealplanar. Dette gjerast gjennom fråsegn til planoppstart og ved høyring av planar. Vi fremjar motsegner til planar dersom det er mangelfull dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik rundt storulukkeverksemdar. Temaet vert òg diskutert med relevante kommunar, t.d. ved tilsyn.

Vi fører ikkje liste over kva kommunar som har oppretta (ev. ikkje oppretta) omsynssoner kring storulukkeverksemdene i sine eksisterande arealplanar. Vi handtarar plansaker etter kvart som dei kjem inn, og kjem med våre krav/forventningar om bruk av omsynssoner når vi får plansaker som inkluderer storulukkeverksemdar.

**FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)**

**Rapportere på****FylkesROS**

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
  - Inngår prioriterte tiltak for oppfølging i oppdatert oppfølgingsplan til fylkesROS?
  - Er oppfølgingsplanen behandlet i fylkesberedskapsrådet og regionale totalforsvarsforum?
  - Legges vurderinger av hendelsene til grunn for samordnet beredskapsplanlegging?
  - Legges vurderinger av hendelsene til grunn for sivil-militære øvelser?

Statsforvaltaren arbeider systematisk med FylkesROS. Tre nye scenario vart lagt til FylkesROS i 2023. Desse inkluderte pandemiscenario, atomulukke frå ubåt, og atomulukke med luftbore utslepp frå atomanlegg i utlandet.

FylkesROS 2023 har ni scenario. I tillegg til scenarioa skildra over omfattar FylkesROS: kvikkleireskred, regnflaum, fjellskred, grunnstøyting cruiseskip, radikaliserings og valdeleg ekstremisme og tryggingpolitisk krise/krig. FylkesROS 2017 inneheld sårbarheits-analyser knytt til kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar.

Det er planlagt å oppdatere FylkesROS med eit par nye scenarioanalyser kvart år framover. Scenarioa vert lagt til grunn når vi vurderer aktuelle øvingar retta mot kommunane og regionale beredskapsaktørar. Vi ser òg at FylkesROS vert nytta av andre beredskapsaktørar når dei vurderer aktuelle øvingar for eigen organisasjon.

Nye scenario i FylkesROS vart presentert for Fylkesberedskapsrådet, kommunale beredskapsmedarbeidarar, og ordførarar og varaordførarar. Heile eller delar av FylkesROS er også presentert i fleire andre samanhenger, konferansar osv.

Oppfølgingsplanen inneheld både generelle og scenariospesifikke tiltak. Oppfølgingsplanen vart ferdigstilt første kvartal i 2023, og skal oppdaterast på nytt første kvartal i 2024. Planen gjeld for fire år, med årlig revisjon. Oppfølgingsplanen er presentert/handsama av Fylkesberedskapsrådet i 2023.

Tryggingpolitisk krise/krig er eit av scenarioa i FylkesROS. Scenarioanalysen ligg føre i to versjonar, gradert og ugradert. Begge versjonane er bygd opp likt og tek utgangspunkt i eit nasjonalt scenario, utarbeid av DSB. Gradert versjon er utarbeida i tett samarbeid med HV-11 og Politiet, og er tenkt å vere eit dynamisk dokument som kan oppdaterast i takt med mellom anna arbeidet med objektsikring.

Tryggingpolitisk krise/krig vart øvd i Fylkesberedskapsrådet i 2023.

**Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)****Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten.

Samarbeidet med andre statsforvaltarar har vore godt dei siste åra og blir stadig betre. Vi deltar i Teams-forum innanfor dei fleste fagfelt. Nasjonalt tilsynsforum er også ein svært god arena som bidreg til betre gjennomføring og likare praksis på tilsyn. Deltakelse i nasjonale tilsynsaksjonar er noko vi prioriterer høgt, både opplæring og antal tilsyn. Vi er viktig at det utarbeidast tilsynsopplæring og tilsynsetatanes styringsgruppe og e-læringskurset er en god start.

**Gevinstrealiseringsplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)****Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

**Fellingstillatelser på rovviltområdet (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)****Rapportere på**

Fellingstillatelser på rovviltområdet

- Gaupe: 5 søknader, 5 innvilga, eitt dyr skadeskutt og antatt død.

- Jerv: 5 søknader, 3 innvilga, ingen dyr felt

2023 utmerkar seg som eit år med mange skadefellingssøknader og -løyve på gaupe i Tingvoll kommune. Årsaka er vesentleg betre tilsyn og dokumentasjon av tap av lam til gaupe.

#### Avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)

##### Rapportere på

Rapportere en oversikt over havner som med nytt regelverk (forurensningsforskriften kapittel 20) vil falle utenfor kravet om avfallsplan.

Endringen i forurensningsforskriften kapittel 20 som gir unntak fra krav om avfallsplaner trådte i kraft først 01.10.2023, og vi er ikke kjent med at det har kommet føringer eller veiledning fra Miljødirektoratet i forhold til hvordan dette oppdraget skal følges opp. Av denne årsak, og grunnet kort tid, har vi ikke kunnet prioritere å gjennomføre dette nå.

957 havner i Møre og Romsdal er registrert som småbåthavn.

#### Klimaendringer og -tilpasning (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)

##### Rapportere på

Rapportere en oversikt over hvordan klimaendringer og klimatilpasning blir tatt hensyn til i kommuneplaner

Vi har formidla forventningane i SPR gjennom fråsegn til oppstartsvarsel til regulering-, områderegulering-, og kommuneplanar. Spesielt har dette hatt fokus i tilbagemelding på overordna planar. I fråsegnene har vi samstundes vist til Klimaprofil Møre og Romsdal som eit kunnskapsgrunnlag for venta klimaendringar. Vi har også vist til denne i vårt forventningsbrev til kommunane for 2023. Vidare hadde vi eit innlegg om klimaprofilen på Klimasnukonferansen i 2023.

Kommunane er godt kjent med klimaprofilen for fylket, og vi ser denne blir nytta som kunnskapsgrunnlag i ROS-analysar. Vidare ser vi at fleire kommunar refererer til SPR som eit relevant dokument i plansaker. Klimaendringer og klimatilpassing er eit tema kommunane er opptekne av. Spesielt er planar gode når det gjeld omsyn til klimaendringar i vurdering av flaumfare, stormflodfare og ulike skredfarar. Det er auka merksemd knytt til m.a. overvasshandtering og opne vassvegar for å ta høgde for meir nedbør. Her er det likevel ein veg å gå.

Vi ser at vurderingane som skal gjerast ut frå SPR i fleire tilfelle er noko avgrensa og mangelfulle i plansakene. Truleg som følgje av manglande ressursar og kompetanse i kommunane. Det tek tid å innarbeide nye rutinar og heve kompetansen.

#### Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)

##### Rapportere på

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Rapportert i særskilt brev.

#### Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Statsforvaltaren har dei siste åra rigga seg for færre og større prosjekt innan prosjektskjønn, kalla fylkesløft. Kommunane blir oppmoda til å samarbeide om prosjekta. Sidan 2019 har Statsforvaltaren også samarbeidd tett med fylkeskommunen om å utvikle Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Vi har brukt prosjektskjønnsmidlar for å styrke denne satsinga. Nytt av året er at vi har finansiert fire stillingar som berekraftkoordinatorar. Dette er tenkt over to år. Koordinatorane er tilsett i kommunane og skal arbeide for vertskommunen og omlandet. Til saman vert heile fylket dekt. I Tingvoll kommune arbeider koordinatoren for Nordmøre. I Volda sit koordinatoren som har same rolle for Søre Sunnmøre. Molde har ditto for Romsdal. Pr. no har ikke koordinatoren som skal dekke Nordre Sunnmøre (plassert i Ålesund) tiltrådd. Gjennom Berekraftfylket har fylkeskommunen ein ressurs som følgjer opp koordinatorene. Statsforvaltaren har også ein ressurs som dels arbeider med berekraft. Prosjekta som berekraftkoordinatorane arbeider med er dei same som vart identifisert som særleg krevjande for enkeltkommunar å arbeide med i fylkesrapporten om berekraft for Møre og Romsdal: sirkulærøkonomi, ein smart og berekraftig VA-sektor, berekraftig mat og mattryggleik, digitalisering av offentleg sektor, fattigdom og sosial inkludering

og berekraftsertifisering av offentlege bygg.

Digi Møre og Romsdal har fått midlar til prosjektleiar som har arbeidd med anskaffing og implementering av Digi Barnevern som praktisk case. Formålet var å utarbeide en metodikk for gjennomføring av felles prosjekt i Digi Møre og Romsdal.

Statsforvaltaren har gitt tilskot til regionale innføringsleiarar for Helseplattformen.

Vi har også fått kartlagt interkommunalt samarbeid i fylket. Resultatet viser at det er svært mange samarbeid, men at dei er fragmenterte og kun dekker ein liten del av kommunen sin tenesteproduksjon. Det er stor interesse for funna i rapporten frå kommunar si side. Statsforvaltaren ser for seg å følgje opp dette vidare.

Ungt Entreprenørskap er ei satsing i Møre og Romsdal 2025. 2023 er tredje og siste året vi har gitt støtte til kommunar til deltaking i Ungt Entreprenørskap sitt program for auka kreativitet og skaparglede. Programmet vert brukt i ulike trinn i grunnskolen.

#### Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Vi har i 2023 mottatt 9 saker med krav om lovlegkontroll etter klage.

Vi har gjennomført lovlegkontroll etter klage i totalt 5 saker. 4 av 5 vedtak er stadfesta som lovleg, mens 1 vedtak er stadfesta som ulovleg.

Vi har avvist ei sak med krav om lovlegkontroll etter klage.

To av sakene med krav om lovlegkontroll er lagt i bero i påvente av kommunen si behandling og klagebehandling etter plan- og bygningslova.

Vi har i 2023 mottatt 5 oppmodingar om å ta opp ei sak til lovlegkontroll. Vi har ikkje tatt nokon av desse oppmodingane til følgje. Vi har heller ikkje tatt opp nokon sak til lovlegkontroll på eige initiativ.

#### Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	4	1	5
På eget initiativ	0	0	0

#### Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har i 2023 rettleia kommunane om saksbehandlingsreglane i kommunelova. Det gjeld til dømes spørsmål knytt til saklista, utsetting av saker, lukking av møte med vidare.

Vi har også hatt ein del rettleiing knytt til valreglane i kommunelova. Det gjeld spørsmål knytt til reglane for utreden, fritak, opprykk, nyval og suppleringsval og kravet til kjønnsmessig representasjon.

Vi har hausten 2023 rettleia kommunane i spørsmål knytt til konstituering etter valet. Vi opplever at mange av kommunane har funne god nytte i departementets rettleiar om konstituerande møte i kommunestyret og folkevalde organ.

#### Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk, muligheter og utfordringer, fordeler og ulemper statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

NIVI Analyse, ved Geir Vinsand, har kartlagt talet på interkommunale samarbeidsordningar for kommunane i Møre og Romsdal i 2023. Han gjorde det same tilbake i 2013. I kartlegginga er det registrert til saman 200 interkommunale samarbeidsordningar fordelt på 26 kommunar. I 2013 var talet 255 samarbeidsordningar fordelt på 36 kommunar.

Gjennomsnittleg tal på ordningar per kommune for heile fylket no i 2023 ligg på 36, men det varierer mykje mellom kommunane. Omfanget på det interkommunale samarbeidet er størst på Nordmøre og i Romsdal, med eit snitt på 40 samarbeidsordningar per kommune. Fleire av kommunane på Søre Sunnmøre ligg lavt i talet på registrerte ordningar.

I Møre og Romsdal deltek nesten alle kommunane i samarbeid om viktige oppgåver som IKT, legevakt, døgntinuerleg barne-vernsvakt, krisesenter, kompetansesamarbeid innanfor oppvekst, renovasjon, friluftsråd og beredskap mot akutt forureining. Mange kommunar samarbeider også om barnevern, PP-teneste, NAV-kontor, brannvesen og felles hamneforvaltning.

Det er relativt få som samarbeider om miljøretta helsevern og kommunepsykolog. Samarbeidet verker også gjennomgåande svakt utvikla for fleire administrative støttefunksjonar. I Møre og Romsdal finns ingen regionale plankontor, ingen felles økonomikontor og ingen samarbeid om tildelingskontor for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Det formaliserte interkommunale samarbeidet framstår som dårleg strukturert og svakt utvikla på mange viktige tenestoområde, ifølge NIVI analyse.

Interkommunalt samarbeid vil vere viktig for framtidig rekruttering og kompetanseutvikling på dei sentrale fagområda i kommunane. I tillegg vil interkommunalt samarbeid vere avgjerande for å sikre rekruttering og stabilitet i fagmiljøa.

I anbefalinga frå NIVI analyse ligg ein langsiktig tyngdepunkt-forsterkning av den kommunale verksemd i Møre og Romsdal, konkretisert til faste kommuneregionar som grunnlag for samarbeid om teneste- og samfunnsutvikling.

**Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelsler (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelsler, herunder i hvilken grad innsigelsler blir løst gjennom dialog.

Det er Statsforvaltaren som sett fram dei fleste motsegna til plansaker i vårt fylke. Dei fleste motsegna blir løyst gjennom tidleg og tett dialog med kommunane. Dei fleste motsegna blir også løyst utan at vi kjem til eit formelt meklingsmøte, og få saker blir sendt over for endeleg avgjerd i KDD.

I 2023 har vi behandla 272 plansaker. Vi har reist motsegn i 40 av 272 plansaker. Vi løyste 38 av desse sakene gjennom dialog. Dei to siste løyste vi i formelle meklingsmøte. Difor sende vi ingen motsegnssaker til KDD i 2023.

Når det kjem motsegn frå andre statlege etatar oppfordrar vi til tidleg dialog mellom partane. Vi kallar inn og deltek som møteleiar i dialogmøter mellom partane. Vi har eit mål om handsame motsegn på ein samordna måte slik at det blir enklast mogleg for kommunen å få framdrift i den aktuelle plansaka.

**Samordning av statlige innsigelsler**

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har <u>oversendt</u> innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>løst</u> før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>avskåret</u> av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater <u>fremmet</u> for kommunen
Antall planer totalt	18	0	0	56
Statsforvalteren	0	0	0	40
Avinor	2	0	0	2
Direktoratet for mineralforvaltning	1	0	0	1
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	1	0	0	1
Forsvarsbygg				
BaneNor				
Kystverket	1	0	0	1
Luffartstilsynet	0	0	0	0
Mattilsynet	1	0	0	1
NVE	14	0	0	14
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen				
Statsbygg				

**Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**



**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Sjå kommentaren til punkt 3.3.1.1.1.1.

Ordninga bidreg til å ta vare på verdiane i området til ei viss grad. Det er eit stort og innhaldsrikt område, med mange verdiar som må takast vare på. Gjengroinga har auka i dei fleste eller alle dalstrøk, også etter status som UKL i 2009. Dermed kan ein seie at naturverdiane i det opne kulturlandskapet etter alt sannsyn har blitt svekka. Skjøtsel av einskilde naturtypar, som slåttemark og naturbeitemark, er oppretthalde. Kultur- og miljøverdiane blir vurdert til å vere styrka. Takta på restaurering og ivaretaking er noko større enn forfallet i resterande bygningsmasse med behov for istandsetting. Behovet for restaurering av seterhus på alle dei mangfaldige setervollane er særskilt mange og store.

Det er fleire positive trendar i området. Dette gjeld spesielt ivaretaking av bygningsmiljø, tilflytting og investering i jordbruksdrifta. Det har vore tilflytting til fleire av hovudbruka dei siste 3-4 åra. I tillegg blir det investert i jordbruksdrifta her. Dette er veldig positivt og tilseier at UKL-statusen og tilskot har positiv effekt.

Generell gjengroing er den største trusselen mot kulturlandskapet i området. Dette trass i at fleire beitedalar har same beitenivå som for 10-15 år sidan. Sesongdrift, mindre setring og mindre hogst til vedfyring mv. fører til en viss gjengroing uansett. Aukande bruk av hyttene i området, samt større krav til komfort, størrelse og fasilitetar, har potensielle motstridande interesser med jordbruket - spesielt i beitesesongen.

Det er innvilga tilskot til fleire næringsutviklingstiltak, hovudsakleg til innan jordbruksdrift.

På Inner Gammelsetra, som er einaste aktive seter i området, er det investert over fleire år. Enkelte gardar har sal og utleie av lokaler og mat gjennom året. Området er godt besøkt grunna kombinasjonen av eit intakt kulturlandskap og høg fjell. Turistforeining (KNT) har fleire turisthytter i området. Potensialet for næringsutvikling er derfor stort fleire stader.

Området har ikkje ein gjeldande forvaltningsplan per tid. I 2023 blei det laga eit utkast av Miljøfagleg utredning (MFU) som har vore på høyring i arbeidsgruppa. Planen vil bli vedtatt i 2024. I mellomtida har ein eit godt kunnskapsgrunnlag om området, lang erfaring med ordninga, samt årlege lokale retningslinjer, som legg grunnlag for forvaltning av ordninga.

Samarbeidet mellom ulike aktørar fungerer godt for området. Kommunen har særleg god kontakt med grunneigarar og andre aktørar i jordbruket, i tillegg til regional forvaltning. Kommunen påpeiker at samarbeid med verneområdeforvaltninga på Dovrefjell er svært god, med gjensidig forståing om bruk og vern av området. Det er ikkje direkte samarbeid med andre aktørar, som t.d. KNT, men dei blir sett på som svært viktige og gode ambassadørar for ordninga med sitt vedlikehald av stiar og drift av fleire verneverdige bygg i området.

**Alnes**

For UKL Alnes har det blitt innvilga totalt 624 412 kroner. Av dette utgjør 6 % årlege driftstiltak og 94 % eingongstiltak. Det er innvilga mest innanfor miljøtema ferdsløp og friluftsliv (54 %) og kulturminne og kulturmiljø (28 %).

I all hovudsak bidreg tiltaka til å ta vare på verdiane i området. Dette gjeld spesielt ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø i den eldste busetnaden. I 2023 blei istandsetting av turstien «Fjellvegen» ferdigstilt. Det har vore eit stort fellesprosjekt som har strekt seg over fleire år. Stien bidreg til å styre ferdsløpet opp til fjellet.

Det totale biletet er at verdiane er styrka gjennom åra med UKL-status. Dette gjeld spesielt større restaureringsprosjekt på gardstun, der eigarar har synt stor grad av vilje til restaurering av bygningar etter antikvariske prinsipp. Bygda har også gjennomført større fellestiltak i utmarka, og fleire slike tiltak blir diskutert.

Jordbruksdrifta i området er sårbar. Innmarka blir i all hovudsak skjøtta ved utleige til ein aktiv brukar utanfor bygda. Det er berre ei sauebesetning i bygda, og beitepresset er generelt for lågt. Ivaretaking av bygningsmassen er rekna som ei anna utfordring. Dette er ofte større, kostbare prosjekt og krev stor gjennomføringsvilje hos eigarar. Nokre av småbruka har til dømes gjort renovering av bustadhus der kulturminneverdien har blitt forringa gjennom tiltak som ikkje er gjort etter antikvariske prinsipp.

Alnes har stort besøk av turistar/turgåarar som vil nytte fjellet og sandstranda. Ein del av satsinga dei siste åra har vore med tanke på å handtere store mengder tilreisande på ein god måte. Spesielt med tanke på å redusere slitasje for dei lokale. Tilrettelegging av meir parkering og skilting kan nemnast.

Alnes har forvaltningsplan frå 2020. Tilbakemeldinga er at denne fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka.

Samarbeidet mellom ulike aktører fungerer godt for området. Lokalmiljøet er lite og tett, med dei utfordringar som følger med det. Det er oppnemnd samarbeidsutval for dei ulike interessene i bygda opp mot Giske kommune si forvaltning av ordninga. Her er fleire lag og foreningar representert.

#### Hjørundfjorden og Norangsdalen

For UKL området har det blitt innvilga totalt 1 120 581 kroner. Av dette er 43 % årlege driftstiltak og 54 % eingongstiltak. Det er innvilga mest innanfor tiltakskategoriene landskapsskjøtsel (69 %) og kulturminne og kulturmiljø (16 %)

Tilskotsordninga bidreg klart til å ta vare på mange av verdiane i området. Det blir gitt arealtilskot for skjøtsel av prioriterte område med dyrkajord og beitetilskot for dyr i utmarka. Arealtilskotet og beitetilskotet er med å støtte opp om jordbruksdrifta i området, og å ta vare på kulturlandskapet. Investeringsstilskot blir brukt til å halde ved like kulturminne og kulturarv. Det er ein auke i turisttrafikken inn i Hjørundfjorden. Området er i startfasen av næringsutvikling som set fokus på turistnæringa, både på sjøen og langs vegen. Fokus er å få fram tiltak som gir framtidige inntekter til aktive bygder.

UKL ordninga er klart med å styrke naturverdiane, kulturmiljøverdiane og jordbruksdrifta i området. Sidan 2018 har dette vore ei ordning som har vore med å finansier restaurering av fleire kulturminne og kulturmiljø. Dette vil framleis vere eit viktig oppdrag for området. Sidan 2022 er det betalt ut areal og beitetilskot. Sjølv om det er "småsummer" i tilskot, er dette med å motivere yngre brukarar til å ha beitedyr i området. Ein registrerer at nye aktive bruk/bønder søker om tilskot.

Nedgang i talet på aktive bruk og beitedyr blir sett på som den største trusselen. Dette har potensielt fleire konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø. Det er ei stor utfordring i rekruttering av nye aktive brukarar i området. I 2023 er det gitt tilskot til to tiltak retta mot ny næringsutvikling i jordbruket.

Hjørundfjorden og Norangsdalen har forvaltningsplan frå 2020, som blei revidert/tilpassa i 2022. Kommunen påpeikar at forvaltningsplanen og retningslinjene fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka.

Samarbeidet mellom dei ulike aktørane på lokalt og regionalt nivå fungerer godt. Området er stort og innholdsrikt, med mange verdier som må takast vare på. Det er eit stort forbettringspotensiale når det gjeld samordning av UKL og verkemiddel frå andre ordningar og sektorar.

#### Eikesdalen

Området fekk status i 2022 og vi har enda ikkje sett effekten av ordninga. Ny forvaltningsplan blei vedtatt desember 2023. I fjor blei det i all hovudsak innvilga tilskot til utarbeiding av skjøtelsesplanar og tilstandsrapportar for bygningar. På sikt vil desse bidra til å ta vare på mange av verdiane i området.

#### Vestnorsk fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden

I verdsarvområdet er det innvilga omlag 4,1 millionar kroner. Av dette har 50 % gått til investeringsstiltak og 50 % til årleg skjøtsel og drift. I verdsarvområdet er største miljøtema landskapsskjøtsel (72 %) og andre næringsretta tiltak (19 %).

Tilskota sjåast på som særskilt viktige for å oppretthalde og styrke landbruket i området. Dette gir både kommunane og søkjarane uttrykk for. Jordbruket bidreg i sin tur til å ivareta verdier knytt til naturmangfald og kulturarv. I tillegg blir det brukt ein del midlar til rein kulturlandskapspleie, der føremålet ikkje er hausting til før. Natur- og kulturmiljøverdiane blir sett på som klart styrka gjennom fleire år. Mellom anna er omfanget av beitinga blitt mykje betre, då det er nytta mykje midlar til rydding og gjerdetiltak.

Det tradisjonelle landbruket i Geiranger har over tid vore under nedbygging. Ein har trass i dette i stor mon klart å halde kulturlandskapet relativt intakt ved bruk av tilskotsmidlar, men marginale areal er prega av gjengroing. Det er få aktive driftssenter med dyrehald att innanfor verdsarvområde, og vidare drift er usikkert. Samtidig er det fleire med driftssenter utanfor som bidreg til skjøtte arealet innanfor. Dette medfører ein del transport som er lite heldig av miljøomsyn.

Med tanke på næringsutvikling blir det i hovudsak gitt tilskot til tiltak som kan sikre fortsatt jordbruksdrift og næringsutvikling innanfor det tradisjonelle jordbruket.

I 2022 vart det utarbeidd og vedtatt ny, felles tiltaksplan for kulturlandskapa for dei to delområda i Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Tilbakemeldinga er at denne fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka.

Samarbeidet mellom dei ulike aktørane på lokalt og regionalt nivå fungerer godt. Vi har også god dialog og samarbeid med Vestnorsk fjordlandskap - delområdet Nærøyfjorden i Vestland - som vi ser på som veldig positivt.

#### Generelt for alle områda

Alle dei fire UKL-områda har hatt god aktivitet i 2023, og kommunane melder om stor interesse for ordninga. Samla er det innvilga i overkant av 3,9 mill. kroner. Av dette er det innvilga 70 % til eingongstiltak/investeringsstiltak og 30 % til årleg skjøtsel og drift. Største miljøtema er landskapsskjøtsel (39 %), andre næringsretta tiltak (22 %) og kulturminne og kulturmiljø (16 %). Prosentandelen tiltak for miljøtema biologisk mangfald er gått opp frå 1 % til 8 %, men fortsatt er det ein del tiltak som kun blir registrert under miljøtema landskapsskjøtsel.

Vi vurderer at alle områda bidreg til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift på ein god måte. Utfordringane varierer noko mellom områda, men den største trusselen mot verdiane i områda er generell gjengroing.

Ordninga krev mykje arbeid frå kommunane si side. Vår vurdering er at det er høg motivasjon blant kommunane for å jobbe med UKL og Verdsarv, men at det i mange tilfelle må prioriterast ned i konkurranse med andre lovpålagte oppgåver.

Både kommunane og grunneigarar er frustrerte over den reduserte tildelinga dei siste åra. Dette fører til mindre føreseielegheit og redusert motivasjon. Her er det likevel meir å hente på betre samordning av tilskot frå ulike ordningar og sektorar.

**Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Ja, for alle områda har UKL-tilskota vore ein viktig faktor for å ta vare på verdiane i områda. Kva for verdiar som blir lagt størst vekt på varierer noko frå området til område. Alle områda er opptatt av å sikre vidare jordbruksdrift og styrke jordbruksrelatert næring, som i stor grad bidreg til å sikre biologiske og kulturhistoriske verdiar. Områda er avhengige av et engasjert og driftig grunneigarar/brukarar for å få gjennomført mange tiltak. Ein kan til ein viss grad styre kva for tiltak som blir gjennomført gjennom forvaltningsplan og årlege retningslinjer, men områda fortsatt avhengig av kva grunneigarar/driverar har ønskjer å gjennomføre.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	I hovudsak er verdiane styrka eller oppretthaldt. Styrking gjeld spesielt kulturminne og kulturmiljø. Skjøtsel av utvalde naturtypar (slåttemark og naturbeitemark) er i dei fleste tilfella styrka eller oppretthaldt. Det blir gjort ein storstilt innsats for å hindre generell gjengroing i områda, gjennom å gi arealltskot, beitedyrtilskot og investeringstilskot til rydding og gjerdning. En del tiltak for biologisk mangfald blir fortsatt registrert under miljøtema «landskapsskjøtsel», og kjem derfor ikkje fram på statikken over miljøtema «biologisk mangfald».
Er det positive trender i områdene?	Ja. Det er stor interesse for og engasjement rundt ordninga, og stor pågang av søknader. Dette antyder at interessa for å ta vare på kulturlandskapet og verdiane er stor. Tilflytting til områder/gardsbruk og investering i driftsapparatet i enkelte område. UKL Eikesdalen, som fekk status i 2022, har fått ei god oppslutning og engasjement rundt ordninga.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift i områdene?	Utfordringane varierer noko mellom områda, men den største trusselen mot verdiane i områda er, som elles i fylket, nedgang i talet på bruk og beitedyr. Dette fører til ei viss gjengroing, som igjen har potensielt negative konsekvensar for heilskapen i landskapet, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø. Mangel på tid og ressursar i kommunane er ei anna utfordring. Ordninga har ei krevjande saksbehandling, med mange søknader om varierte tiltak innanfor mange ulike fagområde. Ordninga er sårbar i kommunar med få landbrukstilsette og mange oppgaver som skal løyast. Til tross for dette erfarer vi at sakshandsamarane i kommunen er engasjerte i UKL, motiverte til å få til gode resultat og har eit godt oversyn over status og tiltak i områda.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift?	Fokus ligg på å oppretthalde og vidareutvikle eksisterande verksemdar, hovudsakleg innanfor det tradisjonelle jordbruket. For aktive bønder kan det vere vanskeleg å ha tid til «anna» næringsutvikling på sida av det som er direkte knytt til drifta. Det er større interesse for tilleggsnæringar i nokon område enn andre. Sunndal og Hjørundfjorden – Norangsdalen og Geiranger har fleire eksempel på næringsverksemd basert på verdiane i områda. I dei to førstnemnde blir potensialet sett på som vesentleg større. Vi er spente på kommande tiltak i Eikesdalen.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Tre av fire UKL- område har gjeldande forvaltningsplan. Alnes (frå 2020), Hjørundfjorden og Norangsdalen (frå 2020, med ein mindre revisjon i 2022), Eikedalen (ny plan i 2023). Fjellgardan i Sunndal har fått laga eit utkast i 2023 og plana vil bli vedtatt i 2024. I Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap har dei to delområda felles plan tiltaksplan (frå 2022).
Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	Ja, tilbakemeldingane frå kommunane er at desse fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert de viktigaste tiltak. Alle områda (med unntak av UKL Alnes) opererer i tillegg med årlege retningslinjer for ordninga. For Eikesdalen som nyleg fekk status og ny plan i 2023, så står der att å sjå.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	Ja, det fungerer på ein tilfredsstillende måte, men har samtidig forbetningspotensial. Kommunane treng i varierende omfang, hjelp og støtte frå Statsforvalteren og regional kulturmiljøforvaltning for å forvalte områda. Vi har «Regionalt forum for UKL- områda og verdsarvområdet» to gonger å i året (starten på året og ved årsslutt). Forumet skal styrke dialogen og stimulere til auka samarbeid mellom områda, forvaltningsnivå og ulike fagmiljø. Utover dette har vi jamnleg kontakt med kommunane etter høve og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Vi jobbar med å betre samordninga av verkemiddel frå ulike ordningar og sektorar. Dette blir sett på som spesielt viktig no som rammene til UKL er blitt reduserte.

**Styrke arbeid og helse som fagområde (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for kartleggingen av tjenestesamhandlingen som er etablert mellom NAV-kontor og kommunenes helse- og omsorgstjeneste
- Redegjøre for felles tiltak for å styrke og bedre tjenestesamhandlingen om tjenestemottakere/pasienter som har behov for tjenester fra NAV og helsestjenesten

Vi viser til kartlegginga som vart gjort av AV-dir og Hdir for nokre år sidan. Spørreskjema gav lite opplysningar til fylkene og det har ikkje vore gjort noko ny kartlegging etter det.

Fem kommunar har deltatt i nettverk for målretta utvikling av tverrfagleg arbeid i kommunen, for eit heilskapleg bu- og tenestetilbod for menneske med ROP-tilingar. Prosjektet er kalla MUST, *Muligheter og utfordringer i Samarbeid på Tvers* og rettar seg spesielt mot personar med behov for langvarige og samansette tenester. I dette arbeidet var NAV ein sentral deltakar saman med Pleie og omsorgstenesta, psykisk helse og rustenesta, fastlegar, brukar- og pårørandeorgansisasjonar og Husbanken.

Fylkeslegen deltok med innlegg om forbetningsarbeid og tilsyn, i NAV sitt kurs for allmennlegar og fastlegar om sykmelding, oppfølging med meir.

**3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk**

Ressursfordelingen på kapittel 0525.01/3525.02 i embetet er fortsatt forholdsvis stabil når hvis man sammenligner 2022 til 2023.

Embetet har gjort tiltak for å nærme oss den sentrale budsjettfordelingsmodellen. Det er fortsatt slik at vi har for stort ressursbruk på HOD området i forhold den sentrale budsjettfordelingsmodellen noko som gjer at det vil fortsatt vere nødvendig å redusere ressursbruken her.

## Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2023	Fagdep. 2023	Kapittel 0525, 2022	Fagdep. 2022
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	2 113	1 795	1 665	2 160
Barn- og familiedepartementet	3 759	1 317	3 279	1 099
Helse- og omsorgsdepartementet	21 018	6 086	19 874	5 207
Justis- og beredskapsdepartementet	6 295	11 205	6 663	11 222
Klima- og miljødepartementet	15 385	8 291	12 211	8 274
Kommunal- og distriktsdepartementet	32 302	117	33 086	926
Kunnskapsdepartementet	9 384	5 364	8 619	3 451
Landbruks- og matdepartementet	14 521	314	13 687	363
Andre	323	219	145	0
<b>Sum</b>	<b>105 100</b>	<b>34 708</b>	<b>99 229</b>	<b>32 702</b>

Auke i ressursbruk kjem stort sett som følge av lønnsendringer. Auka for KMD kjem av vakansar i stillingar i 2022. Auke for kategori andre er opprydding i kva for utgifter som tilhører denne.

### 3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Samla sett meiner vi at Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har levert rimeleg gode tjenester til oppdragsgivarar og innbyggjarar innanfor dei økonomiske rammene vi har rådd over i 2023.

I 2022 oppnådde vi mindre tilfredstillande på tre av våre område;

- tilsyn og klagebehandling etter sosialtjenesteloven
- tilsyn og klagebehandling innen helse- og omsorgstjenester. Lav måloppnåelse på planlagt tilsyn (51% av kravet til aktivitetens volum) innen kommunale helse- omsorgstjenester, og ingen gjennomførte tilsyn i det landsomfattende tilsynet med barne- og avlastningsboliger.
- vi leverer under forventningene til antall tilsyn innafor klima- og miljødepartementet sine område.

Det er gjort omprioriteringar for å betre resultatet for 2023. Vi meiner sjølv at vi har betre måloppnåing i 2023 enn i 2022, men ser at det fortsatt er litt igjen til vi kan kvittere ut full måloppnåing.

SFMR rapporterte pr 31.8. eit forventa mindreforbruk på omlag 1,5 mill. Resultatet pr 31.12. viser eit overforbruk på 1,678 mill.

Etter tertialprognosa beslutta embetet å gå til innkjøp av DFØ HR. Det ga ein eingongskostnad på omlag 900 000. Dette er eit system som vi forventer vil gje ei kvalitetsforbetring i vårt arbeid med rekruttering, medarbeidaroppfølging og medarbeidarutvikling.

Vi har eitt par belastningsfullmakter som ikkje dekkjer aktiviteten fullt ut, som vi må dekkje av eigne driftsmidlar. I oppdragsbrevet frå Helsedirektoratet er vi pålagt ein viss aktivitet ved veiledning av LIS1 leger/fysioterapeuter i fylket. Denne aktiviteten skal dekkjes av belastningsfullmakten. Det er ikkje samsvar mellom fullmakta og oppdraget. I 2023 måtte vi derfor dekkje omlag 350 000 av denne aktiviteten med ordinære driftsmidlar.

Det er krevjande å setje prognose for pensjonsutgifter. Vi fekk eit resultat som var omlag 1.2 mill over sist tilsendte prognose frå SPK, datert i november. Vi har etter eit par år med hendingsbasert pensjon sett kva som vil utløyse ekstra utgifter, og vil ta omsyn til dette ved budsjettering og om naudsynt ha stillinga vakant når medarbeidarar går av med AFP. Dette har også gitt oss eit sterkare insentiv til å gjere tiltak som gjer at våre medarbeidarar står lengst mogeleg i arbeid.

Vi forventer at overforbruket blir overført til 2024, og har tatt høgde for det i budsjettarbeidet.

Det er imidlertid fortsatt slik at det ikkje er samsvar mellom oppdrag og ressurser frå fleire av våre oppdragsgjevarar. Dette gjeld oppdrag frå HOD, JD og KDD. Vi har meldt tilbake at vi ikkje vil ha full måloppnåing på foreløpig tildelingsbrev og i styringsdialogen med dei aktuelle oppdragsgjevarane.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gjort tiltak for å tilnærme oss den sentrale budsjettfordelingsmodellen. Auke i ressursbruk frå 2022 til 2023 kjem stort sett som følge av lønnsendringar. Auka for KMD kjem av at vi hadde vakansar i stillingar i 2022. Auke for kategori andre er opprydding i kva for utgifter som høyrer til denne.



## 4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

### 4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Gjeldande strategiplan er for perioden 2020-2023. Her vart FN's berekraftsmål prioritert, og områda med satsing på Klimasnu og samfunnstryggleik og beredskap vart særskilt løfta fram.

Vi fekk også til å sette av ekstra budsjettmidlar til desse to satsingane. På grunn av trekk i vår budsjetttramme kvart år, er det dessverre ikkje lenger mogleg med ei slik ekstrafinansert satsing.

Gjennom arbeidet med ny organisasjonsstruktur vart det klart at embetet ikkje lenger vil ha ein eigen dedikert strategisk plan som tidlegare. Framover vil det vere FN's berekraftsmål mot 2030 som vil ligge til grunn for embetet sine satsingar.

Embetet har mange store tverrfaglege oppgåver som område-direktørane og embetsleiinga må ta ansvar for å løyse gjennom god samhandling og etablere følgjende samarbeidsgrupper på tvers:

- beredskap
- klima
- berekraft inkl. CRPD
- samfunnsplanlegging
- tilsyn
- folkehelse
- barn og unge
- juridisk
- flyktningar

For 2024 er satsinga å få den nye organisasjonen med samarbeidsgruppene i gong så snart som mogleg slik at vi sikrar eit godt tverrfagleg samarbeid gjennom heile året. Vi ser for oss at desse samarbeidsgruppene skal ivareta arbeidet med mange av dei tverrsektorielle delmåla våre.

Det vil vidare kvart år, som ein del av vår strategi og internkontroll bli utarbeidd eit intern forventningsbrev til alle tilsette.

#### 4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Vi har ikkje gjort endringar i vår risikostyring i 2023.

I vår risikostyringspolicy har vi skissert korleis vi gjennomfører risikostyringa knytt til måloppnåing i embetet. Vi knytter risikostyring til virksomhetsplanarbeidet i embetet, og jobber med kontinuertleg forbetring av alle våre fagområde.

Risikostyringa i embetet starter i strategisk leiargruppe på overordna nivå i oktober/november etter at vi har fått tilsendt foreløpig tildelingsbrev, og før deling av rammer til avdelingane. Strategisk leiargruppe går gjennom dei kritiske faktorane for at vi kan gjennomføre dei måla som er gitt statsforvalteren gjennom tildelingsbrev og hovedinstruksen.

Avdelingane gjennomfører etter dette ROS analyse for alle oppdrag i samband med virksomhetsplanarbeidet i avdelinga, som vert fulgt opp gjennom året. Kvart oppdrag vert plassert i kategoriane grønn, gul eller rødt. Oppdrag som vert plassert i gul og rødt kategori har eit særleg fokus og desse vert tatt opp i resultatstyringsmøte, som embetsleiinga gjennomfører med alle direktørane/stabsleiarane. Det vert gjort ei heilskaplege vurdering på tvers av fagområda om det er mulig å gjere tiltak for at desse oppdraga skal kome over i grøn kategori.

Nødvendige prioriteringar etter risikovurderingane vert så langt som det er råd tilpassa situasjonen i vårt fylke, slik at ulempene vert minst mulig.

Vi melder attende vesentlege risikomoment knytt til oppdrag i tildelingsbrev og hovedinstruks.

Trass i auka tildeling som følgje av ny budsjettfordelingsmodell er det likevel ikkje samsvar mellom ressursar som vert stilt til disposisjon og oppdraga gitt i tildelingsbrev og hovedinstruks. Dette gjer at vi må gjere prioriteringar også for lovpålagte oppgåver.

Vi ser no konturane av at vi gjennom fleire år har fått reduksjon i våre rammer, og for første gong på mange år har vi eit meirforbruk i forhold til tildelt ramme, og vi har likevel ikkje full måloppnåing på våre oppdrag.

#### 4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Delegasjonsreglementet er ein del av internkontrollsystemet og tydeleggjer roller og ansvar i embetet. Avdelingane sine verksemdsplaner tek utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta og gir ei samla oversikt over årlege mål og resultatkrav.

Vi har brukt kvalitetssystemet RiskManager som leiinga sitt styringsverktøy til avviksbehandling, risikovurderingar og revisjonskontroll av dokumenter, prosedyrer og retningslinjer.

Alle avvik knytt til informasjonssikkerheit, HMS og tjenestekvalitet vert meldt i Risk Manager.

Vi har flytta alle dokument inn i styringsbiblioteket og tatt i bruk midlertidig avviksløysing til vi får på plass erstatning for Risk Manager.

Alle våre referat frå leiarmøte, AMU og IDF (tillitsvalte) er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

I 2023 har vi utarbeidd eit felles dokument som fletter saman "Informasjonssikkerhetsinstruks for fylkesmannsembetene og STAF" og vår eigen informasjonsinstruks slik at tilsette berre treng å forhalde seg til ein instruks.

I starten av året gjennomførte vi saman med bedriftshelsetenesta ei grovkartlegging av HMS-systemet vårt. Det vart då sett på om vi hadde oversikt over rutinar og retningslinjer for aktuelle HMS-dokument og om desse var dekkande for aktiviteten vår. Det vart ikkje meldt avvik i denne gjennomgangen.

#### 4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Nivået på turnover, som vi fekk under og etter korona, har halde seg stabil lav. Vi opplever å ha tilstrekkeleg søkjarmasse til dei fleste av våre kunngjorte stillingar, men opplever at det kan vere utfordrande å få kvalifiserte søkjarar med rettsvitenskapleg kompetanse. Dette gjeld særleg innafør fagområde der vi konkurrerer om arbeidskrafta med kommunane.

Det har mellom anna ført til utfordring for handsaming av plan- og byggesaks-klager, der vi dessverre har fått ei auke i saks-behandlingstida. For å unngå at dette vert ei ulempe for prosjektgjennomføring i kommunane og i byggebransjen har vi sett oss nøydd til å lage avtalar med andre embete om nabohep, for å kunne halde eit forsvarleg nivå på vår saksbehandlingstid.

#### 4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Fagavdelingane har oversikt over eige utstyr for bruk i arbeidet utafør embetet. eks. Herje genbank. Elles har vi ikkje eige delar av vesentleg verdi.

#### 4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2022.

Riksrevisjonen har gjennomført oppstartsmøte hausten 2023 for revisjon av 2023. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsberetning er forventa å vere klar i 2. kvartal 2024.

##### Status for informasjonssikkerhetsarbeidet:

Vi har hatt 6 avvik som gjeld informasjonssikkerheit i 2023. Avvikta handlar om sending av brev til feil mottakar og manglande sladding av personsensitiv informasjon. Alle avvik er handtert og rutiner gjennomgått for å unngå slike hendingar i framtida. 1 av avvikta vart meldt til Datatilsynet, det er gjennomført tiltak for å lukke avviket og begrense konsekvensane av dette. Datatilsynet har gitt tilbakemelding om at dei har lukka saka.

Våre tilsette har delteke på STAF sitt obligatorisk kompetansetiltak der tilsette får tilsendt phising epostar og mikroopplæring og eigen leiaropplæring knytt til Nasjonal sikkerhetsmåned. Vi valgte derfor å ikkje å melde oss på Nasjonal sikkerhetsmånedopplegget etter å ha delteke årleg på dette sidan 2013.

Informasjonssikkerhetsutvalget i embetet har i 2023 utarbeidd eit felles dokument som fletter saman "Informasjonssikkerhetsinstruks for fylkesmannsembetene og STAF" og vår eigen informasjonsinstruks slik at tilsette berre treng å forhalde seg til ein instruks.

#### 4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

##### HMS/Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø handlar om korleis arbeidet vert planlagt, organisert og gjennomført og bygger på interkontrollforskrifta sine krav om eit kontinuerleg og systematisk HMS-arbeid.

Statsforvaltaren utarbeider ein statusrapport om HMS-arbeid kvart år i tråd med internkontrollforskrifta som viser kva vi har prioritert og jobba med, kva vi har lukkas med og kva vi kan bli betre på. Rapporten samanfatar resultat frå kvartalsvise tilbakemeldingar frå avdelingane/stabane, resultat etter vernerundar, avviksmeldingar og aktuelle tema som har blitt løfta fram gjennom året.

I starten av året gjennomførte vi saman med bedriftshelsetenesta ei grovkartlegging av HMS-systemet vårt. Det vart då sett på om vi hadde oversikt over rutinar og retningslinjer for aktuelle HMS-dokument og om desse var dekkande for aktiviteten vår. Det vart ikkje meldt avvik i denne gjennomgangen.

I det systematiske HMS-arbeidet har vi i 2023 jobba med å få ei felles forståing av kva vi legg i omgrepet arbeidsmiljø. Vi har i 2023 halde fram med

uformelle HMS-lunsjar der både leiarar, tillitsvalte og verneombod har delteke. I år fulgte vi Arbeidstilsynet sine webinar om faktorar som er helsefremmande for å auke vår kompetanse til å saman jobbe kunnskapsbasert med arbeidsmiljøet vårt.

Vi har i 2023 hatt 13 HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til manglande temperaturstyring og ventilasjonsstøy.

#### **Allmøte/Felles samlingar**

I 2023 har vi grunna vår interne organisasjonsprosess hatt fleire samlingar for dei tilsette. Vi har som normalt hatt allmøte.

#### **Likestilling og mangfold**

I embetet er det no 107 kvinner og 39 menn, fordelinga mellom kvinner og menn er på same nivå som dei siste åra.

Også på leiarnivået er det ei overvekt av kvinner. Fleire kvinner enn menn har deltidstilling grunna omsorg for små born. Deltidsstillingar har vi berre der dette er eit ønske frå arbeidstakar.

Vårt kontorlokale og kontorutstyr er universelt tilrettelagte. I 2023 laga ei partsamansett gruppe forslag til nye retningslinjer for heimekontor og sporadisk fjernarbeid i tråd med den nye hjemmekontorforskriften slik at tilsette, der det er mulig i ft. arbeidsoppgåvene, har fleksibilitet for arbeid heimafrå enten som ei fast eller sporadisk ordning.

Vi har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar med nedsatt funksjonsevne og eller hull i cv og har deltatt på traineeprogrammet i staten. Alle våre leiarar har gjennomført e-læringsprogram om mangfoldsrekruttering.

Vi har få søkarar til våre stillingar med innvandrarbakgrunn.

#### **Sjukefråvær**

Det normale for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er eit jamnt over lågt sjukefråvær, men med svingningar. I 2023 hadde vi eit lågare sjukefråvær enn 2022. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal jobber systematisk med nærværarbeidet.

#### **Internt berekraftsarbeid**

Som ei naturleg oppfølging av embetet sitt fokus på berekraftsarbeid, søkte vi på nytt om å bli Miljøfyrtårnsertifisert i 2023, etter å ha vore ute av ordninga sidan 2017. Fleire av våre interne klimatiltak vil som ei følge av vår miljøfyrtårnsertifisering verte fulgt opp strengare, slik at vårt klimaavtrykk vil verte så lavt som mogeleg.

#### **Bedriftshelseteneste**

Vi har avtale med Astero som bistår oss med å skape sunne og trygge arbeidsmiljøforhold og bidreg med si kompetanse i arbeidsmiljøspørsmål og -utfordringar.

### **4.3 Andre forhold**

#### **4.1.2 Lærlingar**

Vi har også i år hatt studentar inne i praksisperioder, men vi har ikkje lukkast å få lærling innafor service- og administrasjonsfaget som er det området vi vurderer som det einaste fagområdet der vi kan tilby opplæring som er i tråd med læringsmåla.

Vi har også i 2023 hatt studentar inne i sommervikariat og i reduserte stillingar gjennom året.

#### **4.1.3 Konsulentbruk**

Regnskapet viser at embetet samla brukte 1,9 mill. på konsulenter i 2023. Dette er ei auke i forhold til 2022 og auken er knytt til ekstern bistand i samband med organisasjonsevaluering, juridisk bistand og ordning av arkivmaterial for avlevering.

Vi har ikkje brukt konsulent innan kommunikasjonsbransjen.

#### **4.1.4 Desentralisert arbeid**

Det vert arbeidd med ein ny campus i Kristiansund og i samband med ferdigstilling av denne vil Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sjå på muligheiten for å kunne ha desentraliserte arbeidsplassar som er knytt til kontorfellesskap både i Kristiansund og i Ålesund, dette som eit rekrutteringstiltak og for å behalde kompetanse.

## 5 Vurdering av framtidutsikter

### 5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Framtidutsiktene fekk vi jobba godt med i VIDSYN-programmet. Det førte til at vi satte i gong ein stor omstillingsprosessen i 2023. Målet var å bygge ein ny organisasjonsstruktur som er betre samordna, meir robust og framtidretta enn den organiseringa vi har hatt dei siste 10 åra. Ei av utfordringane for både stat og kommune er sektoriseringa. Vi må greie å samordne og samhandle betre, på tvers av fagområda, for å sikre betre måloppnåing. Utsette barn og unge er eit slikt døme, som krev mykje samhandling.

Ei anna stor og urovekkande utfordring er tryggingssituasjonen i verda pga mellom anna krigen i Ukraina og Gaza. For å vere meir førebudd har SFMR tatt initiativ til lokale totalberedskapskurs for toppleiarar frå offentleg og privat sektor. Kurset går over 5 dagar og blir gjennomført i mai 2024.

Vi må omstille oss, og antakeleg løyse oppgåver på heilt andre måter enn vi gjer i dag. Kanskje kan/må embeta jobbe meir på tvers i saker som ikke er avhengig av geografi. Til dømes separasjon og skilsmisser.

Kunstig intelligens vil stå sentralt i korleis vi løyser våre oppgåver i framtida. Dette vil også kunne hjelpe oss med "harmonisering" i sakshandsaminga.

### 5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Stramme økonomiske rammer, auka oppdragskrav og ikkje minst utfordringar med å rekruttere inn riktig fagkompetanse er det som vil utfordre oss mest i åra framover.

Vi ser at summen av det kommunane vil i areal- og miljøpolitikken, ikkje er samanfallande med våre målsettingar og forpliktelsar som nasjonal stat. Det er Statsforvaltaren som har flest motsegner og som dermed i praksis er den viktigaste aktøren for å redusere nedbygging av urørt natur.

Noreg sine forpliktelsar om å redusere våre klimautslipp med 55 % innan 2030 synes krevjande. Vi treng fleire verty og strengare reglar frå nasjonale myndigheiter. Som eit informasjonstiltak har SFMR laga ein eigen kortfilm om folkevalde sitt ansvar opp mot berekraftsmåla.

[Korleis få berekraft inn i planlegginga? - Opplæring i plan for politikarar \(youtube.com\)](#)

## 6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)

## 7 Vedlegg

### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	- 1 678.0
Budsjettavvik (%)	- 1.6 %

### Husleie

Husleie (tusen kr)	8 739.0
Husleie (% av driftsutgifter)	8.3 %

Utgifter til leie har gått ned fra 9186 i 2022, ein nedgang tilsvarande 9,3%

### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	74 643	42 411	32 232

### Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
052501	105 593
052521	7 054
Post 01 (unntatt 052501)	19 522
Post 20-29 (unntatt 052521)	82 675
Post 30-39	14 090
Post 40-49	0
Post 60-69	59 649
Post 70-79	10 367
Post 80-89	4 868

### Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 536.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.9 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	326.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	3.7 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 210.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	5.4 %
Antall legemeldte sykedager for menn	242.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	2.7 %
Avtalte arbeidsdager for menn	8 865.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	828.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	3.7 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	22 237.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	84.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.9 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	383.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.7 %

Vi har ein nedgang i sum sjukefravær frå 5,4% i 2022 til 4,9% i 2023.

## Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Arslønn kvinner	Arslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	107.0	73.3 %	39.0	26.7 %	714 923.0	683 830.0	104.5 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	8.0	88.9 %	1.0	11.1 %	1 140 625.0	976 300.0	116.8 %
Kategori 2: Seksjonsjef/Ass dir	7.0	70.0 %	3.0	30.0 %	912 414.0	951 180.0	95.9 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	56.0	73.7 %	20.0	26.3 %	700 468.0	693 845.0	101.0 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	32.0	80.0 %	8.0	20.0 %	613 046.0	633 008.0	96.8 %
Kategori 5: Kontorstillinger	4.0	66.7 %	2.0	33.3 %	535 290.0	545 248.0	98.2 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	5.0	100.0 %	0.0	561 613.0	0.0 %
Kategori 7: Lærlinger							

Andel kvinners lønn av menns lønn er 104.5%, litt lavere enn i 2022. I 2023 har alle kategoriene hatt ei positiv utvikling i forhold til 2022.

## Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Totalt antall årsverk	127.5
Totalt antall årsverk for kvinner	91.3
Totalt antall årsverk for menn	36.2
Totalt antall årsverk for faste stillinger	123.2
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	4.3
Sum andel administrasjon	4.5 %
Økonomi	0.8
Lønn	0.9
Personal	1.8
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.3
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgaver - Innkjøp 0,2, Kursadministrasjon 0,5, Digital medarbeidar 0,5

## Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Turnover i prosent	5.5 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	127.6
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	7.0
Totalt antall ansatte som sluttet	12.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	5.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	7.0

5,5% i 2022 også !

## HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	107	39	146
Sum antall deltidsansatte	12	2	14
Sum antall midlertidige ansatte	2	1	3
Sum antall ansatte med personalansvar	12	3	15
Ufrivillig deltid	0	0	0

## Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	105 100.0
Administrativ kostnadsdekning	8 008.0
Brutto driftsutgifter	113 108.0
Lønn 052501	94 107.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	83.2 %

omtrent samme % som i fjor (83,3%)

## HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2023
Sum antall ansatte	146
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	6
Antall ansatte 30 - 39 år	29
Antall ansatte 40 - 49 år	42
Antall ansatte 50 - 59 år	48
Antall ansatte over 60 år	21
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	35
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	173
Antall kvinner i foreldrepermisjon	1
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	5
Dagsverk foreldrepermisjon menn	74
Antall menn i foreldrepermisjon	3